




Kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029

Samfunnsdelen vedtatt i kommunestyret 04.04.17

Arealdelen vedtatt i kommunestyret 20.06.17

1.0 Innleiing	2
2.0 Planprosess.....	3
3.0 Visjon, verdigrunnlag og overordna mål	6
4.0 Utviklinga i Vindafjord	7
4.1 Folketalsutviklinga	7
4.2 Framskriving av folketal.....	11
4.3 Sysselsetting og næringsverksemd.....	12
4.4 Innvandrarar og flyktningar	14
4.5 Bustadar og hushald	16
4.6 Utviklinga den siste tida	18
5.0 Satsingsområda	19
5.1 Levande bygder	19
5.2 Handelkraftig kommune og samfunn.....	26
5.2.1 Vindafjord i regionen.....	26
5.2.2 Næringsutviklinga i Vindafjord	26
5.2.4 Infrastruktur	28
5.2.5 Samfunnsutvikling	29
5.2.7 Kommunen som organisasjon	30
5.3 Berekraftig arealforvaltning	36
6.0 Arealdelen	40
6.1.Planprogrammet	40
6.2 Innspel	40
6.4 Planforslaget.....	41
6.5 Vedteken plan - arealføremål og omsynssoner	41
6.5. 3 Næringsområde.....	44
6.5.5 Kombinerte føremål	45
6.5.6 Offentleg eller privat tenesteyting	45
6.5.7 Fritids- og turistføremål.....	46
6.5.8 Råstoffutvinning	46
6.5.9 Naustområde.....	46
6.5.10 LNF-område	46
6.5.11 Omsynssoner	47
7.0 Føresegner og retningslinjer til arealdelen	49

1.0 Innleiing

1.1 Lovgrunnlag

Du les nå kommuneplanen for Vindafjord kommune 2017-2029. Denne planen er kommunen sitt overordna dokument, vårt viktigaste styringsverktøy i åra framover. Det er i denne planen at dei langsiktige måla våre er forankra. Kommuneplanen inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel. Planperioden strekker seg over ein periode på 12 år. Samfunnsdelen og tema i arealdelen er retningsgivande for kommunen si vidare planlegging. Arealdelen med utfyllande føresegner er juridisk bindande for kommunen si arealforvaltning.

I medhald av plan- og bygningslova §§ 3-1, 3-2 og 3-3 har kommunen planoppgåver og planleggingsmyndigheit. Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. I arbeidet med **planstrategien** skal ein drøfte kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling; som langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og kommunen sitt planbehov i valperioden. Ved handsaming av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande **kommuneplan** eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Plan- og bygningslova stiller krav til innhald og handsaming av kommuneplanar, og til at kommuneplanen skal ha ein samfunnsdel, ein arealdel og eit handlingsprogram.

I **samfunnsdelen** skal ein ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for heile kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal også gi mål og retning for arealbruken og føringar for utforming av plankartet og føresegnene. Han skal vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Vidare skal samfunnsdelen omtale og synleggjere kommunen si utvikling og potensiale i regional samanheng.

Samfunnsdelen omhandlar tre satsingsområde. Desse satsingsområda skal gjevast særskilt merksemd og ressursar i kommande planperiode. Satsingsområda bygger på utviklingstrekk og status som er omtalt i kapitla 4 og 5. Satsingsområda inneheld mål (dette ønsker me) og for kvart av desse måla nokon strategiar (slik gjer me). Strategiane er ikkje konkrete når det gjeld tiltak som skal settast i verk, men saman med måla skal dei danne grunnlag for kommunen sitt meir detaljerte handlingsprogram og økonomiplan for dei næraste åra.

Arealdelen består av ein kartdel som viser disponering av kommunen sine areal med føresegner og retningslinjer, og ein utfyllande tekstdel (planskildringa) med konsekvensutgreiing.

Den kortsiktige delen av kommuneplanen er eit **handlingsprogram** for alle sektorane si verksemd dei næraste fire åra. I Vindafjord vil den kortsiktige delen vere identisk med kommunen sin økonomiplan.

1.2 Rammevilkår

Statlege og regionale føresetnader:

- Plan og bygningslova
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, barn og unge, samordna areal og transportplanlegging, samt vassdirektivet
- Regionalplan for areal og transport på Haugalandet
- Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, natur og kultur (FINK)
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

- Regional plan for havbruk – Rogaland
- Andre fylkesdelplanar for; samferdsel, kystzone, energi og klima, landbruk, næringsutvikling m.fl.

Kommunale føresetnader:

I planprogrammet blei det bestemt at samfunnsdelen skulle reviderast i sin heilskap. Undervegs i planprosessen er det gjort ei prinsippavklaring for kva satsingsområde Vindafjord kommune skulle ta med i den nye planen. Vidare har det vore ei målsetting å knytte samfunnsdelen og arealdelen betre saman.

Planprogrammet avgrensa revisjon av arealdelen til å omfatte:

- Område for bustader, inkludert LNF-område for spreidd bustadbygging.
- Område for næring.
- Arealformåla knytt til desse sentra: Ølen, Vikedal, Sandeid, Skjold, Ølensvåg, Knapphus, Vikebygd og Kårhus
- Omsynssone knytt til framtidige veganlegg

2.0 Planprosess

Utgreiingar som ligg til grunn for og er ein del av arbeidet med kommuneplanen:

- Heilskapleg ROS for Vindafjord kommune, 2013
- Rapporten «Utviklingstrekk i Vindafjord kommune» (inneheld tal for folketalsutvikling, arbeidsmarknad og tomter/type bustadar m.m.), 2016
- Folkehelseprofil Vindafjord, 2015
- Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø, 2015
- Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg, 2015
- Kommunedelplan for E134 Bakka-Solheim, 2015
- Plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune, 2017

Planar som er gjennomført siste fire år:

- Hovudplanar for vatn og avløp, 2016
- Helse og omsorgsplan, 2015
- SLT-handlingsplan, 2015
- Strategiplan for kulturskulen, 2015
- Kompetanseplan, 2015
- Bustadsosial handlingsplan, 2014
- Plan for folkehelse, 2014
- Plan for vedlikehald av kommunale bygg, 2012
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan, 2013

Formannskapet har vore styringsgruppe.

Arbeidsgruppa for samfunnsdelen har vore: rådmann, kommunalsjefar, einingsleiarar for kultur, kommunaltekniske tenester og areal og forvaltning, samt folkehelseinspirator, seniorrådgjevar plan og rådgjevar plan.

Arbeidsgruppa for arealdelen har vore einingsleiar kommunaltekniske tenester, einingsleiar areal og forvaltning, seniorrådgjevar plan og rådgjevar plan.

Politisk arbeidsseminar med styringsgruppa, utvalsleiarane og arbeidsgruppa

Samfunnsdelen av kommuneplanen er ein del av kommunen si strategiske planlegging. Formålet (med denne planlegginga) er å tolke, drøfte og erkjenne viktige utviklingstrekk og utfordringar. Perspektivet er langsiktig og innhaldet bør ideelt sett kunne stå uendra noko tid. For å lukkast med å gjere samfunnsdelen retningsgivande for kommunen si utvikling, må innhaldet i planen både vere kjent og erkjent. Aktiv deltaking i planprosessen bidrar til dette. Som ledd i planprosessen blei det arrangert eit politisk arbeidsseminar 08.12.14. Dette seminaret hadde til hensikt å gjere styringsgruppa delaktig i planprosessen utover det å fatte vedtak ved prinsippavklaringar.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er verktøyet for kommunen si heilskaplege planlegging. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutviklinga og synleggjere dei strategiske vala kommunen tar. På arbeidsseminaret presenterte arbeidsgruppa for samfunnsdelen status og utfordringar for dei ulike fagområda i kommunen (oppvekst, helse, folkehelse, kultur, kommunalteknisk og plan) for styringsgruppa (utvida med utvalsleiarane) for kommuneplanarbeidet.

Som eit ledd i planprosessen arbeidde styringsgruppa med utfordringane på arbeidsseminaret. Seminardeltakarane arbeidde i grupper og aktiv deltaking gav mange og forskjellige forlag til utfordringar. Avslutningsvis kom kvar gruppe fram til ei felles prioritering av dei viktigaste hovudutfordringane. Neste steg i planarbeidet var å definere satsingsområda.

Val av satsingsområde har rot i dei prioriterte utfordringane som kom fram i arbeidsseminaret, men samtidig har ein ivaretekt dei føringane som ligg i vedtekte planprogram. Dei seks tema som i planprogrammet er liste opp å ha relevans for planarbeidet, er bygd på vurderingar i høve til nasjonale og regionale forventningar og kommunen sine eigne planar. Ser me desse saman med prioriterte utfordringar, får me eit grunnlag for val av satsingsområda.

Med kommunen sin visjon og sitt verdigrunnlag i botn for all kommunal verksemd og med prioriterte utfordringar som bakteppe, vedtok styringsgruppa satsingsområda:

- levande bygder (oppvekst, livskvalitet, folkehelse og kultur)
- handlekraft (regionalutvikling, verdiskaping og næringsutvikling, innovasjon, infrastruktur)
- berekraftig arealforvaltning (samferdsel, klima og miljø, tettstadsutvikling, samfunnstryggleik og jordvern).

(Emna i parentes illustrerer kva slag emne som kunne vere aktuelle innanfor desse ulike satsingsområda. Lista med emne/underpunkt til satsingsområda er ikkje uttømmende, men var meint som retningsgivande for vidare arbeid med planen.)

Vindafjord – ein kommune med levande bygder, handlekraftige menneske og ei berekraftig arealforvaltning!

Medverknad

Grendeutval og folkemøte

I mars 2015 vart det gjennomført møte med kvar av dei 9 grendeutvala i kommunen. Intensjonen med desse møta var å informere om planarbeidet og invitere grendeutvala aktivt med i planprosessen. Dei var medarrangør av dei påfølgande folkemøta som blei gjennomført i perioden mai-juni i alle bygdene. På folkemøte vart det orientert om plan-

arbeidet og det vart gjennomført gruppearbeid med utgangspunkt i dei tre vedtekne satsingsområda: levande bygder, handlekraft og berekraftig arealforvaltning.

For kvart av desse punkta vart det stilt følgjande spørsmål:

- Kva er vi gode til?
- Kor har vi klare utfordringar og forbetningspunkt?
- Korleis kan vi ta tak i utfordringane for å forbetre oss?

Engasjementet var stort hos dei frammøtte og det kom inn mange innspel om kva som er viktig for bygdene; både det som kommunen kan gjera noko med og kva bygdefolket sjølve må ta tak i. Det som kom fram i folkemøta at bygdene var opptekne av, kan oppsummerast med følgjande stikkord:

- å bygge gang- og sykkelveggar
- få betre vegar
- at barnehage og skule = levande bygder
- at me skal kunne bu kor me vil
- nett og mobildekning til alle
- trygge og aktive lokalsamfunn og
- sentrum

Alle innspela blei nedskrivne. I etterkant av folkemøta vart grendeutvala utfordra til å peika ut det dei ser som viktigaste for bygda og ev. prioritera dette. Med unntak av eit, svara alle grendeutvala på denne utfordringa.

Ungdomskonferanse

Det var tydeleg at folkemøta var ein arena for den vaksne delen av befolkninga.

Arbeidsgruppa såg derfor behovet for også å nå den oppveksande generasjon. 12.06.15 samla kommunen alle 10.-klassingane i kommunen i Skjold Arena til ein tenkedugnad med utgangspunkt i følgjande spørsmål:

- Kva er det verste med å bu i Vindafjord?
- Kva er det beste med å bu i Vindafjord?
- Korleis skal Vindafjord bli ein betre plass å bu?

Møtet med ungdommane gav oss eit tydeleg bilde av kva som var viktigast for dei; kollektivtilbod og møteplassar.

I oktober vart det gjennomført eit møte med Medvind Næringshage og Fikse Næringsutvikling. Det var ønskeleg å få innspel frå dei spesielt i høve til næringsareal. Dei var tydelege på at Nerheim burde bli prioritert og utvikla. Dei gav og kommunen støtte for at næringsareal som lite sannsynleg vil få etableringar, burde tas ut av planen.

Det har vore kontakt med og halde møte ved representantar for Vindafjord tomteselskap for innspel om bustadareal.

Parallelt med folkemøta vart også planarbeidet kunngjort med frist for innspel sett til 15. juni 2015, men innspel komme inn etter dette er også tekne med.

Det som kom fram gjennom medverknad frå alle partar i planprosessen og særskilt grendeutvala sine prioriteringar, er tillagt stor vekt i det vidare arbeidet med mål og strategiar. Under vegs i planprosessen har det vore møte i arbeidsgruppa med gjennomgang og vurdering av prosessmateriale (frå arbeidsseminaret, folkemøta og ungdomskonferansen) for å også få ei fagleg forankring av mål- og strategiarbeidet. Arbeidet med mål og strategiar har også vore tema på ei av kommunen sine leiarsamlingar. Dei ulike einingane har så arbeidd

med materialet og endeleg innspel til mål og strategiar vart til slutt lagt fram for strategisk leiargruppe for ein siste gjennomgang før politisk handsaming. For kvart av satsingsområda er det definert delmål («dette ønsker me») og strategiar («slik gjer me») for å nå måla. Ordlyden «dette ønsker me» og «slik gjer me» er eit bevisst val, då det gir ei tydelegare og meir folkeleg formidling av kva me vil arbeide for.

I planprosessen er også viktige problemstillingar lagt fram for Planforum der statlege og regionale styresmakter møtte.

3.0 Visjon, verdigrunnlag og overordna mål

Kommunen sin visjon er «Vindafjord kommune - vital og sentral». I ordet vital ligg evne til å leve, til å vere livskraftig. Vital peikar også mot omgrepet helse, om det å vere sprek og ungdommeleg. Vital er såleis godt dekkande for kommunen sin tanke om å vere ein livskraftig kommune på indre Haugalandet. Kommunen vil også med omgrepet vital seie noko om si evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg føre. Kommunen skal vere pro-aktiv i sine prioriteringar og val. I omgrepet vital legg kommunen også betydinga av å vidareutvikla levande bygder og nytte den krafta som ligg i bygdeengasjementet for ei positiv utvikling for alle innbyggjarane. Kommunen skal vere stadig på leit etter betre løysingar for innbyggjarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Omgrepet sentral kan tydeleggjerast med ord som midtpunkt, sentrum eller viktigaste del. Vindafjord vil med sentral peike på si geografiske plassering og ambisjonen om å vere eit sentrum for det indre Haugalandet. Denne ambisjonen forpliktar i høve til utvikling av Ølen sentrum og å legge til rette for næringsutvikling og vekst. Kommunen ønsker også å vere sentral med tanke på kor folk ønsker å busette seg og arbeide og kor verksemdar ønsker å etablere seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommunen, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

På bakgrunn av ei spørreundersøking og folkemøte i samband med kommunesamanslåinga fekk verdiane trivsel, handlekraft og levande bygde størst oppslutning. Desse verdiane er gjensidig avhengig av kvarandre. Me har levande bygder dersom trivsel og handlekraft er til stades og vice versa.

Trivsel – Me skal vere ein kommune der innbyggjarane trivst og har det godt. Dette handlar m.a. om gode sosiale relasjonar, trygge nærmiljø og eit godt tenestetilbod.

Handlekraft – Me skal vere ein kommune og eit samfunn som har handlekraft. Dette handlar om at me skal ha eit sterkt næringsliv og innbyggjarar med initiativ og stå-på-vilje. Me skal også ha ein sunn kommuneøkonomi som gir oss handlingsrom og fleksibilitet.

Levande bygder – Me skal oppretthalde eit desentralisert busettingsmønster. Det skal også i framtida vere mogleg å busette seg i alle dei ni bygdene og oppleve at det er mogleg gjennom eit heilt, langt liv. Bygdene må derfor ha moglegheiter for busetting og næringsetablering.

Kven er me?

Det er innbyggjarane, dei folkevalte og dei tilsette i Vindafjord kommune, med andre ord ALLE.

Dei siste økonomiplanperiodane har ein lagt fem overordna mål til grunn. Desse

overordna måla støttar opp under visjonen om å vere ein «vital og sentral» kommune og er føresett gjeldande også for kommande kommuneplanperiode:

1. Den kommunale tenesteytinga skal vere prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplev meistring av eigen kvardag og eige liv.
2. Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vere prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
3. Vindafjord kommune skal vere i framkant av utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prege organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikle god praksis.
4. Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
5. Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

4.0 Utviklinga i Vindafjord


I dette kapitlet presenterer me viktige utviklingstrekk i Vindafjord kommune. Så nær som all statistikk er henta frå rapporten «Utviklingstrekk i Vindafjord kommune» datert 09.08.2016 som er ei delutgreiing i samband med kommuneplan- og planstrategiarbeidet. Rapporten ser på utviklinga i Vindafjord kommune, samstundes som ein trekk linjer opp mot regional og nasjonal statistikk. I rapporten er Haugalandet nytta som referanse. Statistikken er i hovudsak henta frå SSB sin statistikkbank i løpet av mai 2016, og tala er oppdatert til nyast tilgjengelege data på dette tidspunktet. På bakgrunn av at det har skjedd mykje på arbeidsmarknaden det heilt siste året, har me nokre stadar i kommuneplanen henta nyare tal for arbeidsløysa, men der det er gjort går det tydeleg fram kor tala er henta frå.

4.1 Folketalsutviklinga

Folketalsutviklinga er kanskje den mest sentrale faktoren når kommunen skal planlegge framtida. Det er viktig å sjå på utviklinga i regionen kommunen høyrer til i, i tillegg til sjølve kommunen. For den kommunale planlegginga er det òg viktig å finne sentrale utviklingstrekk, og vurdere i kva grad kommunen kan påverke utviklinga i ønska retning. Figur 1 viser at Vindafjord kommune hadde per 01.01.2016 8788 innbyggjarar. Frå 1990 utgjer dette om lag 9,6 % auke (768 innbyggjarar). For Haugalandet har auken i same tidrom vore på ca. 22 % og for Rogaland fylke 40 %. Tilveksten har vore svakar dei siste par åra (sidan 2014). Veksten har dei siste fem åra (2011-2016) vore på om lag 5,9 %, som er den same prosenten som Haugalandetregionen har hatt i same periode. Rogaland fylke har hatt 7,8 % vekst i same periode.

Nyaste tal for Vindafjord :


- Innbyggjartal 01.01.2017: 8828
- Innbyggjartal 01.01.2016: 8788
- Innbyggjartal 01.01.2015: 8765
- 23 nye innbyggjarar siste år fordeler seg slik:
fødselsoverskot: 8
netto innflytting: 16



Figur 1 Folketalsutvikling i perioden 2006-2014 i Vindafjord kommune. Kjelde SSB, befolkning


Figur 2 viser utviklinga i folketal i Vindafjord kommune i perioden 1994-2015. I denne perioden har kommunen hatt periodar med negativ netto innflytting, men har alltid hatt positivt fødselsoverskot. Det har sidan 2009 vore ei positiv folketilvekst i kommunen. 2012 var eit toppår for nettoinnflytting til Vindafjord kommune, med 125 personar. I 2014 var nettoinnflyttinga negativ (-13 personar). Fødselsoverskotet har halde seg relativt stabilt dei siste fem åra, og har variert mellom 30 og 43 personar. Auken i folketallet dei siste fem åra skuldast i stor grad innflytting.

Med eit stabilt fødselsoverskot og ei positiv netto innflytting har kommunen eit godt utgangspunkt for utvikling og vekst. Arbeidsinnvandringa er hovudårsaka til netto innflytting, eit viktig og kjærkomme bidrag til vår vekst, men me har på bakgrunn av fødselsoverskotet også eit potensiale for å få fleire av våre ungdomar til å etablere seg her/komme tilbake etter fullført utdanning.



Figur 2 Fødselsoverskot, nettoinnflytting og folketilvekst i Vindafjord kommune i perioden 1994-2015. Kjelde SSB, Befolkning

Ølen er største bygdelaget med 1749 innbyggjarar i 2016. Bygdene Skjold, Vats og Sandeid følgjer etter med respektive 1515, 1277 og 1089 innbyggjarar i 2016, sjå figur 3. Imsland, Bjoa og Vikebygd er dei bygdene med færrest innbyggjarar i 2016, med respektive 310, 492 og 546 innbyggjarar.



Figur 3 Utvikling av innbyggjartal i bygdene i Vindafjord for utvalde år. Kjelde SSB, folkemengd.


Figur 3 viser endringa i folketal for kvar av bygdene i Vindafjord. Endringa frå 1987 til 2016, og endringa frå kommunesamanslåinga i 2006 til 2016 er inkludert i tabellen. Alle bygdene kan visa til ein auke i folketalet frå 2006 til 2014. For Sandeid har det vore ein markant auke på om lag 14,8 prosent etter kommunesamanslåinga. I Vats, Ølen og Ølensvåg er veksten òg vesentleg med 12-13 prosent auke i folketalet i perioden 2006-2016.

Ser ein tala over ein lengre tidsperiode frå 1987 til 2016 (figur 4) har Vikedal, Imsland og Bjoa opplevd ein reduksjon. Reduksjonen har vore størst i Imsland, der er folketalet heile 21 prosent lågare i 2016 enn i 1987. Dei andre bygdene har høgare folketal i 2016 enn i 1987. Veksten har vore klart størst i bygdene Ølen og Ølensvåg, men Vats og Skjold har òg hatt ein tydeleg auke. For nærare informasjon om folketilveksten på grunnkrinsnivå kan ein sjå i rapporten «Utviklingstrekk i Vindafjord kommune (aug.2016) side 14-20.

	Skjold	Vats	Sandeid	Vikedal	Imsland	Ølen	Ølensvåg	Bjoa	Vikebygd
2006-2016	170	102	140	11	6	203	100	18	19
%-vis endring	12,6 %	8,7 %	14,8 %	1,3 %	2,0 %	13,1 %	12,1 %	3,8 %	3,6 %
1987-2016	183	151	50	-78	-82	497	232	-45	10
%-vis endring	13,7 %	13,4 %	4,8 %	-8,5 %	-20,9 %	39,7 %	33,4 %	-8,4 %	1,9 %


Figur 4 Endring av folketal i bygdene over tid. Kjelde SSB, folkemengd.

Figur 5 viser alderssamansetnaden i Vindafjord kommune i 2016 samanlikna med landsgjennomsnittet (vist som nullpunktet i figuren). Vindafjord har ein noko høgare prosentdel barn og ungdom (0-19 år) enn landsgjennomsnittet. Skilnaden utgjør i underkant av 1 %. Kommunen har òg ein høgare prosentdel i gruppa 80 år og eldre enn landsgjennomsnittet. Den mest markante forskjellen mellom Vindafjord og nasjonalt gjennomsnitt er i aldersgruppa 20-44 år. Prosentdelen av innbyggjarar i denne gruppa er om lag 2,4 % lågare enn gjennomsnittet for landet.



Figur 5 Alderssammansettning i Vindafjord kommune i 2016 samanlikna med nasjonalt gjennomsnitt. Gjennomsnitt i Noreg er 0-punktet. Kjelde: SSB, folkemengde.

Folketalet i Vindafjord fordelt på aldersklassar har vore relativt stabilt i høve til totalt folketal i perioden 2006-2016. Den største del av befolkninga i 2016 er i alderen 20-66 år (58%). Barn og ungdom (0-19 år) utgjer om lag 27 % av befolkninga, og om lag 15 % er eldre enn 67 år. Figur 6 viser alderssammansettninga i Vindafjord kommune og utvalte kommunar på Haugalandet i 2016. Som figuren viser har kommunane ein lågare prosentdel enn nasjonalt gjennomsnitt i aldersgruppa 20-44 år, berre Haugesund kommune har ein høgare prosentdel enn nasjonalt gjennomsnitt i aldersgruppa. Dette kan tyde på at ein del i denne aldersgruppa flyttar frå kommunen, til dømes for å ta utdanning eller arbeid. Det er denne aldersgruppa som føder barn og er i etableringsfasen, det kan derfor medføre at fødselsoverskotet ikkje er så stort som ein kunne ønske, sjølv om det har vore relativt høgt dei siste åra. Det er denne gruppa me derfor må vere buattraktive for.



Figur 6 Alderssammansettning i utvalte kommunar på Haugalandet per 01.01.2014. Gjennomsnittet i Norge er 0-punktet.

4.2 Framskriving av folketal


Vindafjord kommune har valt å nytte SSB sine framskrivingar med middels vekst. Det vil alltid vere knytt usikkerheit til prognosar. På kommunenivå vil tilgang på areal, arbeidsplassar og bustad ha mykje å seie for folketalsutviklinga.

I «Fylkesprognoser 2014, Rogaland» finn ein mellom anna prognoser for framskriving av folketal i fylket og regionar. Berekna folkevekst i Rogaland fylke er på om lag 25 prosent frå 2013-2030, og på Haugalandet om lag 17 prosent i same periode. Totalt er det berekna ein auke på 16425 personar i perioden 2013-2030 på Haugalandet.

I følgje prognosen frå SSB med middels vekst vert det ein relativt betydeleg folkeauke i Vindafjord kommune, 1811 personar i løpet av dei neste 18 åra (om lag 20 prosent). I løpet av dei førre 26 åra (frå 1990 til 2016) har folketallet i kommunen auka med 9,6 prosent, medan det har auka med 8 prosent dei siste 16 åra (frå 2000 til 2016). Prognosen tilseier altså at veksten skal vere vesentleg større enn den har vore dei siste åra.

Endringane i oljenæringa og andre relaterte næringar kan slå negativt ut for Vindafjord og regionen forøvrig. Folketilveksten ser ut til å ha stoppa opp i 2015, og me har derfor ei ekstra stor uvisse knytt til prognosane.

Figur 7 viser at den berekna veksten fordeler seg ujamt på dei ulike aldersgruppene. Størst vekst er i gruppa 67–79 år med 55 prosent, frå 807 innbyggjarar i 2016 til 1254 i 2034. Veksten for gruppa 80 år og eldre er om lag 38 prosent frå 475 i 2016 til 656 i 2034). Aldersgruppa 0-5 år (barnehage) har ein vekstprognose på 19 prosent, 6-12 år (barneskule) ca. 25 prosent, 13-15 år (ungdomsskule) ca 9 prosent, og for aldersgruppa 16-19 år (vidaregåande skule) er berekna vekst om lag 7 prosent. For aldersgruppa 20-44 år er den berekna veksten 19 prosent, og for aldersgruppa 45-66 år er han om lag 10 prosent.



Figur 7 Framskriving av folketal i ulike aldersgrupper 2016 – 2034 i Vindafjord kommune. Framskrivinga er basert på middels vekst, jf. SSB. Kjelde SSB, befolkningsframskrivingar (2012-2100).

Det er særleg i aldersgruppa 20-44 år at Vindafjord skil seg ut. I Vindafjord kommune utgjør denne gruppa ein lågare prosentdel av totalt innbyggartal, samanlikna både med Rogaland fylke og heile landet.

4.3 Sysselsetting og næringsverksemd


Ein avgjerande føresetnad for busetting og vekst i folketal er at kommunen har ein variert og sikker arbeidsmarknad som gjer at folk vil busette seg i kommunen.

Det var totalt 4963 sysselsette med arbeidsstad i Vindafjord kommune i 2015. Det er ein auke på 11,5 prosent sysselsette med arbeidsstad i Vindafjord kommune i perioden 2009-2015, sjå figur 8. Dette er det klart høgaste talet av kommunane på Haugalandet. For kommunane i haugalandsregionen samla var det tilsvarande talet berre ein auke på 2 prosent frå 2009 til 2015. Trenden har vore positiv samanlikna med 2009 heilt fram til 2014 både for Vindafjord og for kommunane på Haugalandet samla. Frå 2014 til 2015 er det ein reduksjon i denne trenden både for Vindafjord og for Haugalandet samla.

NæringsNM – NHO rangerer kommunane

(428 kommunar, tal frå 2014)

Vindafjord	Nr.
Lønsemd:	158
Vekst:	157
Nyetablering:	196
Storleik på næringsliv:	22
Totalt:	44



Figur 8 Utvikling av sysselsette med arbeidsstad i Vindafjord kommune og på Haugalandet sett i forhold til tal på sysselsette i 2009. Kjelde SSB, Sysselsette.

Vindafjord har hatt ein markant auke i talet på verksemdar frå år 2009 til 2016, sjølv om det har vore ein reduksjon frå 2015-2016. Samanlikna med 2009 er auken på omlag 9,6 prosent. Denne auken er noko mindre enn for Haugalandet totalt sett, som har hatt ein auke på nesten 12 prosent i perioden frå 2009 til 2016. Sveio er den kommunen på Haugalandet med størst auke i tal på verksemdar i perioden på om lag 23 prosent. Definisjon av verksemd er i følgje SSB: «En lokalt avgrenset enhet som hovedsakelig driver virksomhet innenfor en bestemt næring».

Figur 9 viser at industriverksemd er den største næringsgruppa i Vindafjord kommune målt i talet på sysselsette. Sysselsetjinga innan industri har auka med nesten 40 prosent i perioden frå 2008 til 2015. Helse- og sosialtenester er nest største næringsgruppe. I denne gruppa har det vore ein auke i sysselsettinga på om lag 25 prosent i same periode. Primærnæringsane

(jordbruk, skogbruk og fiske) er tredje største næringsgruppe, men her ser me ein nedgang i sysselsetjing på 12,5 prosent frå 2008 til 2015 (nedgangen gjeld sysselsettinga, produksjonen er oppretthalden).

Næring	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	678	658	649	684	623	571	571	592
10-33 Industri	785	852	901	941	975	1008	1050	1098
41-43 Bygge- og anleggsverksemd	443	474	482	483	446	467	503	510
45-47 Varehandel, motorvognreparasjonar	496	445	438	466	510	506	497	464
49-53 Transport og lagring	212	195	206	202	196	224	230	318
55-56 Overnattings- og serveringsverksemd	85	121	114	141	107	72	70	21
58-63 Informasjon og kommunikasjon	166	160	173	210	199	189	144	185
85 Undervisning	349	332	349	354	356	371	368	377
86-88 Helse- og sosialtenester	562	575	574	597	638	660	694	701

Figur 9 Tal på sysselsette etter viktige næringer, 2008-2012. Kjelde SSB Sysselsetting, registerbasert.

Vindafjord kommune har mange store arbeidsplassar der det er utstrakt sesongarbeid, og arbeidsplassar som leiger inn mykje arbeidskraft i periodar. Dette er tal som ikkje nødvendigvis vert fanga opp i SSB sin statistikk. Vindafjord har ein svært høg del av arbeidsplassane innanfor industri og primærnæringer. Eit hovudtrekk i næringsutviklinga har i mange år vore at primærnæringane og industrien blir meir effektive og har nedgang i sysselsettinga. Dette kan med andre ord bli ei utfordring for kommunen. Når det gjeld undervisning og helse- og sosialtenester har Vindafjord prosentvis færre sysselsette enn dei andre kommunane på Haugalandet.

Vindafjord har hatt ei netto innpendling av sysselsette til kommunen dei siste sju åra. I regionen er det elles berre Haugesund som har dette. Det er verdt å merke seg at Vindafjord er særprega ved at det er fleire frå andre haugalandskommunar som arbeidar i Vindafjord enn det er vindafjordingar som arbeidar i desse kommunane. Til Haugesund og Suldal er det utpendling frå Vindafjord i 2015, mens for alle dei andre kommunane på Haugalandet er det i 2015 ei netto innpendling til Vindafjord. Stor innpendling har samanheng med at Vindafjord har mange store og attraktive arbeidsplassar, og mange av desse krev spesialkompetanse. Kommunen har fleire robuste næringsverksemdar, til dømes innan bygg og anlegg, teknologi, skipsfart/skipsbygging, økonomi, slakteri og oppdrett. Den forholdsvis store innpendlinga kan tyde på at Vindafjord er svært attraktiv å jobbe i. Utfordringa er såleis at desse innpendlarane ikkje har funne Vindafjord tilstrekkeleg buattraktiv.

Dersom ein ser på pendlingsstraum ut av kommunegrensa er det bygdene Skjold og Vikebygd som har høgast prosentdel sysselsette personar som bur i bygda, men jobbar i ein annan kommune (respektive 39 og 41 prosent jobbar i ein annan kommune). Ølensvåg er den bygda med lågast prosentdel sysselsette personar som bur i bygda, men som jobbar i ein annan kommune (17 prosent). Ølensvåg er samstundes den bygda med høgast prosentdel sysselsette frå andre kommunar (40 prosent bur i ein annan kommune). Bygdene Vikedal og Imsland er dei bygdene med lågast prosentdel sysselsette frå andre kommunar (respektive 10 og 9 prosent er busett i andre kommunar).

Arbeidsløysa har auka den siste tida. Tala frå SSB og NAV er ulike. Det kjem av ulike definisjonar og metodar. Tal frå NAV baserar seg på registrerte ledige som søker jobb via NAV. Det gir presise tal for alle som mottar dagpengar som ledige. SSB sine tal baserer seg på intervjuundersøkingar. Desse tala får også med seg personar som søker arbeid utan å vere registrert hos NAV. Tala frå SSB er internasjonalt samanliknbare då andre land nyttar same metodikk.

Registrert arbeidsløyse varierer frå år til år. I stor grad har registrert arbeidsløyse i Vindafjord samanlikna med Rogaland fylke, vore lågare enn fylkesgjennomsnittet. Det er unntak og særleg gjeld dette åra 2012, 2013 og 2014. Det er grunn til å tru at arbeidsløysa i kommunen har samanheng med dei store verksemdene i kommunen der aktiviteten gjerne er avhengig av kontraktar med variasjon over tid. Som kjent er arbeidsløysa stigande som ein direkte følge av nedgangen i oljeprisen og dermed nedskjeringar i offshoreindustrien. Arbeidsløysa, registrert siste kvartal 2016, var 3,5 % av arbeidsstyrken i Vindafjord medan arbeidsløysa i Rogaland var 4,5 % (tal henta frå SSB). NAV-direktøren i Rogaland har presentert tal for endringane den siste tida. For Rogaland fylke har antal heilt ledige auka frå 7000 personar i januar 2015 til vel 12500 i januar 2016. Det siste året har antal ledige gått litt opp og ned, men er i januar 2017 12 779 personar, altså om lag på same nivå som i januar 2016. Bryt ein desse tala ned på kommunenivå viser tala at Vindafjord kommune har den prosentvis største endringa i antal ledige det siste året. Det kan skuldast at auken i arbeidsløysa nådde Vindafjord på eit seinare tidspunkt enn mange andre kommunar i fylket. I følge NAV-direktøren sine tal er bruttoarbeidsløysa (heilt ledige + personar på arbeidsretta tiltak) i Vindafjord på 4,3 % i januar 2017. Til samanlikning har Rogaland 5,7 %.

4.4 Innvandrarar og flyktningar

Innvandrarar har komme til Noreg av ulike årsaker; på grunn av arbeid, gjennom familie, som flyktningar eller for å ta utdanning. Sidan 2007 har arbeid vore den viktigaste innvandringsgrunnen, etterfølgt av familieinnvandring.

Det er registrert 1077 innvandrarar i Vindafjord kommune i 2016. Det har vore ei jamn auke i tal på innvandrarar sidan 2006, då det var registrert 257 innvandrarar, sjå figur 10.


Dei fleste innvandarane (nesten 82 %) i Vindafjord kjem frå Europa (utanom Tyrkia), mens om lag 12 % av innvandarane kjem frå Asia (inkl. Tyrkia). Vindafjord har langt fleire innvandrarar frå Europa enn landet sett under eitt. På landsbasis kjem om lag 55 % av innvandarane frå Europa, mens 28 % kjem frå Asia. På landsbasis er det i 2016 flest innvandrarar frå Polen, Litauen og Sverige, etterfølgt av Somalia, Tyskland, Irak, Danmark, Filippinene, Pakistan og Eritrea.

Vindafjord har òg flest innvandrarar frå Polen og Litauen i 2016, mens Sverige kjem heilt ned på 10. plass i kommunen. Romania kjem på 4. plass i Vindafjord, men er ikkje representert blant dei femten landa som flest innvandrarar kjem frå på landsbasis.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Polen	156	188	205	245	292	295	296
Litauen	30	58	109	184	215	226	234
Tyskland	62	62	62	65	70	69	74
Romania	16	26	41	46	53	64	66
Thailand	24	29	32	32	34	34	34
Latvia	4	14	18	14	27	32	32
Estland	10	16	17	20	25	20	22
Danmark	28	25	26	20	24	23	21
Bhutan	8	12	12	20	20	19	21
Sverige	16	17	17	17	18	17	19

Fig. 10. Landbakgrunn for innvandarane til Vindafjord i perioden 2006-2016. Tabellen inneheld berre tal for dei 10 landa med flest innvandrarar i 2016. Dette utgjer om lag 75 % av alle innvandarane i kommunen i 2016. Kjelde; SSB, innvandring og innvandrere.

På landsbasis er 13,4 % av befolkninga innvandrarak pr. 1. januar 2016. Det tilsvarande talet for Rogaland var 14,5 %, og for Vindafjord kommune 12,3 %. Både Karmøy, Etne og Tysvær har ein lågare prosentdel innvandrarak enn Vindafjord i 2016. Det er dei siste åra, i tida etter 2011, at Vindafjord har ein prosentdel innvandrarak som nærmar seg den prosentdelen som er på fylkes- og landsnivå. I perioden før dette var innvandringsprosenten i kommunen meir lik samanliknbare kommunar i Rogaland (sjå figur 11).



Figur 11. Prosentdel innvandrarak på landsbasis, i Rogaland fylke og i utvalde kommunar på Haugalandet i perioden 2006 til 2016. Kjelde; SSB, innvandring og innvandrerne.

I 2016 er om lag 56 % av innvandrarane i Vindafjord kommune menn. Frå og med 2011 har det vore ei overvekt av menn blant innvandrarane i Vindafjord, mens det i perioden frå 2006 til 2010 var flest kvinner. Dette følger den same trenden som ein kan sjå på landsbasis, med ein jamn auke i prosentdelen menn blant innvandrarar. I 2016 er 52,5 % av innvandrarane på landsbasis menn, mens i 2006 var om lag 49 % menn.

Når det gjeld alderssamansetnad blant innvandrarar har ein berre statistikk på fylkesnivå. Statistikken viser at over halvparten av innvandrarane og norskfødte med innvandrarforeldre i Rogaland er mellom 20 og 44 år, mens det tilsvarande talet for heile befolkninga er under 40 %. Det er den same trenden når ein ser heile landet under eitt.

Når det gjeld deltaking i arbeidslivet var om lag 66 % av alle innvandrarar mellom 15 og 74 år i Vindafjord sysselsett i 2015. Andelen sysselsette for heile folkesetnaden i same aldersgruppe i Vindafjord var til samanlikning om lag 72 %. Dette er ein høgare prosentdel enn det ein ser på landsbasis, der om lag 63 % av innvandrarar mellom 15 og 74 år er sysselsette. Talet for heile folkesetnaden mellom 15 og 74 år på landsbasis er om lag 69 % sysselsette. Det er verdt å merke seg at det er stor skilnad på sysselsetting mellom innvandrarar frå EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand (om lag 70 % sysselsette) og innvandrarar frå Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EFTA og Oseania utanom Australia (om lag 50 % sysselsette). Blant innvandrarar i Vindafjord er prosentdelen sysselsette høgare blant menn enn blant kvinner. Blant innvandrarar i Vindafjord var om lag 69 % av menn mellom 15 og 74 år sysselsette i 2015, mens det tilsvarande talet for kvinner var om lag 62 %.

Siste kvartal 2016 var det 7,1 % registrerte arbeidsledige blant innvandrarar i Vindafjord. Det tilsvarande talet for befolkninga utanom innvandrarar var 2,5 %, mens for befolkninga totalt var det 3,5 % registrerte arbeidsledige (tal frå SSB).

Arbeidsløysa blant innvandrarar i Vindafjord er lågare enn både Rogaland fylke og landet sett under eitt.

	2006	2008	2010	2012	2014	2016
Totalt	72	35	110	81	169	125
Befolkninga utanom innvandrarar	67	32	90	59	93	80
Innvandrarar totalt	5	3	20	22	76	45
Gruppe 1 innvandrarar	1	3	18	17	74	42
Gruppe 2 innvandrarar	4		2	5	2	3

Figur 12. Registrerte arbeidsledige i Vindafjord kommune for utvalte år. Alle tala er frå første kvartal. Kjelde: SSB, Arbeidsledighet blant innvandrere, registerbasert.

4.5 Bustadar og hushald

I 2014 er om lag 62 % av alle bustadane i kommunen lokalisert i spreidd busette strøk. Det er ein svak tendens mot fleire nybygg i tett busette strøk i høve til nybygg i spreidde strøk. I perioden 2006-2014 har tal på bustadar i kommunen auka frå 3888 til 4356.

Basert på ferdigattestar t.o.m. år 2015 har kommunen følgande oversyn over husbygging. Det er i perioden 2006–2015 bygt 509 nye bustader, i gjennomsnitt 51 per år. Det ser ut til at 2016 kjem på same nivå som 2015 med ca 60 nye bustader. Det har vore ein markert auke i bustadbygging dei siste seks åra (2009-2014), med ein topp i 2013 på 118 bustader (av dette utgjør nyetablering av bu- og servicesenter 30 einingar).

Det er einebustader som dominerer bustadtypen i alle år. Nokre av einebustadene er bygde med hybel og liknande, men dei siste fem åra har tal på bustader med to eller fleire husvære auka. Det store fleirtalet, om lag 93 prosent, bur i einebustader i bygdene Ølen og Ølensvåg. I dei andre bygdene bur mellom 96 prosent og 98 prosent av innbyggjarane i einebustader (tal frå 2011).

Figur 13 gir ein oversikt over fordelinga av dei ulike kategoriane av hushald, fordelt på bygdene. Det er bygdene Ølen og Sandeid som har høgast prosentdel åleinebuande, med respektive 40 og 38 prosent. Dei andre bygdene har ein prosentdel åleinebuande på mellom 27 og 33 prosent. Dette er ein del lågare enn det nasjonale gjennomsnittet, som ligg på 40 prosent åleinebuande. Trenden på nasjonalt nivå er at denne andelen er aukande, mens andelen hushald med born har gått ned. I dei fleste bygdene er kategorien «par med born» større enn «par utan heimebuande born». Unntaka er bygdene Imsland, Bjoa og Vikebygd, der prosentdelen par utan heimebuande barn er større.

	Skjold	Vats	Sandeid	Vikedal	Imsland	Ølen	Vågen	Bjoa	Vikebygd
Åleinebuande	32 %	32 %	38 %	31 %	27 %	40 %	28 %	33 %	30 %
Par u/heimebuande born	19 %	21 %	21 %	22 %	29 %	19 %	22 %	26 %	30 %
Par m/born (yngste born 0-17 år)	27 %	27 %	22 %	28 %	22 %	24 %	30 %	20 %	25 %
Mor/far med born (yngste born 0-17 år)	6 %	3 %	4 %	6 %	5 %	5 %	5 %	2 %	4 %
Einfamiliehushald med vaksne born (yngste born 18 år og over)	13 %	12 %	10 %	10 %	14 %	8 %	9 %	11 %	10 %
Fleirfamiliehushald (med og utan born)	3 %	5 %	5 %	3 %	3 %	4 %	5 %	9 %	1 %

Figur 13. Fordeling i ulike kategoriar av hushald i Vindafjord i 2011, fordelt på bygdene. Kjelde: SSB, folke- og boligtellingen, husholdninger.

I kommuneplanen frå 2011 bygger arealbehovet på ein årleg vekst i befolkninga på 0,4 prosent. Ut frå dette ville folketalet i 2020 vore 8430 innbyggjarar. Folketalet er allereie per 01.01.2016 8788. Det er tydeleg at føresetnadene i arealdelen av kommuneplanen (2011) var for lågt, slik at revisjon, der det vert sett av meir areal, kan vere naudsynt.

I siste kolonne i figur 14 ser ein kor mykje bustadareal som er ferdig regulert til bustad, men som framleis er ubebygd. Noko av dette er byggemodna med infrastruktur, eller det er berre sjølve byggemodninga som står att. Kolonna med «fritt bustadareal» viser areal som er sett av til bustad, men der det ennå ikkje er ferdig regulert (areala er heller ikkje bebygd).

Det er ledig areal til bustadformål i alle bygdene i kommunen, både regulerte og ikkje regulerte. Det er ein relativt stor buffer med ledig bustadareal i kommunen.

Bygd	Fritt bustadareal, eksisterande, dekar	Fritt bustadareal, framtidig, dekar	Regulert, avsett til bustad, dekar
Ølen	57	68	78
Skjold	88	25	147
Ølensvåg	66	29	73
Vats	257	23	44
Vikedal	120	0	47
Sandeid	41	12	29
Imsland	47	0	15
Bjoa	22	42	10 *
Vikebygd	67	31	64

Figur 14. Avsett tomteland i arealplanen 2011 etter gjennomgang i mai 2016. Alle areala er ubebygde areal.

* Vindafjord kommune eig 9 ubebygde tomter + 3 tomter som ikkje er skilte frå, men regulert - Hjartåker bustadfelt - desse tomtene er tilsaman 10 da, og er ikkje med i talet som står i tabellen. Med det at disse tomtene ikkje har blitt solgt i løpet av 33 år, kan det tyde på svært lite attraktive tomter.

Det var i liten grad vurdert reelt utbyggingsbehov når bustadareal blei sett av i dei ulike bygdene i kommuneplanen frå 2011. Med bakgrunn i at kommunen dei siste åra (2009-2016) har hatt ei gjennomsnittleg vekst på 1,05 % i året kan me seie noko om behovet for bustadareal i framtida. Bygdene Sandeid, Ølensvåg, Ølen, Vats og Skjold har hatt størst vekst (mellom 1,1% og 1,9 %), høgast vekst har Sandeid hatt med 1,9 % medan Skjold har hatt lågast med 1,1 %. I dei andre bygdene, dvs. Vikedal, Vikebygd, Bjoa og Imsland, har årleg befolkningsvekst vore under 1 %. Vindafjord kommune forventar ei befolkningsauke i alle bygder, men det kan fortsett forventast større vekst i tettstadane enn i dei mindre bygdene.

1,6 % folketilvekst kan vere sannsynleg i bygdene Sandeid, Ølensvåg, Ølen, Vats og Skjold, medan veksten i dei andre bygdene sannsynlegvis vil vere på 1% eller lågare i kommande 12-årsperiode. Dersom ein då ser folketalet i kvar bygd i samanheng med at 30 % er aleinebuande, 40 % bur i par og 30 % bur i hushald med 4 personar, vil det bli behov for 73 nye bustadar i kommunen i året dei neste 12 åra. For å ha nok areal til infrastruktur gonges talet i kvar bygd med 1.5 for å få tilstrekkeleg tal med dekar per bustad. Med ulikt krav til utnyttingsgrad vil det ikkje vere same behov for areal i Ølen som på Bjoa. Dette er det ikkje tatt høgd for i modellen.

For å stette denne veksten, er det i figur 15 vist behovet for bustadareal dei neste 12 åra opp mot avsett areal i kommuneplanen frå 2011 og totalt areal etter endring i framlegg til ny kommuneplan. Areal til husklynger er med i desse tala. Det er naudsynt å nemne at noko av dette arealet er gjenstand for meklings.

<i>Bygd</i>	<i>Avsett bustadareal gjeldande planer, dekar</i>	<i>reelt behov 12 år fram, dekar</i>	<i>Totalt bustadareal etter endring lagt fram i planforslaget</i>
Ølen	213	288	285
Skjold	260	234	277
Ølensvåg	239	155	249
Vats	368	216	254
Vikedal	183	93	113
Sandeid	74	175	74
Imsland	62	31	62
Bjoa	67	52	77
Vikebygd	147	62	104

Figur 15. Areal sett av til bustadformål og framtidig behov i høve til befolkningsvekst.

Med årleg befolkningsvekst mellom 1 og 1,6 % viser figuren at Sandeid har altfor lite bustadareal i forhold til behov tolv år framover i tid. Motsett har Ølensvåg, Vats og Vikebygd allereie meir enn behovet sett av i kommuneplan frå 2011.

I planlegginga vil det ikkje vere nok å berre ha tilstrekkeleg med areal. For å vere buattraktive treng me variasjon i tilbodet. Tilstrekkeleg avsett areal er heller ikkje garanti for utbygging. Det vil derfor alltid vere naudsynt å sette at noko meir bustadareal enn det som befolkningsveksten tilseier. Det går ikkje fram av figuren at det er sett av til sentrumsformål i alle bygder. Innanfor desse areala vil det også vere mogleg å bygge bustadar.

4.6 Utviklinga den siste tida

Utviklinga den heilt siste tida viser fall i oljeprisen og sterk reduksjon i norsk oljeverksemd. Dette kan få konsekvensar for næringsliv og busetting også i Vindafjord. Kommunen har som nemnt mange sysselsett innanfor industriverksemda. Denne er i stor grad relatert til offshore-næringa. Me kan sjå ei auke i talet på arbeidsledige. Det er også mange sysselsette sesongarbeiderar og prosjektilsette, desse visar ikkje på statistikken og ein del av desse vil vere dei første som mistar arbeidet sitt. Arbeidsinnvandring har stått for den største del av folketilveksten til kommunen. Det er sannsynleg å tru at denne vil avta som følgje av ein meir usikker arbeidsmarknad. Arbeidsløysa i kommunen var pr. januar 2017 4,3% (tal frå NAV) Samanlikna med gjennomsnittet for Rogaland som er 5,7 %, er dette lågt med tanke på at mange i Vindafjord er sysselsett innanfor industri.

5.0 Satsingsområda

5.1 Levande bygder

Vindafjord kommune har hatt ein årleg folketilvekst på vel 1 % dei siste ti åra. Prognosen frå SSB basert på middels vekst tilseier at veksten skal bli større i åra som kjem. Endringane i oljenæringa og andre relaterte næringar kan slå negativt ut for Vindafjord og regionen elles. Folketilveksten ser ut til å bremse opp frå 2015, og me har derfor ei ekstra stor uvisse knytt til prognosane.

Vindafjord er ein av dei ni kommunane som utgjer Haugalandet. Denne regionen består i hovudsak av mindre tettstadar, bygder og spreidd bygde stadar der busettinga tradisjonelt har hatt utgangspunkt i primærnæringane. I Regionalplan for areal- og transport på Haugalandet er det etablert eit «senter-hierarki» i regionen som er basert på dei einskilte by- og tettstadssentra sin storleik, omland, funksjonar og tilgjengelegheit med ulike transportmidlar. Ølen er definert som eit regiondelsenter, Ølensvåg som områdesenter og dei andre sju bygdene i kommunen er definert som tettstads-/grendesenter (bygdesenter). I regiondelsenteret skal «publikumsretta eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjonar som er retta mot del av regionen» lokalisert (døme: vidaregåande skule). I områdesentra skal ein lokalisere «publikumsretta eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjonar retta mot næraste omland» (døme: andre offentlege funksjonar for deler av kommunen). Lokale funksjonar retta mot eigen tettstad eller bygd skal lokalisert i tettstads-/grendesentra (bygdesentra) (døme: lokal daglegvarehandel).

I Vindafjord bur ca. 62 % av befolkninga i spreidd bygde strøk. Busettinga er i hovudsak langs kystlinja og i større dalføre med samanhengande jordbruksareal. Som i andre kommunar rundt oss har bygder og område langs hovudvegnettet god befolkningsvekst, medan andre stadar har ei svakare utvikling. I mindre bygder er funksjonar som barnehage, skule, daglegvare og bygdehus sentrale knutepunkt og møteplassar i nærmiljøet. Kommunen har barneskular i alle dei ni bygdene, medan ungdomsskule er lokalisert til Ølen, Vikedal og Skjold. Desse tre bygdene har også større idrettsanlegg i form av idrettshall.

Det er på sin plass å stille seg spørsmåla «korleis vere buattraktiv?» og «kven er me buattraktive for?». I små bygder er hovudvekta av dei som busett seg, folk med tilknytning til bygda. Så er også inntrykket i våre bygder, i følge grendeutvala. Nokon vel å bli verande, andre vender tilbake til heimbygda på eit seinare tidspunkt i livet. Det kan t.d. vere etter ferdig utdanning, ved familieetablering, eller ved avslutta yrkesaktivitet.

Vindafjord har eit overskot av arbeidsplassar og såleis ei netto innpendling. Det er med andre ord eit potensial for at desse pendlerane kan busette seg i kommunen, dersom kommunen er buattraktiv nok. Kommunen har også hatt ein vekst i folketalet dei siste åra, som i hovudsak skuldast arbeidsinnvandring. Ei anna aktuell problemstilling er korleis kommunen stiller seg til mottak av nye flyktningar. Med andre ord vil desse gruppene kunne vere veksande, og såleis bidra til befolkningsauke i kommunen.

Folketalet i Vindafjord fordelt på aldersklassar har vore relativt stabilt i perioden 2006-2016. Aldersgruppa 0-19 år har auka med 14 personar dei siste 10 år. Gruppa 20-44 år har auka med 238 personar medan gruppa 45-66 år har auka mest med totalt 385 personar. Personar i alderen 67-79 år har auka med 71 og gruppa 80 år og eldre har minka med 39 personar siste 10 år. Totalt har befolkninga auka med 8,2 % dei siste 10 åra. Vindafjord har ein vesentleg lågare del av befolkninga i aldersspennet 20 til 44 år enn gjennomsnittet for landet. Det kan medføre at fødselsoverskotet ikkje er så stort som ein kunne ønskje, sjølv om det har vore relativt høgt dei siste åra.

Alle bygdene kan vise til auke i befolkninga etter kommunesamanslåinga (2006-2016), men veksten fordelar seg ulikt. Sandeid har størst vekst med 14,8 % (140 personar). Elles synest

bygdene langs E134 å ha sterkest vekst, dvs. Ølen (13,1% som utgjør 203 personar), Skjold (12,6% som utgjør 170 personar), Ølensvåg (12,1% som utgjør 100 personar) og Vats (8,7% som utgjør 102 personar). Lågast vekst har bygdene Imsland (2,0% som utgjør 6 personar) og Vikedal (1,3% som utgjør 11 personar) som ligg lengst aust i kommunen. Bjoa og Vikebygd som ligg lengst vest, har også låg vekst (høvesvis 3,8% som utgjør 18 personar på Bjoa og 3,6 % som utgjør 19 personar i Vikebygd), men ikkje så låg som bygdene i aust.

Ser ein korleis innbyggartalet er fordelt på grunnkrinsar ser ein eit mønster av at høgast folketal og høgast vekst kjem i dei mest sentrale grunnkrinsane og/eller der ein har hatt tilgjengelege bustadtomter dei siste åra. Døme: i Ølen har Osen hatt større vekst enn Kyrkjekrinsen. I Ølensvåg har Vågen 1 (inkl. Vågshagen) høgast folketal og vekst, i Skjold er det grunnkrinsen Haugen (inkl. Isvik hageby) som har størst folketal og vekst, og i småbygdene Bjoa og Vikebygd er det grunnkrinsane Innbjoa og Vik, som begge ligg mest sentralt i bygda, som både har størst folketal og sterkest vekst.

Vindafjord kommune er god å bu og vekse opp i, likevel har me utfordringar i kvardagen og har forbettringspotensiale på fleire område.

Fokus på tidleg innsats allereie frå svangerskap av er viktig. Gjennom jordmorteneste og helsestasjon i samarbeid med andre aktuelle faginstansar, kan ein legge godt grunnlag for utvikling og læring.

Innanfor tenestemråde oppvekst og kultur er målet å gi best mogleg kvalitet i barnehage, skule, skulefritidsordning og kultur til dei yngste innbyggjarane. Barn si utvikling og læring må vere i fokus. Alle som arbeider med barn og unge må spele på lag med kvarandre. Barn og familiane deira må oppleve at kommunen sine tenester er samordna, at tiltak blir sett i verk og til rett tid. Tal på barn under 3 år som går i barnehage aukar. Dei yngste barna har større omsorgstrong og krev meir tid saman med vaksne enn større barn. Auke i tal på barn med eit anna morsmål enn norsk kan vere ei utfordring både i barnehage og skule. Nye krav til lærarkompetanse gjer at det er stor trong for vidareutdanning .

Tidleg innsats er også eit omgrep som går igjen i barnehage og skule. God oppfølging i barnehage styrker moglegheitene for eit godt skuleløp og reduserer sjansane for fråfall seinare i skuleløpet. Ein av kvalitetane som kjenneteiknar ein god barnehage, er godt språkarbeid. Språket er ein nøkkel til læring og sosial utfolding. I ny rammeplan vert det lagt vekt på at alle barn skal delta i språkstimulerande aktivitetar og at barn med særskilte språkutfordringar vert følgt opp.

Skulen skal følgje elevane si læring fagleg og sosialt. Det er eit mål å tilpasse undervisninga innanfor det ordinære løpet slik at flest mogeleg får læringsutbytte . Nokre elevar treng eigen opplæringsplan og spesialundervisning, andre treng hjelp av andre instansar t. d. helsestasjon, barnevern. Kommunen skal samordne sine tenester for å få til ein betre tverrfagleg innsats. Ved å drive godt førebyggjande arbeid og tidleg innsats er det eit mål om at flest mogeleg av barna skal bli gagnlege og sjølvstendige menneske i heim og samfunn. Vindafjord kommune har pedagogisk psykologisk teneste (PPT) i fellesskap med Etne kommune. Denne lovpålagde tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med å tilrettelegge opplæringstilbodet for barn og unge med særskilde behov i tillegg er dei ein sakkunnig instans når det gjeld spesialundervisning.

Gjennomføring av vidaregåande skule er også eit måletal for helse. Om ein elev har gjennomført 3 år på vidaregåande skule er sjansane større for arbeid og betre helse. Det er eit tidsspenn mellom livet til eit barn i barnehagen og livet til ein ungdom i vidaregåande skule. Like fullt er det ein samanheng som kommunen sine tenester må vere medviten til.

Kultur og vaksenopplæring er samla i ei eining frå 2017 og det skal byggast eit nytt Kultur- og

læringssenter i Ølen. Her skal bibliotek, kulturskule og vaksenopplæringa halde til. Det er og vil fortsatt bli brukt tid og ressursar på å utvikle biblioteket som møteplass for alle. Kulturarbeidet er viktig både for den fysiske og psykiske helsa til befolkninga. Å ha eit breitt tilbod av fritidsaktivitetar bidrar til auka deltaking. Tilbod til barn og unge legg eit godt grunnlag for gode vanar og deltaking i seinare år. Kommunen har gjennom kulturskulen eit tenestetilbod særskilt retta mot barn og unge. I tillegg er kommunen tilretteleggjar og bidragsytar for mange andre typar kulturtilbod og må i si daglege verksemd innanfor ulike tenestemråde stimulere til frivilligheit.

Som statistikken viser ventar ein ei auke av den eldre delen av befolkninga. Prognosar frå SSB tilseier at det om 20 år vil vere underskot på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar i Noreg. Dette gir kommunen utfordringar i høve til organisering og kompetanse. Innanfor pleie og omsorg er det eit mål at flest mogleg bur i eigen bustad, men eit tilstrekkeleg tenestetilbod vil også innbefatta døgnbemanna omsorgsbustadar for eldre som eit reelt alternativ til varig plass i institusjon.

Kommunane får stadig nye, større og meir spesialiserte oppgåver innanfor arbeidet med psykiske helse og rus. Dei næraste åra vil kommunen ha utfordringar knytt til behovet for bustadar til denne gruppa av befolkninga, aktivitetstilbod og oppfølgingstenester i kvardagen.

Busetting av flyktningar er ei anna utfordring kommunen har. Mangel på kommunale bustadar og høge utleigeprisar på den private marknaden gir store utgifter på supplerande sosialhjelp. Kommunen manglar også ressursar til å arbeida med rekruttering av bustadar på privat leigemarknad, oppfølging av leigetilhøva, samt opplæring i å bu etter norsk standard. Sjølv om kommunen har hatt færre arbeidslause enn mange andre kommunar i Rogaland, har me opplevd ein auke i prosent av arbeidsstyrken som er heilt utan arbeid. Dette saman med auka behov for økonomisk stønad kan bli ei utfordring kommunen må vere førebudd på.

Etter ei gjennomgang av materialet frå folkemøta, har alle grendeutvala trekt fram skulen som aller viktigaste faktor for å ha ei levande bygd i framtida. Skulen er bygda sin møteplass. I skulen føregår samhandling både ml elevar og lærarar og ml tilsette og kvar familie som er knytte til skulen. I unge år blir haldningar forma, haldningar som barn og unge tar med seg vidare i livet, og som ein gong vil vere bakgrunn for dei val dei seinare tar, også bustadval.

Kvalitet i skulen er viktig. Seinare i livet vil ein gjere erfaringar og opplevingar som ein alltid vil "måle" ut frå den standard ein opplevde i eigen oppvekst. Har du opplevd ein skule med gode haldningar og med aktiv deltaking i lokalsamfunnet, vil dette vere ein del av din identitet resten av livet. Ei slik oppleving er ikkje nødvendigvis avhengig av at skulen du gjekk på, er i eiga bygd. Åra framover vil barnehage- og skulestruktur, og kva slags tenester som ligg i kvar bygd, vere viktige saker for heile kommunen. Om kommuneplanen si målsetting om 1% befolkningsvekst blir nådd, og veksten kjem i form av småbarnsfamiliar, vil det gje grunnlag for fortsatt barnehage og skule i dei bygdene der innflyttinga skjer. Om ikkje, vil det kunne vere rett å samle fleire barn og elevar på færre barnehagar og skular. Kvalitet handlar også om barn si oppleving av mangfald og valmoglegheit.

Forutan barnehage- og skuletilbodet kom det fram på folkemøta at attraktive bustadtomter også er svært viktig for levande bygder. Dette er noko som også grendeutvala har prioritert høgt. For å auke attraktiviteten bør tilbodet bli meir variert med omsyn til tomtestorleik, lokalisering (både i felt og spreidd) og type bustad. Tilgang til sjø vart også sterkt framhalde som viktig for buattraktiviteten. Det blir bygd nesten berre einebustadar i kommunen, men det går fram av figur 14 at mellom 30 og 40 % av befolkninga er aleinebuande. Dette er eit godt døme på at bustadtilbodet bør bli meir variert for å imøtekomme ulike ønske og behov.

Det må også nemnast at innbyggjarane (på folkemøta) var svært opptekne av trafikktryggleiken. Det var eit gjennomgåande ønske om å få bygd fleire gang- og

sykkelvegar både i bygdene og mellom bygdene. Nokre av kvalitetane som blei trekt fram ved bygdene var arbeidsplassar, fritidstilbod/tilbod til barn og unge, turisme, dugnadsånd og samhald, natur og friluftsliv. Desse sistnemnde kvalitetane kjem tydeleg til uttrykk i «ut på tur»- og «turkart»-prosjekta. I samarbeid med frivillige har kommunen merka og skilta til saman 74 turløyper i bygdene. Turinformasjon og turkart for alle turane er å finne på kommunen sine nettsider. Eit godt merka og variert tilbod av turløyper fører til at fleire av innbyggjarane kjem seg ut på tur. Vindafjord er ein kommune med naturlege føresetnader for friluftslivs-opplevingar. Me har mykje å by på i høve til både fjord-, fjell- og kulturlandskap. Med tanke på kor viktig fysisk aktivitet er for folkehelsa, bør vidare satsing på friluftsliv vere viktig og kan også vere eit verkemiddel for å gjere oss buattraktive.

Hovudutfordringa for kvar og ein kommune er å bidra slik at ein har naudsynnte føresetnader for busetting. Kva verkemiddel som er naudsynt vil variere i høve til lokalsamfunna sine særtrekk. Derfor har kommunen ei viktig rolle i lokalt utviklingsarbeid. Grunnlaget for ei positiv lokal samfunnsutvikling ligg ofte i ei blanding av det å utvikle næringsliv og tettstad- og bustadområde, og kulturuttrykk og tenester (Stortingsmelding nr 25 (2008-2009)). Årsakene bak bustadval er som regel samansette og vil vere avhengig av faktorar som familie og arbeid, nabolag, livsfasar som endrar seg, identitet og kva er best for barna m.m.

Hovudutfordringar:

- Folketalsutviklinga; i hovudsak at me i framtida får fleire eldre og at me har låg andel i aldersgruppa 20 til 44 år
- Gode barnehagar og skular som gir grunnlag for gjennomføring av vidaregåande skule, deltaking i arbeidsliv og bygger opp om levande bygder
- Å vere buattraktive og ha eit variert butilbod for ulike målgrupper i alle bygder
- Integrering av nye innbyggjarar
- Imøtekomme det aukande omfanget av kommunale oppgåver innanfor helse- og sosialomsorg
- Ta vare på dugnadsånd og vilje til frivillig arbeid
- Styrke folkehelsa

Satsingsområde: Levande bygder

Vindafjord skal vere ein kommune med levande bygder.

Her skal alle bli møtt med respekt og likeverd uavhengig av kulturbakgrunn og sosial situasjon.. Bustadområde skal vere varierte med tanke på ulike behov, slik at innbyggjarane kan bu i eigen heim lengst mogleg. Bygdene skal vere ein trygg stad å vekse opp, dei skal ha fellesarenaer som skapar gode sosiale nettverk og får innbyggjarane til å vere aktive ut frå sine føresetnader. Fellesskap skal byggast på tvers av kulturar og grupper som er trygge på eigne verdiar og med samarbeid og dugnadsinnsats som igjen gir grunnlag for trivsel og tryggleik. Vindafjord skal vere ein god kommune og bu i for sårbare grupper og nye landsmenn. Innbyggjarane skal vere ved god helse og ha det bra.

Vindafjord er ein kommune med levande bygder!

Dette ønsker me (mål):	Slik gjer me (strategi):
1. Ein årleg befolkningsvekst på 1 %	1. Arbeide for at fleire skal busette seg i Vindafjord. Målgruppene skal vere: utflytta vindafjordingar, inn-pendlerane, barnefamiliar, arbeidsinnvandrarar og flyktningar. Kommunale tilbod retta mot målgruppene skal prioriterast. 2. Integrering av nye innbyggjarar skjer i nærmiljø i nært samarbeid med frivillige. 3. Arbeide for positiv omdømmebygging av bygdene og drive ei samordna marknadsføring av dei ulike kvalitetane til Vindafjord som bustadkommune. 4. Det er viktig å utvikle og marknadsføre Vindafjord kommune som ein attraktiv bukommune. Dette krev ei brei satsing på bustadtomter, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og service, og ein desentralisert barnehage- og skulestruktur. Kommunen vil også ha særleg fokus på at lokal ungdom flyttar tilbake etter endt utdanning og busett seg her. 5. Utviklingsarbeid skjer i samarbeid med grendeutvala. Det skal etablerast faste møte.
2. Fremme folkehelse og jamne ut sosiale helseskilnader. Gode levekår for innbyggjarane. Fysisk og sosialt aktive innbyggjarar.	1. Arbeide heilskapleg og sektorovergripande med folkehelse. 2. Ha løpande oversikt over helsetilstanden i kommunen og bruke den aktivt i tenesteytinga. 3. Prioritere trafikkisikring i ein avstand på 4 km frå skule. 4. Natur, friluftsliv, helse og miljø skal vere ein naturleg del av kvardagen i barnehagar og skular. 5. Arbeide offensivt for friluftsliv og gjere Vindafjord til ein turkommune. 6. I samarbeid med frivillige støtte opp om aktivitetstilbod som fremmar fysisk aktivitet. 7. Legge til rette for sosiale møteplassar i samarbeid med frivillige. 8. Førebyggjande arbeid med særskilt vekt på psykisk helse.
3. Alle barn og unge skal gis eit læringsløp der kvar einskild får oppfylt sitt faglege potensiale og blir eit trygt, aktivt og sjølvstendig menneske. Alle barn og unge skal oppleve å høyre til, å trivast og å meistre.	1. Gi opplæring som utfordrar i høve til enkeltindividet sitt kompetansenivå. 2. Gi opplæring som utvikler barn sine sosiale og emosjonelle ferdigheter. 3. Barnehage- og skulestruktur som sikrar kvalitet i opplæringa og bygger opp om levande bygder. 4. Arbeide for at flest mogleg skal ha eit godt grunnlag for å gjennomføre vidaregåande skule. 5. Bruke nærmiljø og lokalsamfunn (naturen, frivillige og næringsliv) i opplæringa. 6. Ta barn og unge med på råd. 7. I dei kommunale tenester retta mot barn, aktivt nytte familien som ressurs. 8. Utarbeide strategiplan for barnehage og skule og PPT.
4. Vere eit opent og	1. Vaksenopplæringa skal så raskt som mogleg kvalifisere

inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking.	deltakarane for ordinære løp i skule/praksis/arbeid. 2. Samarbeid mellom vaksenopplæringa og NAV. 3. Støtte opp om tiltak og frivillig verksemd retta mot innvandrarar og flyktningar for å gjere denne gruppa aktive og sjølvstendige deltakarar i lokalsamfunnet.
5. Alle skal kunne delta i frivillig verksemd og oppleve det som godt både for seg sjølve og for samfunnet.	1. Legge til rette for kulturtilbod og -aktivitetar for barn og unge. 2. Utvikle gode møteplassar og stimulere til nettverk for aktivitet.
6. Enkeltmenneska skal i størst mogleg grad meistre eige liv. Tenestetilbodet basert på samarbeid og medansvar skal bygge opp om dette. Enkeltmenneska skal møtast med respekt og likeverd. Desse verdiane saman med kvalitet og heilskapstenking skal prege tenestetilbodet. Alle skal sikrast naudsynt hjelp og omsorg til rett tid.	1. Utarbeide strategiplan for helse og omsorg . 2. Etablere samarbeidsforum mellom helse og omsorg, kultur, private og frivillig sektor. 3. Hjelp barn og unge som lever under vanskelege forhold både sosialt og økonomisk. 4. Utvikle ein strategi for frivillig arbeid innanfor helse og omsorg. 5. Legge til rette for bruk av velferdsteknologi. 6. Koordinerte og teambaserte helse- og omsorgstenester utifrå brukarane sitt behov (ikkje ut ifrå diagnose eller profesjonar) . 7. Etablere rutinar for å identifisera og følgja opp personar med rusutfordringar og psykiske utfordringar. 8. Legge til rette for kvardagsrehabilitering i heimeteneste. 9. Eit tenestetilbod der brukar er aktiv deltakande i si habilitering/rehabilitering (brukarråd).
7. Trygge barn og unge. Gode og inkluderande oppvekstmiljø.	1. Samarbeide til barns beste på tvers av fagområde og sektorar med tidleg innsats frå svangerskap av. 2. Vere fleksible i tilbodet til barn og unge m/ familiar som treng hjelp. 3. Legge til rette for trygge oppvekstmiljø i arealplanlegging og opparbeiding av bustadområde. 4. Prioritere trafiksikring i ein avstand på 4 km frå skule. 5. Førebyggjande arbeid retta mot foreldregruppa.
8. Kommunen er buattaktiv for alle aldersgrupper. Alle bygder har attraktive bustadområde/bustadmiljø. Ha butilbod som er tilpassa menneske i ulike livssituasjonar.	1. Gjennomføre ein bustadanalyse for heile kommunen som grunnlag for eit betre og meir tilpassa butilbod i høve til behov i kvar av bygdene. 2. Ha tilgjengeleg attraktive bustadtomter og varierte butilbod i alle bygder. 3. Legge til rette for universelt utforma bustadar og butilbod med omsorgsfunksjonar i Ølen, Skjold og Sandeid. 4. Ha eit tilbod om spreidd busetnad og/eller husklynger der det er naudsynt ut frå busettingsomsyn og som alternativ til bustadfelt for å vere buattraktive. Busettingsomsyn er særskilt gjeldande i Imsland, Bjoa og Vikebygd. 5. Det er viktig at ein ser på tiltak for å auke buattraktivitet, tilflytting og tilbakeflytting i bygdene med særleg vekt på dei bygdene som har nedgang i folketalet (for dagens situasjon sjå fig. 4 s. 9). I dette arbeidet må ein samarbeide med

	grendeutvala i kvar bygd. 6. Fremme gode bumiljø i nye bustadområde og ta vare på kvalitetane ved eksisterande bumiljø . Fortetting skjer i eksisterande busetnad som ligg nær barnehage og skule. 7. Legge til rette for møteplassar/uterom/leikeplassar i alle bumiljø/nærmiljø. 8. Kommunen legg til rette for bustadbygging i alle bygder. 9. Bustadsosial handlingsplan er eit verktøy i arbeidet med å sikre bustadar for alle grupper. 10. Ha god dialog med grendeutvala om pågåande planarbeid.
--	--

Samanhengen med arealdelen

Bustadareal er ein av føresetnadene for befolkningsvekst. Kommunen har sett av areal til bustadområde i alle bygder. Busettinga er i historisk samheng lokalisert som ei fortetting i jordbrukslandskapet ved fjorden. Byggeforbodet i 100-metersbeltet og vern om landbruksjord kombinert med elles bratt landskap i liene, kan gjere det vanskeleg å finne nye bustadområde. I Sandeid har dette vist seg særskilt vanskeleg. Med framlegg til ny arealdel av kommuneplanen har ein ikkje funne tilstrekkeleg bustadareal for Sandeid gjennom heile planperioden.

Bustadområda er lokalisert nær barnehage og skule og ein har vurdert potensialet for fortetting i eksisterande bustadområde ut frå tankegangen om å sentrere bustadbygginga i område med gangavstand til barnehage og skule. Slik vil me i størst mogleg grad imøtekomme strategiane om trafikksikker skuleveg og trygt oppvekstmiljø.

Lokaliseringa av bustadområda samt korleis desse blir detaljregulert vil seie noko om buattraktiviteten og i kva grad me klarar å skape varierte butilbod og gode bumiljø.

Det er sett av areal til barnehage og skule i alle bygder noko som bygger opp om strategien om å ha ein «barnehage- og skulestruktur som sikrar kvalitet i opplæringa og bygger opp om levander bygder».

Å ha eit tilbod om spreidd busetting og/eller husklynger der det er naudsynt ut frå busettingsomsyn og som alternativ til bustadfelt for å vere attraktive, har vist seg vanskeleg å få gjennomslag for hos regionale styresmakter i denne omgang. I arealdelen har ein ikkje fått inn nye husklynger og LNF-2 områda er reduserte. Å utarbeide ein bustadanalyse for heile kommunen, vil gi oss eit betre grunnlag for arealdisponeringa ved neste revisjon av kommuneplanen, slik at me kan få eit meir tilpassa butilbod i høve til behova i kvar bygd.

5.2 Handelkraftig kommune og samfunn

5.2.1 Vindafjord i regionen

Vindafjord er ein del av Haugalandet. Regionen omfattar kommunane Sauda og Etne nordaust for Vindafjord, og kommunane Tysvær, Bokn, Sveio, Haugesund, Karmøy og Utsira vest og sørvest for kommunen. Desse ni kommunane utgjer eit felles bu-, arbeids- og serviceområde.

Vindafjord ønsker å vere ein livskraftig kommune på indre Haugalandet der Ølen skal bli eit sentrum for denne delen av regionen. Befolkningsveksten på Haugalandet er sterkast i områda Haugesund/fastlands-Karmøy og bynære område aust til Aksdal og sør til Kopervik/Åkra/Vea. Elles i regionen er det dei større tettstadane Ølen, Etne og Sveio sentrum og einskilte område langs hovudvegnettet som har vekt. Dette bildet stemmar overeins med dei utviklingstrekk som er omtalt for Vindafjord kommune i kap 4.0. Pendlinga er relativt sett størst til Haugesund og Vindafjord. Dette har samanheng med næringsstrukturen og talet på verksemder i desse kommunane. Heile Haugalandet er å sjå på som ein felles arbeidsmarknad med ein viss grad av pendling mellom kommunane. Pendlinga ut av regionen er på grunn av reiseavstandar naturleg nok mindre.

E134 er ei svært viktig ferdselsåre som går gjennom kommunen og har stor betydning for busetting og næringsliv. Ei god samfunnsutvikling er avhengig av eit godt samarbeid mellom kommunane. Det er ei utfordring å sikre ei god og heilskapleg utvikling for ei befolkning som i dagleglivet opererer på tvers av kommunegrensene. Vidare er veksten i Vindafjord sterkt avhengig av den samla nærings- og befolkningsveksten i regionen. I åra som kjem er det planlagt store investeringar på hovudvegane på og omkring Haugalandet. Dette inkluderer ferjefri kyststamveg E39 med Rogfast mot Stavanger, Hordfast mot Bergen og standardheving over Haugalandet. I tillegg er E134 foreslått som ein av to hovudtrasear aust-vest, og der ein har komme lengst med planlegginga i Vindafjord og Etne. Desse vegprosjekta er venta å få stor betydning for Haugalandet.

5.2.2 Næringsutviklinga i Vindafjord

Eit hovudtrekk i næringsutviklinga har i mange år vore at primærnæringsane og industrien blir meir effektive og har nedgang i sysselsettinga. Samstundes veks offentleg og privat tenesteyting, men desse næringsane har ein tendens til å konsentrere seg til byane. I 2014 var det ca. 52.000 arbeidsplassar på Haugalandet – ei eigendekning på ca. 95 % i regionen. I forhold til større regionar, har Haugalandet ei høgare sysselsetting i industrien, og lågare innan forretningsmessig og statleg tenesteyting.

Vindafjord har hatt ein markant auke i talet på verksemder frå år 2009 til 2016, sjølv om det har vore ein reduksjon frå 2015-2016. Samanlikna med 2009 er auken på omlag 9,6 prosent. Denne auken er noko mindre enn for Haugalandet totalt sett, som har hatt ein auke på nesten 12 prosent i perioden frå 2009 til 2016. Næringsutviklinga på Haugalandet har vore sterk dei seinare åra – parallelt med høg aktivitet på sokkelen.

Statistikken viser at industriverksemd er den største næringsgruppa i Vindafjord kommune målt i talet på sysselsette. Sysselsettinga innan industri har auka med nesten 40 prosent i perioden frå 2008 til 2015. Helse- og sosialtenester er nest største næringsgruppe. I denne gruppa har det vore ein auke i sysselsettinga på om lag 25 prosent i same periode. Primærnæringsane (jordbruk, skogbruk og fiske) er tredje største næringsgruppe, men her ser me ein nedgang i sysselsetting på 12,5 prosent frå 2008 til 2015 (nedgangen gjeld sysselsettinga, produksjonen er oppretthalden).

Industrien er konjunkturavhengig og for tida er offshoreindustrien, med relaterte næringar, ramma av innstrammingar og nedskjeringar. Heile vestlandsregionen har begynt å merke dette, så også Vindafjord der industriverksemd sysselsett flest folk i kommunen. I tillegg er

landbruksnæringa svært viktig i kommunen. Primærnæringane er tredje største næringsgruppe, strukturendringar og rasjonalisering gjer at nedgang i sysselsetting innanfor denne næringa vil halda fram.

Ein avgjerande føresetnad for busetting og vekst i folketal er at kommunen har ein variert og sikker arbeidsmarknad. Vindafjord er kjent for sitt sterke næringsliv. Me har store verksemdar som har vist styrke i marknadane og evne til omstilling når det har vore eit behov. Me har næringar som treng areal både på sjø og land og næringar som sterkt er knytt opp til bruken av våre naturressursar. Dyrka mark og beite er grunnlaget for den matproduksjon som skjer i kommunen og må reknast som bonden sitt «næringsareal». Rogaland har ein visjon om å vere matfylket med produksjon av både blå og grøn mat, og Vindafjord har stor matproduksjon både på sjø og land.

5.2.3 Næring basert på naturressursane

Landbruksnæringa med husdyrproduksjonen og utnyttinga av grovfôrareal og utmarksressursar, har i alle år vore ein berebelke for utviklinga i bygdene i kommunen. Vindafjord er i dag ein av dei største husdyrkommunane i landet der storfehold, sau og gris er dei dominerande produksjonane. Næringa har endra seg mykje dei seinare åra med stort trykk på rasjonalisering, men med sitt sterke fagmiljø har næringa likevel vist evne til tilpassing og investeringsvilje for framtida. Strukturendringar og rasjonalisering har ført til nedgang i sysselsetting innan næringa, men ikkje til nedgang i produksjonen. Med ei nasjonal målsetjing om auka matproduksjon, er det viktig at næringa får tryggleik for bruken av dyrka areal og beite i heile kommunen.

Vindafjord kommune har heile 15 % av det produktive skogarealet i Rogaland fylke. Dette skogarealet har høg produksjonsevne og gode føresetnader for auka produksjon gjennom eit aktivt skogbruk. Skogbruksnæringa har hatt ei positiv utvikling i kommunen over tid. Det er vist stor vilje til bygging av skogsbilveggar og planting.

Med ei nesten 170 km lang kystline har Vindafjord kommune stort potensiale for sjøbasert næringsliv. Havbruksnæringa og havbruksrelatert næring er også etablert i Vindafjord. Det er ei nasjonal målsetting om vidare vekst i verdiskaping og produksjonskapasitet, men næringa står overfor store utfordringar. Vekst vil vere sterkt avhengig av at næringa klarar å løyse miljøutfordringa som lusesituasjonen skapar og at dei får tilstrekkeleg tilgang på sjøareal. Å ta i bruk nye produksjonsmetodar vil også vere eit verkemiddel for vekst i næringa. Det er under arbeid regionalt planarbeid for sjømråda både i Sunnhordland og i Ryfylke og Vindafjord kommune er ein del av begge desse planane.

Innanfor ei miljømessig berekraftig ramme må kommunen i si planlegging legge til rette for å oppretthalde og vidareutvikle produksjonen innanfor primærnæringane.

Vindafjord er ein langstrakt kommune med store avstandar og lang kystline. Bygdene har kvar sine spesielle kvalitetar som kan nyttast meir medvite i høve til planlegging og marknadsføring. Til dømes er Vikedal ei «turist- og festivalbygd, Ølen og Ølensvåg er god på industri og Skjold med si geografiske plassering ligg sentralt i høve til arbeidsmarknaden både på ytre og indre Haugalandet. Strategisk satsing på næringsliv må stå sentralt for å halde på kommunen sin posisjon som attraktiv for næringsetableringar.

Regionalplan for areal og transport på Haugalandet legg føringar for vekst og utvikling i Vindafjord. Ølen er i denne planen definert som regiondelsenter. I regionalplanen sine retningslinjer står det at «*Viktige publikumsrettede funksjoner som bare gis på ett sted innenfor del av regionen, skal lokaliseres i regiondelsenter. Publikumsrettede fellesfunksjoner for indre deler av Haugalandet skal fortrinnsvis lokaliseres i Ølen sentrum*». Vidare styrking og befolkningsutvikling i Ølen vil kunne ha stor betydning for å halde på arbeidsplassar og busetting på indre Haugalandet. Ølen som kommunesenter har funksjon som knutepunkt for bygdene rundt. Samstundes kjem fleire til å busette seg i tettstaden og me må utvikle eit sentrum som både er attraktivt for næringslivet og som er godt å bu i. Eit

levande sentrum med eit variert tilbod av bustadar, handel og kultur er viktig for kommunen sin bu-attraktivitet og konkurransekraft totalt sett.

I Regionalplan for areal og transport på Haugalandet er Ølensvåg definert som områdesenter. I retningslinjene står det at her kan «publikumsrettede eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjoner rettet mot nærmeste omland» etablerast.

Me er gode på å skape arbeidsplassar kom det fram på folkemøta, men innbyggjarane var opptekne av at alle må få fiber, nett og/eller mobildekning. Det er mange små verksemdar rundt i bygdene som treng dette «verktøyet» i kvardagen. Det legg grunnlaget for fortsatt eksistens, men vil også vere av betydning for etablering av nye arbeidsplassar i bygdene. Innbyggjarane er også svært opptekne av at det blir tilrettelagt for næring. Å ha ferdig opparbeidde næringsareal er av betydning for nyetableringar. Det er også viktig å ha areal av ein viss storleik då dette stimulerer til samlokalisering, etablering av næringsklynger og kan skape nettverk. Betre vegar blei også trekt fram som viktig under satsingsområde handlekraft. Dårlege kommunikasjonar hindrar utvikling og vekst i bygdene.

Vindafjord kommune har store areal sett av til næring i arealdelen av kommuneplanen. Næringsareala er i ulik grad tilrettelagt med infrastruktur og har ikkje ei klar prioritering for i kva rekkefølge utbygging skal skje. Næringsareala har ulike eigenskapar – storleik, utforming, sentralitet, nærleik til busetnad og tilgjengelegheit med ulike transportmidlar. Kommunen har ei sentral rolle i å legge til rette for næringsutvikling ved å integrere innovasjon og kompetanse i planlegginga, sette av tilstrekkelege areal til næring, og vere delaktig i opparbeiding av infrastruktur. Kommunen har også ei viktig rolle i høve til å verne om bonden sitt næringsareal. Tilgang på arbeidskraft med relevant kompetanse, samt oppretthalde og vidareutvikla eksisterande kompetanse, er avgjerande for auka verdiskaping og vekst.

5.2.4 Infrastruktur

Skal me vere ein handlekraftig kommune må me ha ein sikker og god infrastruktur. Kommunen har ulike utfordringar i dag. Vasslekkasjar, leidningskapasitet og mangel på råvatn i framtida er utfordringar i høve til å sikre innbyggjarane tilgang på nok vatn av god kvalitet.

Eit overordna mål (Vassdirektivet til EU) er at alle vassførekomstar skal ha «god økologisk og kjemisk tilstand». I Vindafjord har dette arbeidet retta fokus mot 1. Ølsfjorden med forureina sediment og private og offentlege utslepp, 2. Vatsvassdraget med forureining frå landbruk og kloakk/diffuse utslepp, 3. landbruksforureining i heile kommunen og 4. kloakk og diffuse utslepp i heile kommunen. 30% av innbyggjarane i kommunen har lokale, separate løysingar for sitt avløpsanlegg. For å sikre gode framtidige løysingar er det ønskeleg å samle dei til større einingar. Vidare er det behov for å oppgradere mange av kommunen sine eldre reinseanlegg.

Handtering av overvatn blir stadig viktigare. Meir bygging, meir intensivt regn og større areal med faste flater kan føre til store mengder overvatn. Sett i samband med samfunnstryggleik og beredskap blir det å ha gode rutinar og løysingar for handtering av overvatn avgjerande.

Det er peika på Vindafjord sitt sterke næringsliv og den relativt store grad av pendling som går føre seg i kommunen og regionen. God standard på vegane og trafikktryggleik er derfor viktig. Den viktigaste trafikkåra i kommunen er E134. Ei omlegging av denne i Skjold var ferdigstilt hausten 2015. Kommunedelplan for ny E134 mellom Solheim i Skjold og Bakka i Etne blei vedteken hausten 2015. Å løyse finansiering av dette prosjektet og å arbeide for å få det inn i Nasjonal Transportplan vil vere viktig for ei langt tryggare og meir effektiv transportåre og for å gi våre tettstadar langs E134 nye utviklingsmoglegheiter.

Det er fleire fylkesvegar i kommunen som ikkje har tilfredsstillande standard då dei er smale, svingete og som regel utan gang- og sykkelfelt. Til dømes er fv 734 frå Isvik til Utbjoa svært smal og gir lite sikt, det same gjeld store delar av fv 46, Saudavegen.

Breiband er viktig for folk og verksemder i Vindafjord. Skal me tilby gode bu og levekår i heile kommunen er nett, mobildekking og breiband av stor betydning. Barn og ungdom, barnefamiliar og folk i alle grupper har behov for å vere ein del av den moderne og digitaliserte verda. Nye teknologiske moglegheiter kan komme til nytte i arbeid, fritid og omsorg for å nemne noko. Store geografiske område har ennå ikkje god nok dekning og kommunen har gjort eit arbeid med å kartlegge dette. Fem prosjekt er prioritert i åra som kjem; Dørheim – Fikse, Roa – Dreganes, Sandeid – Steinsland, Nerheim – Økland og Vikedal – Mo. Det er også løyvd midlar til dette arbeidet. I tillegg må det sjåast etter løysingar med å auke mobildekkinga og moglegheiter for mobilt breiband der fiber ikkje er løyselig.

5.2.5 Samfunnsutvikling

Lokal samfunnsutvikling spenner vidt. Det handlar om samfunns- og arealdelen i kommuneplanen, stadutvikling, å skape engasjement og tilhøyrrigheit, utradisjonelle og nyskapande grep i utviklinga av tenestetilbodet, å stimulere til demokratisk deltaking, samferdsle, transport og digital infrastruktur for å nemne noko. Samfunnsutviklingsrolla handlar i stor grad om å utnytte det lokalpolitiske handlingsrommet og å organisere arenaer for samhandling og utvikling av nettverk mellom dei ulike aktørane i lokalsamfunnet. Kommunen har ei nøkkelrolle i å få til ei positiv samfunnsutvikling. Kommunen må ta ansvar for heilskap i prosessane, sørge for at alle grupper blir høyrte og representerte. Kommunen må mobilisere til lokale krafftak og utløyse og støtte opp om lokale initiativ.

To utfordringar framstår som særleg sentrale for eit aktivt arbeid med lokal samfunnsutvikling:

- kapasitet og kompetanse i kommunen
- svak samordning av mangfaldige initiativ, forventningar og verkemiddel, (St.meld. nr. 25 Lokal vekstkraft og framtidstru)

Kommunen har tatt mange viktige grep dei siste åra i forhold til samfunnsutvikling gjennom aktivt reguleringsarbeid, arbeid med infrastruktur, arbeid med tomteutvikling gjennom Vindafjord tomteselskap og næringsutvikling ved bruk av næringsfond. Årleg folkevekst har vore mellom 1 og 2 % dei siste åra, men ser no ut til å flata ut. Det er derfor viktig å utvikle og marknadsføre Vindafjord kommune som ein attraktiv bukommune. Dette krev ei brei satsing på bustadtomter, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og service og desentralisert barnehage- og skulestruktur.

Kommunen samarbeider med Medvind næringshage om næringsutvikling og etablerarretteleing. Kommunen har store areal sett av til næring i kommuneplanen, men berre nokre få felt er utvikla klare for sal. I næraste framtid vil utvikling av Nerheim næringsområde bli prioritert. Landbruket i Vindafjord er ein viktig grunnpilar i næringslivet, både som primærnæring og som grunnlag for anna næringsliv i kommunen. Det vert arbeidd kontinuerleg med utvikling av landbruksnæringa.

Ølen som kommunesenter er eit viktig satsingsområde. Eit sterkt sentrum gir heile kommunen styrke i regionen. Kommunen har søkt deltaking i eit tettstadsutviklingsprosjekt i regi av Rogaland fylkeskommune. Prosjektskildringa her er å bygge identitet og sjølvkjensle for tettstaden Ølen, og ein bevisstheit i heile kommunen om at eit sterkt kommunesenter er godt for dei åtte andre bygdene. Det er også viktig å arbeide kontinuerleg med tettstadsutvikling/bygdeutvikling for å bygge identitetskjennele hos innbyggjarane og auke eigen kompetanse i organisasjonen.

Frivillig arbeid og grendeutval

Grendeutvala vert tatt aktivt med i saker som omhandlar utvikling i bygdene, herunder

folkehelsearbeid. Utvala er også sentrale i arbeidet med kommuneplanen. Kommunen har styrka samarbeidet med grendeutvala for å bygge opp under kvalitetane i dei einiskilde bygdene. I Vindafjord er det lange og gode tradisjonar for frivillig arbeid. Dette er eit heilt uvurderleg samfunnsnyttig og ulønna arbeid i bygdene våre. Å delta i frivillig arbeid er både meiningsfylt og helsefremmande, og bidrar til glede for både den som gir og den som får. Å ta vare på desse verdiane gir eit godt samfunn å bu i for folk i alle aldrar. Å stimulere til, støtte økonomisk og utvikle eit tettare samarbeid med dei frivillige organisasjonane er ein viktig del av lokal samfunnsutvikling.

5.2.6 Samfunnstryggleik

Både menneskeskapte og naturskapte hendingar dei siste åra har sett fokus på samfunnstryggleik og beredskap i alle forvaltningsområde. Sett bort frå nokre kraftige stormar dei siste åra, har Vindafjord kommune sloppe relativt lett frå utfordringane andre har opplevd. Samfunnstryggleik og beredskap er uansett eit tema som må vere sektorovergripande i kommunen.

Den heilskaplege ROS-analysen som blei utarbeida i 2013 gjer opp status og peikar på ei rekke utfordringar for Vindafjord kommune. Me har store industriarbeidsplassar, eit aktivt landbruk og stor trafikk langs både europaveg og fylkesvegar for å nemne noko som kan skape ulike risikomoment. Dårleg vegstandard sett i samanheng med stor trafikk kan skape farlege situasjonar. Ikkje overraskande viser ROS-analysen at trafikken medfører eit av dei største risikoområda me har i kommunen. Me vil også kunne bli råka av ekstremver i form av vind, nedbør og stormflo som gir andre utfordringar.

5.2.7 Kommunen som organisasjon

Økonomi og styring

Økonomisk styring

Det er god økonomisk styring i kommunen sjølv om ein har hatt økonomiske utfordringar innan nokre område dei siste åra. Det gjeld i særleg grad pleie og omsorgssektoren, helse- og sosialhjelp og eit større investeringsprosjekt.

Det er viktig å stadig utvikle meir presise budsjettverktøy og enda betre styringssystem i tida framover. Dette for å sikre rett driftsnivå og rett fordeling av økonomiske ressursar mellom dei ulike sektorane basert på reelle behov for tenester. Det er og behov for å utvikle betre analyser av tenesteutviklinga og ressursbruken som støtte for budsjettarbeidet.

Økonomisk handlingsrom

Kommunen har gjennom stram økonomisk drift over mange år opparbeidd eit godt økonomisk handlingsrom. Netto lånegjeld pr. innbyggjar er om lag som for Rogaland i snitt, men under kommunegruppe 11 og landssnittet. Netto driftsresultat har i fleire år vore over tilrådd nivå, men har vore under press dei siste åra. Inntektssvikt har ført til vanskelegare økonomisk drift og noko svekka handlingsrom. I økonomiplanen er det lagt opp til klare økonomiske resultatmål. Det er mellom anna vedtatt eit mål for netto driftsresultat på minimum 1,75%.

Styringssystem

Kommunen har eit gjennomgåande plansystem der planstrategi, kommuneplan, økonomiplan og årsplan utgjer eit heilskapleg plansystem med rapportering gjennom tertialrapporter og årsmelding. Det vert lagt opp til sterkare binding mellom kommuneplanen og økonomiplanen i komande periode, der økonomiplanen i større grad blir «kommuneplanen sin handlingsdel».

Oppfølging av politiske vedtak

Det er utarbeidd eit system som sikrar at politiske vedtak vert gjennomført i tråd med plan. Politiske utval og kommunestyret får systematisk rapportering på status 2 gonger i året. Status på plansaker vert rapportert fortløpande.

Informasjonstryggleik

Kommunen handterer store mengder sensitiv informasjon både i form av digitale og papirbaserte dokument. Det er viktig å ha eit medvite forhold til handtering og lagring av dette for å sikre god informasjonsflyt, samstundes som alle skal kunne vere trygge for sikker behandling av sensitiv informasjon. Kommunen er i gong med ein overordna strategi for informasjonstryggleik som skal danne grunnlag for at dette blir handtert på ein god måte.

Leiarutvikling

Kommunen har eit eige leiarutviklingsprogram der tema rullerer utifrå organisatoriske behov og opplevde behov bland leiarane. Det vert og lagt til rette for at leiarar kan ta del i eksterne leiarutviklingsprogram. Dette har vore mest nytta innan skule og pleie/omsorg. Det er krevande å vere leiar i kommunal sektor og det er viktig å legge til rette for god og målretta leiarutvikling i tida framover. Kvalitet på tenestene og høg medarbeidartilfredshet heng saman med god leiing.

Brukarar og tenestekvalitet

Brukaropplevd kvalitet

Brukarundersøkingar har vore eit viktig verktøy i arbeidet med kvalitetsutvikling av tenestene. Dei siste åra har ein nytta KS sitt eigenutvikla opplegg, www.bedrekommune.no og skoleporten.no. Formannskapet har vedtatt plan for gjennomføring av undersøkingar i dei ulike tenestene. Det er tid for å gå gjennom denne og vurdere om ein skal halde fram med desse undersøkingane, eller om ein skal nytte andre metodar for å få fram brukaropplevd kvalitet i tenestene.

Kommunal service

Ved «Kommunetesten 2016» kom kommunen mykje dårlegare ut enn ved tidlegare målingar. Det er særleg innan «Svar på e-post» ein scorar lågt, medan resultata for nettenestene er langt betre. Resultata vert analysert og dannar grunnlag for auka satsing på at kommunen skal gje raske og gode svar til alle som vender seg til kommunen.

Interkommunalt samarbeid

Det har vore auka satsing på interkommunalt samarbeid dei siste åra. Dette er ein viktig strategi der eit auka omfang/samarbeid vil kunne gje betre og meir stabile tenester. Etter ein lang prosess konkluderte kommunestyret i kommunereformarbeidet med at Vindafjord skal bestå som eigen kommune. Dette vil auke behovet for interkommunale løysingar på ei rekke områder i åra framover.

Etne kommune har til no vore den viktigaste samarbeidskommunen. Vindafjord er vertskommune for områda: pedagogisk psykologisk teneste (PPT), legevakt, brann og redning(administrasjon) og barnevern. Etne er vertskommune for SLT-koordinator og IKT.

Legevaktssamarbeidet omfattar heildøgns bemanna legevakt i samarbeid med andre kommunar på Haugalandet. Det er og vedteke interkommunalt samarbeid med Haugesund som vertskommune for å drifte kommunale øyeblikkeleg hjelp senger frå 01.01.2016. Kommunen har og ei rekke andre etablerte samarbeid som t.d. renovasjon, krisesenterdrift, arkiv, kontrollutvalssekretariat, skjenkekontroll, miljøretta helsevern mm.

Etter planen vert Haugaland brann og redning IKS etablert i januar/februar 2017 med oppstart av den nye organisasjonen frå oktober same år. Det er ein ambisiøs framdriftsplan. Selskapet skal ta over alt brann og redningsansvar for

deltakarkommunane.

Vindafjord kommune bør framover søkja samarbeid med andre kommunar på Haugalandet der dette gjer billigare og betre løysingar enn om kommunen løyser oppgåva aleine. Samarbeid er med på å binde kommunane saman og kan på sikt danne grunnlag for nye debattar om kommunestruktur. Ein bør difor søka samarbeid der dette er fornuftig i eit slikt perspektiv.

Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunesektoren har to arbeidsgjevarpolitiske hovudutfordringar. Den eine er evne til å rekruttere, utvikle og halde på medarbeidarar. Den andre er evne til utvikling og nyskaping. Kompetansemobilisering er naudsynt for ein framtidsretta arbeidsgjevarpolitikk som kan møte Vindafjord kommune sine behov for nyskaping, rekruttering og utvikling av medarbeidarane. Samarbeid mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakersida er vesentleg for å skape trygge arbeidsplassar med meningsfullt arbeid.

Rekruttere, utvikle og halde på medarbeidarar

Omdømmebygging og marknadsføring av kommunen som ein trygg arbeidsplass med ryddige forhold, men med spanande og varierte dagar, er viktig. Breidda og innhaldet i dei kommunale jobbane stadfester at kommunen er ei unik bedrift som har eit unikt oppdrag. Det er ei utfordring å synleggjere dette, særleg med omsyn til rekruttering.

Lærlingane våre er ein viktig del av omdømme- og rekrutteringsarbeidet. Kommunen er ein arbeidsplass som får skryt for lærlingarbeidet og har som ambisjon å bli stadig flinkare. Det er viktig å få dei unge inn i kommunen, slik at dei på denne måten får vite kor spanande arbeidsplassar som finst her. Slik får ein gode ambassadørar, også blant dei unge, for Vindafjord kommune. Det er behov for mange nye arbeidstakarar i åra som kjem, og dette er ein av våre store utfordringar. Det å gjere oss attraktive nok til å tiltrekke oss arbeidskraft, samt klare å behalde dei tilsette me har, er avgjerande for framtida. Det ser ut til at det særleg innanfor helsefag kan bli stor mangel på arbeidskraft nokre år fram i tid. Me veit også at det vil komme mange helsefagstudentar ut frå vidaregåande skule frå og med 2017. Desse vil trenge læreplassar.

For å sikre god rekruttering av kvalifisert personale må kommunen ha ein aktiv lønspolitikk. Lønspolitikken i Vindafjord kommune skal verdsetje individuell dugleik, kompetanseutvikling og evne til å ta ansvar, og gjere det lettare for medarbeidarane å forstå og påverke lønsutviklinga.

Kompetanse

Motiverte tilsette med rett kompetanse er heilt naudsynt for kommunen som organisasjon og tenestetilbydar. Kommunen har ulike verkemiddel på dette området. Vindafjord legg til rette for at den einskilde tilsette skal få høve til å utvikla sin kompetanse. Me ynskjer at alle tilsette stadig vurderer nye og betre måtar å arbeide på slik at ein kan få nytte både den einskilde og organisasjonen sin samla kompetanse på best måte. Vindafjord kommune har eigen strategisk kompetanseplan. Einingane har einings- og/eller sektorvise kompetanseplanar. For leiarane er det etablert system for leiaropplæring og –utvikling i leiarforum. Ein har kontinuerlig kontakt med eksterne aktørar om kurstilbod og kompetanseheving.

Heltidskultur

Det er ei kjent utfordring at kommunane har mange småstillingar, særleg innanfor pleie og omsorg. Nasjonal forskning og undersøking viser at det meste av deltid er ønskt deltid, men nokre av dei som går i småstillingar har ikkje ønskt det sjølv. Kombinasjonen av at så mange ynskjer å gå deltid medan det finst nokre som ønsker seg større stilling, er ei

utfordring. Deltid er ei utfordring også reint administrativt og økonomisk. Ein av faktorane som kompliserer er bemanning og frekvens på helgearbeid. I tillegg til reine småstillingar har me også mange som søker redusert arbeidstid etter arbeidsmiljølova. Alt i alt gir alle reduksjonar og permisjonar oss deltid og midlertidigheit i andre enden.

Utvikling og nyskaping

Vindafjord kommune skal vere i framkant av utviklinga. No og framover har me behov for endringsvilje for å oppfylle nye krav om velferdstenester. Auka innovasjonskraft og evne til nyskaping er eitt av svara på dette. Organisering, digitalisering, gode leiarar og eit godt samarbeid med framtidsretta tillitsvalde er vesentleg for å lukkast. Det vil vere stadig behov for ny kompetanse, nye måtar å arbeide på og nye forventningar til leiarar, tilsette og brukarar. Leiing og medarbeidarskap i form av evne og vilje til stadig forbetring er naudsynt for at organisasjonen skal oppleve utvikling og nyskaping. Leiing i Vindafjord kommune er eit endringsoppdrag.



Hovudutfordringar:

- Eit meir variert næringsliv – arbeid for alle
- Tilfredsstillande infrastruktur
- Kollektivtilbodet
- Eit svakt sentrum
- Tilstrekkeleg kompetanse i samfunn og organisasjon
- Auke i kommunale oppgåver og ansvar
- Ivareta heilskapleg arbeid med samfunnstryggleik
- Ta vare på landbruket

Satsingsområde: handlekraftig kommune og samfunn

Vindafjord skal vere ein handlekraftig kommune og eit handlekraftig samfunn.

Som eit handlekraftig samfunn skal me oppretthalde og vidareutvikle våre næringar. Me skal ha ei strategisk satsing på næringsareal og vere ein pådrivar i regionalt utviklingsarbeid. Me skal arbeide for gode rammevilkår og gode kommunikasjonar. Ølen skal vere eit sterkt og samlande kommunesenter samstundes med at bygdene skal få rom for å bygge sine små sentrum for bygdesenterfunksjonar som t.d. nærbutikk. Som kommuneorganisasjon skal me ut frå ein heilskapstankegang vere målstyrt og utviklingsorientert. I møte med innbyggjarane skal me vere lyttande og løysingsorienterte.

Vindafjord er ein handlekraftig kommune og eit handlekraftig samfunn!

Dette ønsker me (mål):	Slik gjer me (strategi):
9. Å ha trygge vegar, gode kollektivtilbod og god digital kommunikasjon.	1. Prioritere trafikksikring i ein avstand på 4 km frå skule. 2. Utarbeide trafikksikringsplan. 3. Utøve eit vedlikehald som tar vare på kommunale vegar, kaiar og bruer. 4. Ha ein driftssikker infrastruktur (vatn, avløp) gjennom systematisk arbeid etter «Hovudplanar for vatn og avløp». 5. Vere pådrivar for offentleg vegutbygging; E134, Fv46 og andre fylkesvegar, og pådrivar for bygging av høg fartstog mellom vestlandet og austlandet over Haukeli. 6. Arbeide for at Ølen som knutepunkt, får godt kollektivtilbod til viktige samferdselsårer (E134, E39, flyplass og båtsamband). 7. Arbeide for utbygging av fiber/nett/mobildekning etter ei prioritert rekkefølge. 8. Legge til rette for bruk av velferdsteknologi.
10. Å vere ein pådrivar i regionalt utviklingsarbeid.	1. Initiere og ta aktivt del i nettverk og prosjekt som kan munne ut i gode regionale løysingar.
11. Å vere god på verdiskaping og næringsutvikling og å oppretthalde og vidareutvikle landbruket.	1. Kategorisere næringsområda basert på lokale forhold og strategien om rett verksemd på rett stad. 2. Strategisk satsing på næringsareal (både til sjø og veg), sette av areal og legge desse til rette i ei prioritert rekkefølge. 3. Støtte opp om lokalt nærings- og kulturliv. 4. Stimulere til etablering av næringsklynger (samlokalisering) og nettverk for små og store verksemdar og bidra til utvikling av gründermiljø. 5. Etablere eit fruktbart samarbeid med næringsforeiningar/-samanslutningar. 6. Bidra aktivt for å betre næringslivet sine rammevilkår. 7. Jordvern skal vere eit grunnprinsipp i arealforvaltninga. 8. Bidra til å oppretthalde og helst auke produksjonsareal, - volum og verdiskaping i landbruket. 9. Stimulere til aktiv og ny bruk av naturressursar på sjø og land. 10. Legge til rette for nye og grønne næringar i tilknytning til jord- og skogbruk som grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi.
12. Ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til beste for våre innbyggjarar.	1. Sikre og utvikle god økonomisk styring som grunnlag for gode tenester og føreseielege tilbod. 2. Sikre og utvikle god gjennomføringskraft i alle deler av organisasjonen. 3. Sikre og utvikle målretta leiarutvikling. 4. Utvikle ein organisasjonsstruktur som i størst mogleg grad legg til rette for den gode tenesteytinga. 5. Etablere ein konkurransedyktig lønspolitikk. 6. Utvikle innovasjonskompetansen i organisasjonen. 7. Søke interkommunalt samarbeid der det gir betre og billigare løysingar. 8. Utvikle heiltidskultur. 9. Sikre meistring hjå tilsette ved kompetansemobilisering. 10. Rekruttere og behalde leiarar og medarbeidarar med evne og vilje til stadig forbetring. 11. Styrke samarbeid på tvers av fagområde og sektorar i eigen organisasjon.

	12. Inkluderande og godt arbeidsmiljø prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
13. Redusere risiko for tap av liv og skade på helse, miljø og materielle verdier.	1. Arbeide systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik. 2. Ha naudsynt kompetanse og kapasitet til å ivareta innbyggjarane sin tryggleik. 3. Ha tilstrekkeleg beredskap for å hindre at ulykker/kriser får utvikle seg til storhendingar/katastrofar. 4. Ha oppdaterte beredskapsplanar og tilstrekkeleg kriseberedskap, jf. kommunen sin heilskaplege ROS –analyse.
14. Ølen skal vere eit sterkt og samlande kommunesenter. Sentrumsbygging i bygdene.	1. Legge til rette for attraktive uteområde, møteplassar, parkering og gangveggar/snarveggar i sentrum. 2. Legge til rette for aktivitetar i sentrumsrommet. 3. Utvikle tettstaden Ølensvåg i retning mot Ølen med ei målsetting om å bygge desse to tettstadane saman på lang sikt. 4. Styrke Ølen som handelstad og stad for opplevingar. 5. Arbeide for å styrke bygdene sine kvalitetar og støtte opp om bygdeutviklingsprosjekt / stadsutviklingsprosjekt . 6. Fortetting skjer i eksisterande busetnad nær barnehage og skule. 7. Sette av areal til sentrumsformål eller kombinerte formål i alle bygder for å styrke bygdesentra. 8. Aktiv bruk av grendeutvala i alle planprosessar som gjeld bygda.

Samanhengen med arealdelen

I kommuneplanen er det sett av areal til næring i alle bygder. Dette er areal som i dei fleste tilfelle er knytt til einskildbedrifter, men med moglegheit for utviding og knoppskyting. Det er ikkje tilstrekkeleg å sette av rikeleg med areal, det må følgast opp med ei strategisk satsing på næringsareal.

Kommuneplanen har også sett av areal til næring på eller ved sjø og sett omsynssone landbruk på dei områda som er vurdert som kjerneområde landbruk. Dette sikrar næringsutvikling basert på naturressursar som landbruk, fiske og akvakultur.

Frå før er det sett av areal til sentrumsformål i bygdene Ølen, Ølensvåg, Skjold, Sandeid og Vikedal. I framlegg til ny kommuneplan blei det gjort eit grep for å sette av til sentrumsformål i alle bygdene. I «Regionalplan for areal og transport på Haugalandet» er alle bygdene utanom Ølen og Ølensvåg definert som tettstadssenter (bygdesenter). I følge planen sine retningslinjer kan ein i desse sentra etablere publikumsretta funksjonar som skal betene lokalt bumiljø. Å definere sentrum i kvar av bygdene er eit uttrykk for ønsket om å skape bygdesenter som styrkar lokalsamfunna og bygger opp under målet om levande bygder samstundes som ein har tanke for å redusere arealbruken og transportbehovet. I Imsland, Vats og på Bjoa er det ikkje opplagt kor sentrum er eller bør vere. Tradisjonelt har sentrum i desse bygdene vore i tilknytning til sjøen, får den tida då båt var viktigaste kommunikasjonsmiddel. I dag er det kommunikasjonen over land som dominerer, og vegnettet er avgjerande for kor næring og bustadar vert etablert. At det blir sett av til sentrumsformål i desse bygdene, betyr ikkje at aktiviteten i «tidlegare sentrum» skal opphøyre (Kvaløy, Åmsosen og Innbjoa).

Sentrumsområdet i Ølen er noko redusert. Utstrekninga av sentrum må stå i høve til at Ølen er definert som eit regiondelsenter. Sentrum må vere lite nok til at det «heng saman» og gir kjensle av å vere ein kjerne og ein tydeleg møteplass. Ein skal kunne gå frå den eine enden til den andre. Dei seinare års utbygging har skjedd i aust og kommunen skal bygge kultur- og

læringssenter som vil styrke austleg del av sentrum. Vestleg del er såleis endra frå sentrumsformål til kombinert formål; bustad, næring og tenesteyting.

Sentrumsområda blei prinsippavklart i formannskapet undervegs i planprosessen. Det har vist seg vanskeleg å få gjennomslag for sentrumsområda på Bjoa og på Nygård i Skjold hos regionale styresmakter, og desse arealdisponeringane skal til mekling. Resultat av mekling vil gå fram av handsaminga av arealdelen.

Ei medviten arealdisponering knytt opp til retningslinjene i regionalplanen vil saman med satsing på stadsutviklingsprosjekt styrke Ølen som sentrum og særtekkja ved kvar einskild bygd.

Kommunedelplan for E134 sikrar areal for ny E134, som er den viktigaste hovudferdselsåra gjennom kommunen. Gjennomføringa av denne planen er avhengig av når finansiering er på plass. Kommunen må vere pådrivar for at denne planen og andre offentlege vegutbyggingar i kommunen får naudsynte midlar til gjennomføring.

I samband med arealdelen av kommuneplanen blir det utarbeidd KU og ROS for nye arealdisponeringar og den samla verknaden av planforslaget. Dette arbeidet er eit viktig ledd i arbeidet med å redusere risiko for tap av liv og skade på helse, miljø og materielle verdiar.

5.3 Berekraftig arealforvaltning

Me blir stadig fleire menneske og nyttar stadig meir areal, derfor blir det i eit langsiktig perspektiv viktig at me har ei god arealforvaltning. Med planlegging skal me fremme ei berekraftig utvikling til beste for den einskilde, for samfunnet og for framtidige generasjonar (plan- og bygningslova § 1-1). I tråd med nasjonale forventningar (KMD, 12. juni 2015) skal me planlegge for å sikre effektiv arealbruk, eit miljøvenleg transportsystem, tilstrekkeleg bustadbygging, sunne og trygge omgivelser og gode levekår for alle. Regjeringa seier vidare at det bør leggjast til rette for variert utbygging tilpassa ulike grupper sitt behov, mellom anna barnefamiljar, eldre og flyktningar.

Menneskeskapte utslepp av klimagassar er hovudårsaka til klimaendringane dei siste 50 åra. For å hindre alvorlege klimaendringar må me redusere utsleppa. Samstundes må me tilpasse oss effekten av dei klimaendringane som allereie skjer. Vindafjord kommune har ansvaret for naturressursar og arealbruk innan sitt område. Kommunal planlegging er viktig for å avgrense energiforbruk og klimagassutslepp. Alle avgjerder om lokalisering av næringsverksemd, bustadar, infrastruktur og tenester vil påverke energiforbruk og utslepp i tida framover. For å redusere utslepp må det leggjast vekt på effektiv arealbruk og på å samordne arealbruken og transportsystemet. Me må sette fokus på å stanse utviklinga av forsøpling og ukontrollert spreiding av plastmateriale i naturen vår.

Til tross for økonomisk vekst og høg befolkningsvekst har Norge sitt samla energiforbruk vore relativt stabilt dei siste åra. Dette kjem av energieffektivisering. Sjølv om me reduserer utsleppa, vil klimaendringane forsterke utfordringane som naturtilhøva i kommunen vår allereie gir. Stigande havnivå, meir ekstremver og store og intense nedbørsmengder med auka fare for flaum og skred, gir auka og nye utfordringar for planlegginga. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har utarbeida «Klimahjelpen». Han visar mellom anna korleis planlegginga kan tenke førebyggjande samfunnstryggleik gjennom heile planprosessen og korleis ein kan ta inn omsynet til eit endra klima under alle dei ulike nivåa i planprosessen, og i utgreiingskrava. Vindafjord har utarbeidd eigne akseptkriterium for ROS-analysar. Desse skal ligge til grunn for all arealplanlegging. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane skal bidra til at samfunnet blir betre rusta for å

møte klimaendringane, og skal leggest til grunn for vår planlegging. Som med folkehelsearbeidet er klima, energi og miljø sektorovergripande tema. Klare strategiske mål må innarbeidast i kommuneplanen. Klima og miljø stoppar ikkje ved kommunegrensene og det vil derfor vere behov for å utarbeide planar på høgare nivå. Det er varsla oppstart på regional plan for klimatilpassing i 2018.

Vindafjord er ein spreidd bygd kommune, vel 62 % av innbyggjarane bur i det som er definert som spreidd bygde strøk. Kommunen har ein geografisk utstrekning på 765 km². Kystlina er i overkant av 200 km. Historisk sett er busetnaden lokalisert til strandsona og dei større dalstrøka inn i landskapet der det er gode tilhøve for jordbruk og ferdsel. Det same busettingsmønsteret er gjeldande også i dag, men sjølvstøtt med ei fortetting på bakgrunn av folketalsauken. Landbruket og utmarksressursane er viktige for mat- og planteproduksjon, busetting og kulturlandskap. Det er ei viktig oppgåve i planlegginga å ta vare på naturressursane og særskilt verne om god matjord. Samstundes veit me at jordvernet må balanserast mot storsamfunnet sine behov. Planlegging av ny E134 er eit godt døme på det. Kommunen med si lange kystline og tilknytning til to fjordbasseng har naturleg gode tilhøve for næringar relatert til sjø. Me har sjørelatert industri og akvakulturanlegg som legg beslag på areal i begge fjordbassenga.

Landbruket har historisk vore ei av fleire kjelder til forureining i vassdrag. Mykje er her retta opp, men landbruket har fortsatt ein jobb å gjere for å bidra til at vassdraga i kommunen når tilfredsstillande vasskvalitet. Vassdirektivet til EU har som mål at alle vassførekomstar skal ha «god økologisk og kjemisk tilstand». Det er viktig for Vindafjord å ha tett oppfølging av dei prioriteringar som er sett i samband med regionale planar.

Kulturminne og kulturmiljø er viktig for identitet og tilknytning. Det kan og vere ein viktig ressurs for næringsutvikling. Dei viktigaste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiane er aukande utbyggingspress og manglande bruk av bygningsmiljø som følge av nedleggingar i tradisjonell industri og gardsdrift. Kommunen har gjennom sitt arbeid med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø registrert, kartlagt og synleggjort kulturminne og kulturmiljø i kommunen. Eit utval av desse er prioriterte slik at kulturhistoriske verdier blir tatt vare på som ein ressurs i sitt eksisterande miljø. For å ta vare på kulturminne og kulturmiljø er kommunen heilt avhengig av eit godt og forpliktande samarbeid med fylkeskommunen (som kulturmyndigheit) og private eigarar av kulturminna og kulturmiljøa. Kommunedelplanen med plankart er eit godt verktøy for kommunen i sitt vidare arbeid med å ta vare på kulturhistoriske verdier.

På folkemøta var innbyggjarane opptekne av å styrke bygdesentra og såg på det som ein strategi for å oppretthalde levande bygder. Dei viktigaste verkemidla for det var ei fortetting i eksisterande busetting og lokalisering av nye bustadområde nær barnehage og skule. Det vart likevel påpeika at bustadfelt aleine ikkje alltid er nok for å vere buattraktive, og at det derfor må vere eit variert bustadtilbod. Innbyggjarane var også opptekne av å ta vare på jordbruksareala for matproduksjon.

Hovudutfordringar

- Jordvern
- Ei langsiktig forvaltning av arealressursane som styrker busetnaden
- Sikre drikkevassressursar
- Berekraftig forvaltning av strandsone til sjø og vatn
- Ta vare på kulturminne og kulturmiljø/-landskap
- Klimaendringane

Satsingsområde: berekraftig arealforvaltning **Vindafjord skal ha ei berekraftig arealforvaltning.**

For å vere eit berekraftig samfunn må me forvalte naturressursane og dei menneskeskapte verdiane forsvarleg. Kommune er rik på naturressursar og har eit næringsliv sterkt knytt opp mot desse ressursane i form av jord- og skogbruk og foredlingsindustri og transportnæring i kjølvatnet av primærnæringane. Det blir viktig å ha ei arealforvaltning som styrker busetting og næringsliv. Samfunnet står ovanfor store utfordringar i form av klimaendringar. Me skal ta omsyn til klimaendringane og utvikle trygge lokalsamfunn. Me skal ha fokus på å stanse forsøpling, spesielt av plast i samfunnet.

Vindafjord skal ha ei berekraftig arealforvaltning!	
Dette ønsker me (mål):	Slik gjer me (strategi):
15. Forvalte naturressursar og menneskeskapte verdier forsvarleg. Ta vare på utvalde kulturminne og kulturmiljø. Stanse utviklinga med plastforureining av naturen.	1. I arealplanlegginga sikre at viktige jord- og skogbruksområde og andre naturressursar ikkje vert nedbygde. Føre arealrekneskap som sikrar erstatning for matjord som går tapt. 2. Ha ei berekraftig forvaltning av sjøområda og strandsona til sjø og ferskvatn med vekt på allmenne interesser, men der einskilde område kan avsetast til meir spesifikk bruk. 3. Auke kunnskapen om biologisk mangfald. 4. Auke kunnskapen om kulturminne og kulturmiljø og bidra aktivt til bruk og vern. 5. Sikre viktige og utvalde kulturminne i samarbeid med private grunneigarar og kulturmyndigheit. 6. Ta omsyn til allmenta sine interesser og verdier i arealforvaltninga. 7. Sikre drikkevassressursane. 8. Arbeide for at alle vassførekomstar skal ha «god økologisk» og «god kjemisk» tilstand i samsvar med planar for vassforvaltning. 9. Arbeide for at alle skal ha fokus på å stanse den forsøplinga (spesielt av plast) som me ser også i vår kommune. Gjere tiltak for å betre rutinar og endre haldningar hos barn og vaksne.
16. Ei berekraftig arealforvaltning som styrker busetnad og næringsliv.	1. Gjennomføre ein bustadanalyse for heile kommunen som grunnlag for eit betre og meir tilpassa butilbod i kvar av bygdene. 2. Legge til rette for busetting i alle bygder, men fortetting i eksisterande busetting som ligg nær barnehage og skule skal ha første prioritet. 3. Planlegge samanhengande grøntstruktur og legge til rette for at bustadområde har tilgang til sjø og/eller utmark. 4. Ta særskilte busettingsomsyn i Imsland, Vikebygd og på Bjoa for å sikre busettingsmønster og levande bygder. I desse bygdene bidra til smidig dispensasjonshandsaming dersom det kjem inn søknader om bustadetableringar i område der det ikkje er opna for dette og der etablering kan skje utan vesentlege konflikstar. 5. Strategisk satsing på næringsareal (både til sjø og veg), sette av areal og legge desse til rette i ei prioritert rekkefølge

17. Utvikle trygge lokalsamfunn og ta omsyn til klima.	1. Arbeide systematisk, heilskapleg og sektorovergripande i arbeidet med samfunnstryggleik, klima og miljø. 2. Nytte kommunen sine akseptkriterium i all arealplanlegging. 3. Bruk av omsynssoner og føresegrer i arealdelen for å sikre ei trygg arealdisponering. 4. Dimensjonere eksisterande og ny kommunal infrastruktur for framtidige klimaendringar. 5. Følgje opp arbeidet med energi- og klimaspørsmål etter ei tydeleg prioritering. 6. Utvikle kommunalt tenestetilbod i klima- og miljøvenleg retning. 7. Forvalte areala for eit klimavenleg lokalsamfunn.
--	--

Samanhengen med arealdelen

Arealdelen av kommuneplanen tar vare på viktige landbruks-, natur og friluftsområde og sikrar at viktige naturressursar ikkje blir nedbygd. Sjømråda og strandsona er i hovudsak sett av til vern, men einskilde område er avsett til meir spesifikk bruk.

Til tross for eit i hovudsak spreidd utbyggingsmønster, har kommunen lagt til rette for ein meir effektiv arealbruk. Potensialet for fortetting i eksisterande bustadområde er vurdert. Nye bustadområde er lokalisert nær eksisterande tettstadar og i nærleiken av barnehage og skule. Dette vil kunne redusere bilbruk og utslepp av klimagassar. Det må vidare arbeidast for å få gang- og sykkelveggar mellom byggeområde og tettstad som då vil skape betre trafikktryggleik. Å utarbeide ein bustadanalyse for heile kommunen, vil gi oss eit betre grunnlag for arealdisponeringa ved neste revisjon av kommuneplanen, slik at me kan få eit meir tilpassa butilbod i høve til behova i kvar bygd.

Aktiv bruk av omsynssoner i kommuneplanen og ROS-analysar i reguleringsplanar skal bidra til ei trygg arealdisponering og å redusere skadeverknader som følgje av klimaendringane. Det vil bli utarbeidd eit arealrekneskap som viser konsekvensane for dyrka og dyrkbar jord i høve til endringane i arealdelen.

6.0 Arealdelen

Samfunnsdelen og arealdelen skal bli eitt dokument. Samfunnsdelen er kap. 1-5 og arealdelen er kap. 6. Samfunnsdelen vart vedteken i kommunestyret 04.04.17.

Arealdelen omfattar i utgangspunktet heile kommunen, dvs. alt land- og sjøareal og areal med ferskvatn.

- For nokre område er det vedteke at reguleringsplanar framleis skal gjelda. Det går fram av plankartet kva område og planar dette gjeld.
- Vedteken kommunedelplan for ny E134 Fikse – Solheim gjeld for det område med føresegnar daterte 30.06.2015 (siste revisjon).

Arealdelen byggjer på mål og strategiar som er sett i samfunnsdelen og dei prioriteringane (avgrensingane) som er sett i planprogrammet.

6.1. Planprogrammet

I flg. planprogrammet skal innspel til arealdelen av planen avgrensast slik:

- *Det blir invitert til innspel som går på plassering av bustadfelt som ligg slik at born kan nå skulen på trygg sykkelveg.*
- *Det er høve til å kome med innspel som går på endringar eller utviding av eksisterande LNF-2 områda. (LNF-område med høve til spreidd busetnad).*
- *Det er høve til å kome med innspel om husklynger, i område som ligg langt frå eksisterande bustadfelt.*
- *Det blir invitert til innspel på næringsområde kor det er planar eller idear om bruk.*
- *I dei seks sentrumsområda er det i utgangspunkt ope for alle innspel, men det skal vere innspel som styrkjar sentrumsfunksjonen.*
- *Det blir opna for innspel som går på mindre justeringar av plassering på andre arealformål som i dag ligg i planen. Dette kan også gjelde mindre justeringar av føresegnene.*
- *Det blir opna for justering av arealformål til friluftsområde eller turveg.*

6.2 Innspel

For omtale av planprosess, sjå kap. 2.0 i samfunnsdelen.

I arbeidet med arealdelen har kommunen nytta PlanGis, eit digitalt kartverktøy der folk kunne leggja inn innspel sjølve. Det kom inn 40 innspel på denne måten, men dei fleste innspela kom i form av e-postar og brev. Dei innspela som omhandla konkrete kartfesta areal vart lagt inn i PlanGis. Kart-ID, t.d. SA-10.1, som står i KU/ROS-dokumentet syner til nummereringa i kartløyisinga. Totalt kom det inn 130 innspel.

Det vart også lagt inn kommunale forslag til endringar i planen, med bakgrunn vurderingar av behov for nye areal og areal som av ulike grunnar vart føreslått teke ut av planen.

Administrasjonen gjorde så ein gjennomgang av innspela i forhold til dei avgrensingane som går fram av planprogrammet og ei generell vurdering av innspela. Innspel som klart fall utanom planprogrammet vart ikkje tekne med vidare.

For dei resterande innspela vart det gjort matematiske konfliktanalysar. Innspela vart vurderte opp mot m.a. 100-metersbeltet langs sjøen, automatisk freda kulturminne, naturtypar, viltområde for hjort, biologisk mangfald, landbruk (fulldyrka og overflatedyrka mark, innmarksbeite og kjerneområde landbruk), omsynssone for flaum og aktsemdsområde for snørås og steinsprang. Innspel for område i sjø vart også vurderte opp mot gyteområde og fiskeriinteresser (passive og aktive reiskapar).

6.3 Konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS)

For dei områda som vart tilrådd å utgreidd vidare, vart det gjort verdivurdering og utarbeidd KU og ROS. Dette er eit eige dokument: «Kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029. KU og ROS».

Til grunn for KU- og ROS-vurderingane ligg dokumentet «Grunnlag for KU og ROS», s. 120 - 126 i KU/ROS-dokumentet.

Det er og gjort ein samla KU for endringane som er gjort i planen. Denne går fram av side 114-119 i KU/ROS-dokumentet.

6.4 Planforslaget

Planforslaget vart utarbeidd på bakgrunn av prosessen ovanfor.

Planforslaget for arealdelen vart førstegangshandsama i formannskapet 09.02.16 og sendt på høyring/lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 14.03.- 02.05.16. Synfaring med fylkesutvalet vart gjennomført 23.05.16.

Det kom inn ca. 35 uttalar frå regionale myndigheiter, organisasjonar, verksemdar og enkelt-personar. I ein del tilfelle kom det inn nye forslag til endringar av planen.

Fylkesmannen, fylkeskommunen, Kystverket og Statens vegvesen hadde motsegner mot planutkastet.

Dei fleste motsegnene var knytt til spesifikke område (areal), men nokre til føresegnene eller manglande utgreiingar. Det kom og inn ei rekkje faglege råd. Det vart gjennomført eit møte med synfaring mellom administrasjonen, Fylkesmannen og fylkeskommunen (04.10.16). Dette med sikte på å oppklara og rydda vekk motsegner som var baserte på mistydingar eller som det berre skulle presiseringar til for å få trekte. Det kom ikkje til så mange avklaringar, men nokre presiseringar/signal og forslag til oppfølging.

I møte 20.12.16 gjorde formannskapet ein gjennomgang av innkomne motsegner og forslag til nye område. Det vart gjort vedtak om kva motsegner som vart løyste ved at kommunen trekte forslaga og kva område det skulle meklast om. Det vart og vedteke at, med eitt unntak, skulle ikkje nye innspel som kom inn i høyringsrunden takast inn i planforslaget. Dette ville ha seinka prosessen ved at det i så fall måtte gjennomførast høyring av desse.

25.01.17 gjennomførte administrasjonen drøftingsmøte med Staten vegvesen og tilsvarande 07.02.17. med Fylkesmannen og fylkeskommunen. Resultata frå desse møta vart stadfesta i formannskapet i møte 21.03.17.

22.03.17 vart det gjennomført meklingsmøte Fylkesmannen og fylkeskommunen.

6.5 Vedteken plan - arealføremål og omsynssoner

I det følgjande blir det kort gjort greie for dei viktigaste endringane som er gjort i arealdelen i forhold til tidlegare plan (vedteken i 2011) og der endringar er gjort etter høyring, som følgje av motsegner.

6.5.1 Byggjeområde for bustadar

I samfunnsdelen under pkt. 4.5 er det gjort greie for tilgjengeleg tomteareal i 2011-planen, ein analyse av behovet og kor mykje areal som totalt blir sett av i planforslaget, sjå figur 14 og 15.

Bjoa

I 2011-planen var det sett av eit areal for utviding av Apalvikfeltet mot nord. Dette arealet er bratt og nordvendt, er ikkje eit tenleg og attraktivt område for utviding av feltet og vart føreslått endra til LNF-område i høyringsforslaget. I staden vart det foreslått ei utviding av feltet andre vegen, sørvestover, og teke inn eit forslag om bustadareal på vestsida av Apalvikvegen. Etter motsegner vart desse tekne ut av planen. Det er ikkje sett av nytt bustadareal på Bjoa i denne planrevisjonen, men områda med kombinerte føremål på Utbjøa kai, Innbjøa kai og aust for skulen opnar for bustadar.

Imsland

I 2011-planen var det sett av areal for noko utviding av Ølmedal-feltet og det er to ledige tomter i det regulerte feltet. Det er også bustadareal i tilknyting til ei eksisterande gruppe bustadar vest for vegen til Imslandssjøen. Dette vil dekke behovet for tomteareal i planperioden og det er ikkje lagt inn nytt areal bustadareal. Utfordringa i eit område med så liten etterspørsel etter tomter, er kostnadar knytt til tilrettelegging og opparbeiding av infrastruktur og tomter.

Sandeid

Dette er den bygda som har minst attverande ledig bustadareal i 2011-planen. Det er ikkje lett å finna bustadareal som ikkje kjem i konflikt med dyrkamark. Slikt areal ligg i lengre avstand frå sentrum, er bratt, har dårleg byggjegrunn eller er rasutsett. Forslag frå formannskapet om areal for bustadfelt i tilknyting til Østbø-feltet (på Hammaren og sør for Østbø-feltet) vart møtt med motsegner i høyringsrunden og er tekne ut. Det er ikkje sett av nytt bustadareal i Sandeid i denne planrevisjonen.

Eit areal øvst i Hålandsbakken er teke ut av planen. Arealet er bratt og fylkesvegen i Hålandsbakken er smal og svingete.

Skjold

Her er det ledige opparbeidde tomter i Vikanesfeltet. Skjoldali 2 er regulert, men det er ikkje starta opparbeiding. Det er signalisert at ei endring av reguleringsplanen kan vera aktuelt, for å få betre arealutnytting. Mellom Isvik hageby og Skjoldali er det sett av eit areal for bustader i 2011-planen. Dette området er utvida noko nordover.

Vats

Det er ein vedteken reguleringsplan for Tinghaugen. Bygging her er starta. Arbeid pågår med ein plan for Roligheten terrasse i Åmsosen. Det er og tomter att i Sørbo-feltet. På Knapphus er det starta regulering av eit område som ligg inntil Knapphusfeltet.

Skjervheim-feltet, på austsida av Vatsfjorden, vart vedteke som bustadområde ved første planrevisjon. Dette området hadde eit areal på ca. 150 da og er urealistisk stort og vanskeleg å regulera og byggja ut. Den sørlegaste delen av feltet er teke ut og det må søkjast å finna tilkomst og løysing for den nordre delen.

Eit lite areal for bustad i Åmsosen er teke ut etter motsegner, men det vart i drøfting opna for å byggja ein bustad på dispensasjon i LNF-området. Tilsvarande vart eit føreslått område for bustadar på Kårhus, etter drøfting med Fylkesmannen, endra tilbake til LNF-område og aktuell fradeling løyst ved dispensasjon.

I 2011-planen er det uregulerte bustadområde på vestsida av fjorden, på Eikanesstranda. Eit slikt større område er teke ut, etter ei vurdering av arealbehovet. Det er ikkje sett av nytt bustadareal i Vats i denne planrevisjonen, med unntak av ei mindre utviding av Veldefeltet.

Vikebygd

Det er mange ledige tomter i Liofeltet.

Det er endra arealføremål frå LNF-sone 1 til bustadområde for tre frådelt tomter på oppsida av Plassavegen aust for kaien. Eit område litt lengre nord mot Naustvikvegen, som er regulert til bustad/turist-føremål er endra til bustadområde. Begge desse områda ligg sentralt i bygda. Sentrumsområdet som er sett av ved butikken, opnar og for bustadar. Ut over dette er det ikkje sett av nytt bustadareal i Vikebygg i denne planrevisjonen

Vikedal

Her er det vedteken ein reguleringsplan for Holmen, men feltet er ikkje byggjemodna. Det er tomter i Søndenaufeltet som det ikkje er bygd på, men som følgje av gjennomført undersøking av skredfaren i området, er det behov for å sjå på nokre av desse tomtene på nytt. Det er sett i gang ny regulering av eit areal sør er i Søndenaufeltet, for å få betre tilkomst og tomtedeling.

Det er ikkje sett av nytt bustadareal i Vikedal i denne planrevisjonen. I 2011-planen ligg det eit framtidig bustadområde mellom Urabø og Søndenaufeltet. I folkemøtet vart det av fleire sagt at dette er eit lite attraktivt område og at det burde takast ut av planen. Kommunen vurderer store delar av området som aktuelt byggjeområde, då det ligg sentralt og vil ha tilfredsstillande utsikts- og solforhold.

Solbakkenområdet vest for elva, er vidareført i planen, men det har vist seg vanskeleg å få til tilfredsstillande tilkomst.

Ølen

Roafeltet, Roa 2 og Roastrand er byggjemodna område med ledige tomter. Gartneritomta og eit mindre område vest for kyrkjetunet er regulert for konsentrerte bustadar, men opparbeiding er ikkje starta.

I 2011-planen var det sett av eit areal for eit bustadområde mellom Øvre hagen og Hellevadvegen. Dette er teke ut av planen og endra til LNF-område, mens eit anna areal tilgrensande areal (Råsarbakk) er teke inn som byggjeområde.

Det sett av eit mindre areal for bustadar vest for kyrkja i 2011-planen. Areal her er prioritert for strategisk kjøp av eigedomar (vedtak i kommunestyret 05.06.12). Reguleringsplanen for gang- og sykkelveg mellom Ølen og Ølensvåg syner tilkomstveg til området frå E134. Eit større tilgrensande areal vestover (Blikragarden) vart teke inn i høyringsforslaget. Dette vart møtt med motsegner frå Fylkesmannen og fylkeskommunen, men etter meklings vart motsegnene trekte. Frå referatet frå meklingsmøtet: «*Fylkeskommunen og Fylkesmannen kan godta bustader på Blikra mot at kommunen i neste kommuneplanrevisjon trekker ei langsiktig grense for landbruk i Ølen. Bustadområdet på Blikra må vurderast inn i tettstadsprosjektet som kommunen skal i gang med. Vindafjord tomteselskap vert invitert inn i prosjektet med mål om å få til god tettstadsutvikling og meir differensiert bustadutvikling i Ølen sentrum*».

Ølensvåg

Vågshagen 5 og byggjefeltet på Øvre Lunde er byggjemodna og vil gje tomter ei tid framover. Den nye traseen for E134 vil avskjera mogelegheitene for utbygging vidare sørover frå Vågshagen. Planlagd tilkomstveg til Ølensvåg frå ny E134 vil ha konsekvensar for arealet som i 2011-planen er sett av til bustadar vest for Vågshagen 5 mot Jans Hydraulikk. Det er ikkje sett av nytt bustadareal i Ølensvåg i denne planrevisjonen, men i reguleringsplanen som er under utarbeiding for sentrumsarealet i Ølensvåg vil opna for bustadar i form av konsentrert utbygging og kombinasjonar med andre arealføremål.

6.5.2 Husklyngjer

I høyringsutkastet var det sett av areal for husklyngjer på Utbjoa, i Blikrabygda (Vats), på Dommersnes (Vikebygd), på Svendsbø/Krekjen (Vikebygd), Kjellesvik (Ølensvåg) og Båsnes (Ølensvåg). Med unntak av husklyngja på Utbjoa vart desse møtt med motsegner og er tekne ut av planen. På Båsnes er det opna for bygging eitt hus bak eksisterande på gnr. 311 bnr. 19.

6.5.3 Næringsområde

I møte 03.11.15 vedtok formannskapet at alle næringsområda skal vidareførast. Det vart og vedteke at det skal satsast strategiske på planlegging og opparbeiding av næringsområde i kommunen og at i komande planperiode skal Nerheim prioriterast. I planen er det lagt inne ei utviding av dette feltet sørover, i samsvar med gjeldande reguleringsplan for området. Denne planen er frå 1980-talet, med nokre seinare endringar. Det må utarbeidast ny plan, også som følgje av vedteken trase for ny E134.

Næringsområdet i/på Velde i Øvre Vats er utvida, etter at dyrkamark innafor forslaget er teken ut etter drøfting. To område i Skjold, ved sjøen vest for Isvik (Kalstveit) og på Liaheia (vest for Tveit Rekneskap) er tekne ut. Dette er fulldyrka mark, som har lenge vore sett av til næring, men som ikkje har blitt nytta til det.

I flg. planprogrammet skal kommuneplanen ved denne rulleringa ikkje omhandla sjøareal. Område for akvakultur er likevel tekne med fordi:

- Dette er ei næring.
- Det er utarbeidd eit utkast til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Sjøarealet i denne delen av Vindafjord kommune er med i planen. Ein uttale til planen vart vedteken i formannskapet 13.10.15. Føremål og avgrensing knytt til akvakulturlokalitetane i dette bassenget vart tekne inn i planutkastet i samsvar med kommunen sin uttale til planen. Etter motsegn frå Kystverket er det store einbruksområdet for akvakultur ved Svallandsneset redusert noko i nord og nordvest og tilgrensande sjøareal i Ålfjorden er endra frå ferdsel/fiske /akvakultur (FFA) til ferdsel/fiske (FF) der det ikkje kan vera fortøyingssarrangement.

- Ved utarbeiding av 2011-planen hadde ein ikkje tilfredsstillande data for lokalitetane for akvakultur og fleire var unøyaktig og til dels feilplasserte. Betre data er no tilgjengeleg hos Fiskeridirektoratet og sjølve anleggslokalitetane er lagt inn i samsvar med dette med arealføremål akvakultur. For lokalitetane i Sunnhordlandsbassenget er det rundt lokalitetane lagt omsynssone eller kombinerte føremål i samsvar med kommunen sin uttale til regionalplanen. (Sjå ovanfor om endring av området ved Svallandsneset).

I Ryfylkebassenget er det rundt lokalitetane lagt ei omsynssone med utstrekning på sjødjupna ved anlegget x 2,5. For lokalitetane Lindvik og Herøy i Imsland kom Marine Harvest med konkret forslag til endringar (utviding) av areala både for akvakultur og omsynssoner. Areal i samsvar med dette er lagt inn i planen.

6.5.4 Sentrumsføremål

I 2011-planen var det sett av sentrumsføremål i Ølen, Ølensvåg, Skjold, Sandeid og Vikedal. I dei andre bygdene, Imsland, Vats, Vikebygd og Bjoa, var det ikkje sentrumsføremål. Formannskapet handsama i møte 03.11.15 ei prinsippavklaring knytt til spørsmålet om å setja av sentrumsføremål også i desse bygdene. Det vart gjort følgjande vedtak: *Det vert sett av areal til sentrumsføremål i Imsland (Ølmedal), Vats (Kårhus), Vikebygd (ved butikken) og Bjoa (vest for skulen).*

I område for sentrumsføremål kan det etablerast forretning, tenesteyting og bustadar, i kombinasjon eller kvar for seg. Nokre former for arealbruk som naturleg høyrer under næring (for eksempel handverksverksemd eller utsal av gardsprodukt) kan også tillatast.

Det er krav om reguleringsplan før utbygging. Nyetableringar som skal dekkja ein funksjon i bygda, som t.d. forretning eller arbeidsplassar i form av kontor og tenesteyting m.m. bør etablerast i slike område. Å kombinera bygg for forretning/tenesteyting med bustadar i sentrum kan skapa aktivitet i større delar av døgnet, samt mogeleggjera finansiering.

Areal for sentrumsområde er sett av i Ølmedal, på Kårhus og i Vikebygd. Forslaget til sentrumsføre mål på Bjøa, vest for skulen, vart møtt med motsegn og er teke ut av planen. Eit kombinert område aust for skulen, kan ha noko av den same funksjonen.

Skjold

Folkemøtet og grendautvalet peika på Nygård/Vikanes som sentrum i Skjold. I høyringsforslaget vart det lagt inn eit areal med dette føremålet mellom drivhusa og skuleområdet (Nygård). Dette vart møtt med motsegn og arealet på sørsida av Skjoldavikvegen er teke ut. Dette er regulert til forretning i gjeldande reguleringsplan.

Etter vedtak i formannskapet vart eit stort område på Beitaneset føreslått til sentrumsføre mål. Dette vart møtt med motsegn frå Fylkesmannen, fylkeskommunen og Statens vegvesen og er teke ut av planen.

I 2011-planen var det sett av areal til samanhengande sentrumsføre mål Isvik – Skjoldavik. Butikken i Skjoldavik er nedlagt og etter at det er bygd ny E134 gjennom Skjold er det eit mål å avgrensa trafikken gjennom Skjoldavik. For å kunna nytta eksisterande bygningar er området i Skjoldavik endra til kombinert område næring/bustad.

Ølen

I 201-planen strekkjer arealet for sentrumsføre mål i Ølen seg frå båthamna ved kulturhuset i aust til fiskerihamna i vest. Dette er eit for langstrakt område, også i forhold til føringane i Regionalplan for areal og transport på Haugalandet. Ølen vest er endra til kombinert føremål for bustad/ næring/ tenesteyting.

6.5.5 Kombinerte føremål

Det er sett av kombinerte føremål følgjande stadar:

- Skjoldavik: næring/bustad
- Utbjøa kai: bustad/næring
- Innbjøa kai: bustad/ forretning/fritids- og turistføre mål
- Innbjøa aust for skulen (næring/forretning/bustad)
- Ølen vest: (bustad/næring/tenesteyting)
- Vikedal seter, Mo (næring/tenesteyting)
- Kvaløy (forretning/næring).

Med unntak av område ved skulen på Innbjøa er dette område med slik eksisterande utbygging, men som i 2011-planen har andre arealføre mål. Kombinasjonane legg til rette for å oppretthalda, vidareføra og utvida eksisterande verksemdar, nye verksemdar og i nokre område i kombinasjon med bustadar.

6.5.6 Offentleg eller privat tenesteyting

Tomter til barnhage i Skjold og Ølen/Ølensvåg

I vedtak av 30.10.12 bad kommunestyret rådmannen å vurdere plassering av framtidig barnehage i Skjold og Ølen/Ølensvåg.

I Skjold er det sett av areal til ein barnehage mellom Isvik hageby og Skjoldali. I dette området er det også sett av meir areal for bustadar. Både bustadar og barnehage her føreset bygging av veg, fortrinnsvis på heile strekninga mellom hagebyane og Skjoldali.

Ev. ny barnehage for Ølen/Ølensvåg bør leggjast i Ølen. I 2011-planen er det her sett av areal til offentleg/privat tenesteyting aust for omsorgssenteret. Det er i dette området det skal

byggjast brann- og ambulansestasjon. Det vil vera plass også andre offentlege tilbod, t.d. barnehage, innafor arealet som er sett av. I forhold til bustadane i Ølen ligg dette arealet på «feil» side av europavegen, men slikt areal er vanskeleg tilgjengeleg på andre sida av E134 sentralt i Ølen.

6.5.7 Fritids- og turistføremål

Forslag om areal til slikt føremål var føreslått i Smedsvik (Bjoa) og Longalandsvik (Skjold). Desse vart møtt med motsegn og er tekne ut av planen.

I Ølensvåg er det gjort ei endring av arealet for bubilparkering, ved byte av areal.

6.5.8 Råstoffutvinning

Dette er også næringsverksemd, omfatta av planprogrammet.

Det er sett av nytt areal til dette føremålet på Tindeland og på Torvsetehaugen (Hiksdal, lengst nord mot grensa til Etne kommune) og utviding av eksisterande areal på Hiksdal og i Sandeid (Østbø).

Etter motsegn er arealet på Tindeland redusert.

Det har over tid vore drive steinuttak på Hiksdal. Arealet som er ferdig utteke og som ligg nærast hus er endra til LNF-område, mens eit nytt område er lagt til mot nordaust. For dei to råstoffområda Hiksdal og Torvsetehaugen er det rekkjefølgjekrav knytt til krysset Hikdalsvegen/E134.

I Sandeid har det ikkje vore teke ut massar (sand) i seinare tid. Området ligg i tilknytning til næringsområdet der Ølen betong har si verksemd i Sandeid og ein ser for seg bruk av massar frå staden i produksjonen.

Det er krav om at areala etter uttak av råstoff skal tilbakeførast til LNF-område og i Sandeid spesifikt til jordbruksareal.

6.5.9 Naustområde

Dette er ikkje eit tema i denne planrevisjonen, men planprogrammet opnar for mindre justeringar. Det er lagt inn nytt areal for naust på Eikanes, i Haraldseidvågen og i Skjoldavik. Områda på Eikanes og i Skjoldavik er svært små areal i tilknytning til eksisterande naust. I Haraldseidvågen er arealet fradelte nausttomter som ligg i eit område som var sett av til bustadar. I Skjoldavik er det krav om reguleringsplan som omfattar naustområdet og turveg mellom Vikaneset og Skjoldavik.

6.5.10 LNF-område

I LNF-sone 2 (område for spreidd bustadbygging) kan det i flg. føresegnene førast opp inntil 5 nye hus i planperioden. Unntak er LNF-2-området i Kvaløy, der det kan førast opp inntil 4 nye hus. Denne skilnaden skuldast at det førre planperiode vart oppført eit hus i Kvaløy-området. «Kvoten» på 5 hus kan ikkje fornyast i kvar planperiode, då dette over tid vil kunna føra til at slike område mister sin funksjon som tilbod om spreidd bustadbygging og føra til konflikt med landbruket.

LNF-sone 2 på Utbjoa og på Haugsgjerdet er tekne ut av planen, då «kvoten» på 5 nye hus/ fradeling til nye hus er brukt. Forslag om nytt areal for LNF-sone 2 i dei same grendene vart møtt med motsegner og er ikkje med i planen. I mekinga vart det opna for inntil 2 nye bustadar ved dispensasjonshandsaming i eit område på Haugsgjerdet.

I 2011-planen er det sett av ei LNF-sone 2 på Skartland. Den vart føreslått endra ved at areal i sør vart teke ut og nytt areal teke inn i nord. Etter motsegn vart utvidinga teken ut og LNF-sona ytterlegare redusert, ut frå realistisk arealbehov i området.

6.5.11 Omsynssoner

1. Sikring-, fare- og støysoner

Flaum og skred

Aktsemdssonene for flaum og skred ligg i kartet i samsvar med NVE sine kart. For flaum er desse oppdaterte.

Som del av ei nasjonal kartlegging av skredfare er det gjennomført ei kartlegging i Vindafjord kommune. Resultatet ligg føre i rapporten «Skredfarekartlegging i Vindafjord kommune, NVE-rapport 16/2017». Der det er kartlagt faresoner er desse lagt inn i kartet med differensiering på årleg nominelt sannsyn for skred på 1/100, 1/1000 og 1/5000. Desse er meir nøyaktige enn aktsemdssonene og skal leggjast til grunn ved tiltak i dei kartlagde områda.

Støy

I plankartet er grensa mellom gul og grøn støysone langs E134 og dei fleste fylkesvegane vidareført frå 2011-planen. SVV har ikkje strategisk støykart for Vindafjord kommune. Kommunen kan derfor i denne revisjonen av kommuneplanen ikkje laga oversikt over eksisterande bustadar i raud og gul støysone.

I føresegnene til planen er det teke inn krav om støyvurdering etter Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442).

Drikkevasskielder med nedslagsfelt

Desse er i kartet viste som sikringssoner.

Sikringssone Raunes, Vatsfjorden

Denne er knytt til lager/verksemd som Hatteland har på plassen.

2. Soner med særleg omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø.

Landbruk

Kjerneområde landbruk er gjennomgått i samband med revisjon av planen.

Friluftsliv

Følgjande område er viste med omsynssone friluftsliv i planen:

- FRI 1 - Kvaløy og området 200 meter rundt denne.
- FRI 2 - Otertong og området 200 meter rundt denne.
- FRI3 - Li og området 200 meter rundt denne.
- FRI4 - Skjeljavika og området 200 meter rundt denne.
- FRI5 - Gardavika og området 200 meter rundt denne.
- FRI6 - Vedvika og området 200 meter rundt denne.
- FRI7 - Romsaøyane
- FRI8 - Dreganes
- FRI9 - Fjellstøl – Opheim – Olalia.

FRI 1-8 er område som er sikra gjennom statleg eigarskap (Miljødirektoratet) og drifta av Friluftsrådet Vest. Dette gjeld og Olalivegen og parkeringsplassen på Opheim. Haugesund turistforening eig og driv Olalihytta. Miljødirektoratet er også eigar av området med parkeringsplass og skihytte for Fjellstøl skianlegg.

Naturmiljø

Område for ein del viktige naturtypar er lagt inn i kartet som omsynssone for bevaring av natur. Alle område som p.t. er kartlagde som svært viktige (A-område) er med, nokre viktige (B-område) og nokre lokalt viktige (C-område). Dette vil endra seg over tid, m.a. på bakgrunn av ny kartlegging. Kartet kan oppdaterast utan at dette krev nytt planvedtak.

Kulturminne og kulturmiljø

Høgt prioriterte kulturminne og kulturmiljø i kulturminneplanen er viste med omsynssone. For omtale av desse vert det vist til Kommunedelplan for kulturminne og -miljø.

3. Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova eller andre lover, eller som er bandlagt etter slikt føremål.

Automatisk freda kulturminne

Automatisk fred kulturminne er oppdatert og ligg i kartet i samsvar med nasjonale basar og er merka som R (Rune-R), som omsynssone d), kode H730 – område som er bandlagde med heimel i kulturminnelova.

Mellomalderkyrkjegardane i Vestbø (Sandeid), Smedsvik (Skjold), Sønnanå (Vikedal), Imsland, Vats, Vikebygd og Ølen med sikringsone er også lagt inn som omsynssone d), kode H730 – område som er bandlagde med heimel i kulturminnelova.

Område for vindkraft

I 2011-planen var det bandleggingssoner for vindkraftverk på Døldarheia og Bukkanibba (for vedtak etter energilova). På Døldarheia vart det ikkje gitt konsesjon. På Bukkanibba vart det gitt konsesjon, men denne vart omgjort etter klagehandsaming i Olje- og energidepartementet.

Begge desse bandleggingsområda er tekne ut av kommuneplanen.

Råstoffutvinning

I 2011-planen var det eit stort område vest for Tindeland, mot sjøen, bandlagt for råstoffutvinning. I denne reviderte planen er det sett av eit område for råstoffutvinning på Tindeland vest for fylkesvegen. Det bandlagte området er derfor teke ut.

6.6 Omtale av føresegner og retningslinjer til arealdelen

Føresegnene

Planprogrammet opnar for mindre justeringar av føresegnene. Planprogrammet seier også at det er avgrensa tema i planen som skal rullerast. Utkastet til nye føresegner er derfor laga som endringar i føresegner og ikkje ein total gjennomgang.

Dei viktigast endringane er at det er fastsett følgjande:

- Maks. storleik (BYA og møne- og gesimshøgde) for bustadhus som kan byggjast i LNF-område, i husklyngjer og ved fortetting i uregulerte byggjeområde for bustadar.
- Maks. møne- og høgde for fritidsbustadar som kan byggjast i område for fritidsbustadar (ved regulering) og ved fortetting i uregulerte område for dette. BYA er fastsett frå før.
- Krav til uteopphaldsareal i bustadområde.
- For byggjeområde for naust er det bestemt i kva område det er krav om reguleringsplan før utbygging og område som kan byggjast ut utan regulering. I dei sistnemnde er det fastsett kor mange naust som kan byggjast.

7.0 Føresegner og retningslinjer til arealdelen

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-8, 11-9, 11-10 og 11-11 gjeld følgjande føresegner og retningslinjer:

Dersom det ikkje er gitt nærare føringar i reguleringsplanar for området skal føresegnene og retningslinjene nedanfor leggjast til grunn.

Føresegner er markerte med skuggelegging.
Retningslinjene har ikkje skuggelegging.

BYGGJEOMRÅDE (§ 11-7 NR. 1)

§ 1. Byggjeområde generelt, jf. PBL § 11-9

- a. I byggjeområda kan det førast opp bygg i samsvar med dei føremåla som er viste på plankartet.
- b. Arbeid og tiltak som er nemnde i PBL §§ 20-3 og 20-4, og frådeling til slike føremål, kan ikkje finna stad før området går inn i reguleringsplan etter kapittel 12 i PBL.
Unnatak:
 1. Dei områda som i kommuneplanen er markerte som husklyngjer (sjå eiga føresegn).
 2. Fortetting i uregulerte område som i kommuneplanen er sett av som «eksisterande område for fritidsbustad» og «eksisterande område for bustadar».
 - For bustadane gjeld: Det kan førast opp bustadhus på inntil 250 m² BYA med maks gesimshøgde 8 m og maks mønehøgde 9 meter og garasje på inntil 50 m² BYA i ein etasje med maks gesimshøgde 3 m og maks mønehøgde 5,5 meter. Elles gjeld teknisk forskrift.
 - For fritidsbustadane: Fritidsbustadar kan førast opp i ein etasje med inntil 135 m² BYA utanfor 100-metersbeltet og 90 m² innafor 100- metersbeltet. Begge storleikar er inklusiv uthusfunksjon. Maks gesimshøgde kan vera 4 m og maks mønehøgde 5,5 m, målt frå topp grunnmur.
 - Krava til utnyttingsgrad for bustadar i §1.2.2, bokstav e og fritidsbustadar i § 1.9, bokstav c skal gjelda.
 - Søknadar om tiltak skal sendast kulturminnemyndigheitene for uttale.
- c. Før bygging kan skje i dei einskilte byggjeområda, må tekniske anlegg som veg, vatn og avløp kunne godkjennast av kommunen.
- d. Alle nye byggjeområde, inkludert nye område for fritidsbusetnad, må ha tilkomst for brann- og redningstenester, samt opplegg for slökkjevatn.
- e. Ved utbygging i område som ligg i sikrings-, støy- og faresonene som er markerte på plankartet, skal krav sett i føresegnene for den aktuelle sona vera oppfylte, før det vert gjeve dele- eller byggjeløyve.
- f. Bygg skal førast opp med lågaste golv på minimum kote 2,5 meter. Det kan gjerast unntak frå denne minstehøgda når det er forsvarleg ut frå type bygg, men elektriske koplingar og materiale som ikkje toler vassinntrenging, skal ikkje nyttast lågare enn kote 2,5 meter. I utsette område må det takast omsyn til bølgepåverknad.

I Vikedal sentrum skal rapporten frå NVE "Vasslineutrekning for Vikedalselva ved utløpet.

10.01.2011." leggjast til grunn.

- g. Nedbør skal fortrinnsvis gis avløp gjennom infiltrasjon i grunnen og i opne vassvegar. Reguleringsplanar skal identifisera og sikra areal for overvassshandtering og skildra korleis løysingane kan gi nye bruksmessige og visuelle kvalitetar til det offentlege rommet. VA-rammeplan skal vera del av reguleringsplanar ved behov.
- h. Ved utbygging og tiltak som medfører at bekkar eller elveløp blir lagde i røyr eller innsnevra på annan måte, skal tiltakshavar leggja fram ei utgreiing som viser at løpet er dimensjonert for å klara framtidig nedbør. Utgreiinga skal også visa reservevassvegen ved ekstremnedbør. I utgreiinga må ein ta omsyn til nedslagsfeltet som vil gje vatn til røyret eller innsnevringa.
- i. Alle vassverk skal registrerast hos Mattilsynet. Overstig planlagd produksjon 10 m³, skal planane for vassverket godkjennast av Mattilsynet, jf. drikkevassforskrifta § 18.
- j. Alle avløp skal vera knytt til kommunale avløpsordningar eller vera godkjende etter kommunalt vedtekne «Retningslinjer for behandling av utsleppssøknad for separate avløpsanlegg» (vedtak i DUK 22.08.16).
- k. For nedslagsfeltet til Skjoldafjorden, Vatsvatnet og Landavatnet: Bygningar med innlagt vatn må knyta seg til offentlig kloakk eller høgverdig reinseanlegg.

Retningslinjer for byggjeområde generelt

- a. Ved alle reguleringsplanar som gjeld større næringsområde, område for tenesteyting eller bustadområde som er planlagt for meir enn 20 hus, bør det setjast av areal til eit eventuelt framtidig bioanlegg, samt lager til dette. I tillegg bør det vurderast om det skal gjevast reguleringsføresegn om at det skal leggjast klar røyr for varmeoverføring.
- b. Tiltak som medfører at bekkar eller elvelaup blir lagt i røyr eller innsnevra skal i størst mogeleg grad unngåast.

§ 1.1 Byggjeområde generelt i Ølen sentrum

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

- a. Ved planlegging og utbygging i strandsona skal det etablerast samanhengande strandpromenade, som skal innarbeidast i alle nye reguleringsplanar. Strandpromenaden skal opparbeidast som ein miljøskapande og samanhengande gang- og sykkelveg langs sjøen gjennom sentrum. Det kan ikkje etablerast tiltak som gjer vanskeleg gjennomføring av ein framtidig strandpromenade.
- b. Elvane i området skal takast vare på og oppgraderast. Desse er viste som grønstruktur i planen. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det leggjast til grunn ei generell opprusting av elveløp og kantsoner. Langs kantsonene skal det leggjast til rette for ferdsle.
- c. Nye bygningar og anlegg, samt endring av eksisterande, skal utformast i samspel med omgjevnadane sin karakter og form. Nye bygningar skal fremma gode gate- og uterom, og ta vare på og utvikla eksisterande sentrumsområde.
- d. I nye utbyggingsområde skal det vurderast / utgreiast om det kan nyttast alternative energikjelder og eventuelt bruk av fjernvarme-/sentravarmeanlegg.

§ 1.2 Byggjeområde for bustad

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

§ 1.2.1 Uteoppfallsareal

1. Areal- og lokalitetskrav til felles uteoppfallsareal bustadområde:

a. Minste felles uteoppfallsareal per bueining for bustadar:

Område	Minste felles uteoppfallsareal per bueining på terreng
I areal sett av til sentrumsområde i kommuneplanen og område med gangavstand til sentrumsområde	Minimum 30 m ²
I andre område	Minimum 50 m ²

Arealet skal i utgangspunktet liggja på eiga tomt.

b. I Ølen sitt sentrumsområde kan inntil 50% av felles uteoppfallsareal liggja utanfor eiga tomt, men ikkje lenger enn 200 meter frå tomta.

c. Tilkomsten til felles uteoppfallsareal skal vera trafikksikker, og arealet skal vera av god kvalitet.

d. Kommunen kan bestemma at heile eller delar av ikkje overbygd del av terrassar og takterrassar kan reknast som uteoppfallsareal. TEK 10 § 5-6.

e. Naturgitte og mest eigna område skal setjast av til uteoppfallsareal, inkludert leike område for barn og unge.

f. Det skal leggjast vekt på å sikra samanhengande grønstruktur mellom uteoppfallsareal i bustadområde og tiliggjande fri-/friluftsliv-/utmarksområde utanfor bustadområdet.

2. Krav til funksjon og kvalitet for felles uteopphaldsareal

I nærleiken av bustadfelt skal det vera tilgang på uteopphaldsareal som mogleggjer ulike typar lek til ulike årstider. Uteopphaldsarealet skal kunna nyttast av ulike aldersgrupper og fungera som møteplass for barn, unge og vaksne.

a. Krav til ulike typar areal ved regulering (sum av nye bueiningar og bueiningar i tilliggjande eksisterande bustadområde):

Type areal	Dekkar tal bueiningar	Minimum storleik på areal
Nærleikeplass (sandleikeplass)	4-25	150m ²
Områdeleikeplass (kvartalsleikeplass)	25-200	1.500m ²

b. For bustadareal i kommuneplan (sum av nye bueiningar og bueiningar i tilliggjande eksisterande bustadområde) gjeld følgjande krav:

Type areal	Dekkar tal bueiningar	Minimum størrelse på areal
Aktivitetsflate (ballfelt)	150-600	2.500m ²
Rekreasjonsområde (sentralt leikefelt)	600-1.200	6.000m ²

c. Minimum 50% av felles uteopphaldsareal skal ha sol ved vårjamdøgn klokka 15:00.

d. Leikeplassar og uteopphaldsareal skal ikkje plasserast under høgspenlinjer, i område som er utsette for elektromagnetisk stråling eller i område utsett for trafikk, forureining, støy eller andre helsefarar.

3. Krav om tilgjenge til felles uteopphaldsareal

a. Uteopphaldsareal skal plasserast og utformast slik at dei er mest mogleg tilgjengelege for alle.

b. Når arealet etter sin funksjon er eigna til det, skal det leggjast til rette for at felles uteopphaldsareal er universelt utforma.

4. Omdisponering av areal

Ved omdisponering av areal som i planar er sett av til felles uteopphaldsareal eller friområde som vert nytta eller er eigna for lek, skal det skaffast fullverdig erstatning, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegging*.

5. Privat uteopphaldsareal

Alle bueiningar skal ha eigna privat areal for uteopphald som er skjerma for innsyn og har gode solforhold.

§ 1.2.2 Reguleringsføresegner

I reguleringsføresegner for byggjeområde for bustadar, samt i husklyngjer med tomte-delingsplan, skal følgjande leggjast til grunn:

a. I området kan det førast opp frittliggjande hus med maksimal gesimshøgde inntil 7 meter

på den einskilde fasade. Det kan byggjast garasje til bustaden. I område som i reguleringsplan blir sett av til fleirbustader, kan det setjast ei høgare gesimshøgde.

- b. Bygg skal plasserast slik at dei får god landskapstilpassing og utformast med karakter, stiluttrykk og fargebruk som passar til omgjevnadane.
- c. På kvar tomt skal det vera oppstillingsplass til minimum 2 bilar pr. bueining for einebustadar og tomannsbustadar, eller tilsvarende tal på felles parkeringsplass. For einebustad med utleigeleilegheit skal det vera parkeringsplass for minimum 3 bilar eller tilsvarende tal på felles parkeringsplass.
- d. Ny busetnad skal plasserast på ein slik måte at mest mogleg av eksisterande terreng og vegetasjon kan takast vare på.
- e. Ved utarbeiding av reguleringsplanar i Ølen, Ølensvåg, Skjold, Vikedal og Sandeid, skal det setjast krav om utnyttingsgrad på 2 bustadar per daa byggjeområde. Ved bygging i/på Vikebygd, Bjoa, Kårhus, Knapphus og Ølmedal skal det stillast krav om utnyttingsgrad på 0,8 – 1 bustadar per daa byggjeområde.

§ 1.2.3

Byggjeområde for bustader som ikkje vert regulerte innan 8 år vil bli vurderte tekne ut av planen ved påfølgjande planrevisjon.

Retningslinjer for byggjeområde for bustad

Det er ønskeleg med fortetting eller sentrumsnær utbygging i tilknytning til eksisterande bustadområde. Det er ein føresetnad at dette skjer med omsyn til jordvern, kulturminnevern, landskapskarakter, lokal byggeskikk, bumiljø, trafikktryggleik og at leikeområde og friluftsområde ikkje blir forringa gjennom fortettinga.

§ 1.2.4 Byggjeområde bustad i Ølen sentrum i tillegg:

I tillegg til pkt. 1.1 gjeld:

- a. Eksisterande bustadområde kan fortettast. Nye prosjekt skal tilpassast eksisterande utbygging, og reguleringsplan skal sikra at vesentlege eksisterande kvalitetar ikkje vert dårlegare. Fellesareal til uteopphald skal innpassast i planområda.
- b. Bustadar innanfor område B1 skal utformast som einebustadar med saltak.

§ 1.3 Rekkefølgjekrav til byggjeområde for bustadar

Utbygging av Skjervheimfeltet i Vats kan ikkje starta før det er tilfredsstillande vegløyising for gåande og syklande opp til skuleområdet på Kårhus.

§ 1.4 Byggjeområde - husklyngjer

I kvar av husklyngjene som er markerte med H på kartet kan det byggjast minimum 3 og maksimum 5 nye bustadhus utan reguleringsplan (jf. PBL § 11-10 pkt. 1) under desse føresetnadene:

- a. Det er lagt fram ein tomtedelingsplan som viser tomtedeling, tilkomst (avkøyring), internvegar og grøntareal og leikeplassar før bygging av første hus.
- b. Det er dokumentert at utbygging
 - ikkje er i konflikt med landbruksdrift eller særlege naturtilhøve.
 - ikkje skadar, øydelegg, endrar eller verkar skjemmande på automatisk freda kulturminne

eller gjer dessa mindre tilgjengelege, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.
- Utkast til tomtedelingsplan skal sendast kulturminnemyndigheitene for uttale.

- c. Det er dokumentert tilfredstillande ordning for vatn og kloakk, samt godkjent avkøyring til hovudveg.
- d. Det er dokumentert at tiltaket ikkje ligg innafor sikrings-, støy- eller faresone, eller at det er dokumentert at krava som er stilte i føresegner til den aktuelle sona er oppfylte. I tillegg at det er lagt fram ein ROS-analyse i samsvar med kommunen sine akseptkriterium.
- e. Det kan førast opp bustadhus på inntil 250 m² BYA med maks gesimshøgde 8 m og maks mønehøgde 9 meter og garasje på inntil 50 m² BYA i ein etasje med maks gesimshøgde 3 m og maks mønehøgde 5,5 meter. Elles gjeld teknisk forskrift.

§ 1.5 Senterstruktur

a. Regiondelsenter: Ølen

Viktige publikumsretta eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjonar som berre vert gitt på ein stad innafor del av regionen, skal lokalisrast i regiondelsenter. Publikumsretta eller besøks-/arbeidsplassintensive fellesfunksjonar for indre deler av Haugalandet bør fortrinnsvis lokalisrast i Ølen sentrum.

b. Områdesenter: Ølensvåg

Her kan det lokalisrast publikumsretta eller besøks-/arbeidsplassintensive funksjonar for senteret sitt næraste omland, men ikkje tilbod som vert vurdert å konkurrera med regionsenteret eller regiondelsentra.

c. Tettstadsenter: Sandeid, Skjold, Vikebygd, Bjoa, Vikedal, Ølmedal, Knapphus og Kårhus.

Her kan det etablerast funksjonar som tener eigen tettstea/ eige nærområde, men ikkje tilbod som vert vurdert å konkurrera med andre sentre.

§ 1.6 Byggjeområde - sentrums- og forretningsområde

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

- a. I sentrumsområde kan område og eksisterande bygg nyttast til bustad, forretning og privat og offentleg tenesteyting. Nye bygg kan førast opp til same føremål.
- b. I forretningsområde kan område og eksisterande bygg nyttast til handel. Nye bygg kan førast opp til same føremål. Det kan tillatast utviding av eksisterande etableringar med plasskrevjande varer på Knapphus.

§ 1.6.1 Byggjeområde - sentrumsføremål i Ølen sentrum

- a. Innanfor området kan det byggjast bygg for blanda føremål: forretning, bustad, kjøpesenter, fritids- og turistføremål, hotell, bygningar for offentleg eller privat tenesteyting, andre typar anlegg, parkeringsanlegg og uteopphaldsareal.
- b. Ved utbygging i strandsona kan det etablerast bustad, detaljhandel og kontor nær strandlina, men skild frå denne med strandpromenade og allment tilgjengeleg areal. Jf. §1.1, bokstav a.
- c. Gjennom området skal strandpromenade ha universell utforming.
- d. Det skal ikkje etablerast bustad eller andre føremål som gjev unødig privatisering på det etasjeplan som ligg på nivå mot strandsona eller anna gangveg/opphaldssone som skal

vera ope for ålmenta. Bygg i strandsona skal ha høg utnyttingsgrad.

e. Det skal gjennom plan og utbygging leggjast vekt på at det vert oppretthalde gode soner med kontakt mellom sjø og bakanforliggende område.

f. Eiodalen

- Det skal ved planlegging og utbygging leggjast vekt på å etablere bygg med høg estetisk kvalitet ut mot E134 og FV 514.
- Ved planlegging og utbygging av området skal det leggjast stor vekt på trafikktryggleiken for mjuke trafikkantar.
- Området skal ha høg utnyttingsgrad.

Rekkjefølgjekrav for sentrumsområde i Eiodalen:

Det skal vera opparbeidd sikker kryssing av E134 for gåande før sentrumsområdet i Eiodalen vert opna for handel.

§ 1.7 Byggjeområde – kombinerte føremål

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

Områda er i kartet nummererte K1-K7.

a. Tiltak innafor følgjande føremål er tillatne i områda:

- K1: Skjoldavik: næring / bustad
- K2: Utbjoa kai: bustad / næring.
- K3: Innbjoa kai: bustad / forretning / fritids- og turistføremål.
- K4: Innbjoa aust for skulen: næring / forretning / bustad
- K5 Ølen vest: bustad / næring/ tenesteyting.
For dette området gjeld også § 1.1 bokstav a, c-d og §§ 1.6.1 bokstav c-e.
- K6: Vikedal seter, Mo: næring / tenesteyting
- K7: Kvaløy: forretning / næring.

b. Begge eller minst to av arealføremåla som er oppgitt i den enkelte kombinasjonen skal nyttast. Fordeling mellom dei ulike føremåla skal avklarast gjennom regulering.

§ 1.8 Byggjeområde - næringsområde

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

- a. I næringsområde kan område og eksisterande bygg nyttast til industri-, handverks- og lagerverksemd og anna næringsverksemd. Nye bygg kan førast opp til same føremål. Forretning (detaljhandel) og tenesteyting kan ikkje plasserast i næringsområde. Unntak kan gjerast for Ølen – Fatland, Nerheim og Liaheia for handel med arealkrevjande vareutval.
- b. Området Ølen – Fatland:
- skal byggjast ut etappevis i rekkjefølgje: felt 1, 2 og 3 som går fram av plankartet.
 - det er krav om utnyttingsgrad på 80 % i felt 1 før utbygging av felt 2 kan starta og tilsvarande i felt 2 før utbygging i felt 3 kan starta.
 - det kan førast opp bygningar og nyttast areal til næring med høg utnyttingsgrad som kan styrkja Ølen som eit regionalt senter.
- c. Områda ved Fatland slakteri N1 og N2 kan ikkje nyttast til tradisjonell detaljhandel og forretning. Det kan etter særleg vurdering opnast for handel knytt til stadleg produksjon og særleg arealkrevjande varer.

§ 1.9 Byggjeområde for fritidsbustad

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

- a. Det er ikkje lov å føra opp nye fritidsbygg utafor område som er sett av til dette føremålet, men kommunen kan gi løyve til utviding / ombygging av eksisterande fritidsbustader innafor rammene av føresegnene for fritidsbustad.
- b. Ved regulering av område for fritidsbustader må heile det samanhengande området som er sett av i kommuneplanen til føremålet, regulerast i ein plan. Innafor planområdet skal det setjast av samanhengande område til friluftsliv, leik og fritid. Områda skal vera godt eigna til føremålet.
- c. Utnyttingsgraden for hyttefelt skal vera minimum 1 hytte pr. dekar regulert byggeområde.
- d. I samband med utarbeiding av reguleringsplan blir det stilt fylgjande krav:
- For område som ligger nærare sjø enn 1 km, skal utbyggjarar visa at det er avtalar om ny båt plass i småbåtanlegg/-hamn for hyttene. Unnatak kan gjerast dersom det kan påvisast at det i eksisterande småbåtanlegg/-hamner er fleire ledige plassar enn det tal hytter som er planlagt, eller det blir vurdert til at hytteområdet ligg slik at det ikkje blir aktuelt å nytta båt i sjø.
 - For hytteområde som skal nytta Håvikvegen, vegen til Skipavåg eller vegen til Søndenåneset, kan det bli krav om deltaking i opparbeiding og utbetring av møteplassar eller anna opprusting som er naudsynt for å ta i mot auka trafikkmengde. Dette må avklarast i samband med utarbeiding av reguleringsplan.
- e. Reguleringsføresegnene i område for fritidsbusetnad skal ha med fylgjande:
- Fritidsbustadar kan førast opp i ein etasje med inntil 135 m² BYA utanfor 100-metersbeltet og 90 m² innafor 100- metersbeltet. Begge storleikar er inklusiv uthusfunksjon.
 - Maks gesimshøgde kan vera 4 m og maks mønehøgde 5,5 m, målt frå topp grunnmur.
 - Det er ikkje tillate å føra opp frittståande uthus, garasjar eller anneks til fritidsbustadar. Uthusfunksjon og garasje kan byggjast som ein integrert del av hytta og inngå i BYA.
 - Fritidsbustader skal ikkje førast opp på bakketopp eller i synsrande.
 - Fritidsbustadar skal ikkje plasserast slik at dei fører til uønskt privatisering av strandlina.
 - Fritidsbustadene skal utformast med karakter, stiltrykk og fargebruk som passar til omgjevnadane.
 - Kvar fritidsbustad skal ha oppstillingsplass til minimum 2 bilar, på eigen grunn eller tilsvarande tal på felles parkeringsplass for feltet.
 - Byggjesøknad skal visa eksisterande og planlagt terreng på alle sider av bygget.
 - Grunnmur eller pelar skal vera så låge som mogleg og bør ikkje vera høgare enn 1 m. Planering og utgraving skal ikkje vera meir omfattande enn det som er nødvendig ut frå bygningsmessige omsyn. Tomta elles skal ha naturleg eksisterande terrengformasjon.
 - Materialval og fargeval skal tilpassast det naturpreg som er på staden. Nye fritidsbustader skal plasserast slik at mest mogleg av eksisterande vegetasjon og terreng kan bevarast.
 - Naudsynte vegar skal gjevast ei naturleg linjeføring. Skjeringar og fyllingar skal så langt som råd jamnast ut til ei naturleg utforming
- f. Byggeområde for fritidsbustader som ikkje vert regulerte til dette føremålet innan 8 år vil bli vurdert tekne ut av planen ved påfølgjande planrevisjon.

§ 1.10 Byggjeområde – naust

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

- a. Naust er uthus for oppbevaring av båt og utstyr.
- b. Naust kan ha ein maksimal storleik på 40 m² BYA. Naust skal byggjast i ein etasje og kan ha maksimal mønehøgde på 5,5 meter og maksimal gesimshøgde på 3,5 meter; begge høgder målt på frontveggen mot sjøen. Ved byggjesøknad skal dette dokumenterast ved snitteikningar i samsvar med definisjonar etter Forskrift om tekniske krav til byggverk (Byggteknisk forskrift). Bruksarealet skal reknast utan tillegg for tenkte plan.
- c. Naust skal ikkje byggjast slik at dei stengjer for ålmenn ferdsel mellom naust og sjøen. Det skal leggjast til rette for ålmenn ferdsel i strandsona.
- d. Naust skal byggjast slik at det fell naturleg saman med tilliggjande naust i området.
- e. Stengsel som kan hindra persontilgang til naustområde og bryggjer er ikkje tillate. Dette gjeld gjerde, grinder, skilt, mm.
- f. Naustområde er i kartet vist som N1-N67. Naust kan førast her opp i samsvar med tabellen nedanfor. For dei områda der talet på naust er oppgitt, kan desse førast opp utan reguleringsplan, for dei andre er det krav om reguleringsplan før bygging og deling.
- g. For alle områda i pkt. f gjeld følgjande vilkår:
 - Nausta skal ikkje koma i konflikt med badeplassar, fiskeplassar eller andre område som kan nyttast til rekreasjon.
 - Det skal ikkje vera behov for større terrenginngrep som skjeringar, fyllingar eller inngrep i svaberg for å få plass til nausta. Terrenginngrep skal avgrensast til det som er nødvendig for plassering av naustet.
 - Nausta skal ikkje plasserast på dyrka mark eller innmarksbeite, og det skal ikkje vera naudsynt å omdisponera dyrka mark eller innmarksbeite for å sikra tilkomst til naustet.
 - Nausta skal ikkje plasserast i område der forhold i sjøen gjer at ein ikkje kan koma inntil naustet med båt utan store fyllingar eller andre terrenginngrep.
 - Nausta i området bør ha ei ledig plassering, slik at ikkje alt ligg parallelt og på linje. Det er ønskeleg med variasjon i breidde og mønehøgde på nausta.
 - Nausta skal tilpassast lokal byggjeskikk og oppførast som tradisjonelle naust.
 - Nausta skal ha byggjemateriale av tre eller stein.
 - Nausta skal ha mørke dempa fargar tilpassa eksisterande miljø.
 - Nausta skal ha sidehengsla tett naustdør på fasade mot sjøen.
 - Nausta skal ikkje ha meir enn 2 stk. vindauge pr. naust, og samla glasareal skal ikkje overstiga 1,0 m² pr. naust.

- Nausta skal ikkje ha terrasse, balkong, ark, karnapp, rekkverk, levegg, trapp påbygd utvendig fasade eller liknande.
- Det må dokumenterast rett til godkjent tilkomst og bilparkering.
- Søknadar om tiltak skal sendast kulturminnemyndigheitene for uttale.
- Ved utfylling i sjø eller vassdrag skal Stavanger maritime museum høyrast.

Områdenr.	Områdenamn	Tal nye naust
N1	SK, Toranesvika	5
N2	SK, Haraldseidv. vest 1	2
N3	SK, Haraldseidv. vest 2	7
N4	SK, Haraldseidv. vest 3	4
N5	SK, Haraldseidv. vest 4	7
N6	SK, Haraldseidv. aust	Reguleringsplan
N47-49	SK, sjå nedanfor	-
N7	VB, v/ Trovågfeltet 1	Reguleringsplan – krav til tilkomst i pkt. j nedanfor
N8	VB, v/ Trovågfeltet 2	0
N9	VB, Trovågen	5
N10	VB, Svendsbøvågen	3
N11	VB, Dommersneslandet	7
N12	VB, Vikevik 1	0
N13	VB, Vikevik 2	0
N14	VB, Vikevik 3	1
N15	VB, Gangstø	1
N16	B, Gardavika	1
N17	B, Smedsvik	3
N18	B, Utbjoavågen 1	2 - i samsvar med pkt. h nedanfor
N19	B, Utbjoavågen 2	3 - i samsvar med pkt. h nedanfor
N20	B, Grønevik	5 - i samsvar med pkt. i nedanfor
N21	B, Innbjoa 1	0
N22	B, Innbjoa 2	0
N23	B, Innbjoa 3	3
N24	B, Apalvik 1	5
N25	B, Apalvik 2	0
N26	B, Apalvik 3	0
N27	B, Apalvik 4	0
N28	B, Grunnavåg	0
N29	B, Hauge/Ekeberg	4
N30	B, Hatlevik	4
N31	Utgår	
N32	ØV, Vaka 1	3
N33	ØV, Vaka 2	3
N34	ØV, Kåta	4
N35	ØV, Nautaskjer	4
N36	ØV, Ørland	Reguleringsplan
N37	ØV, Ura	Reguleringsplan
N38	ØV, Kvassanes	Reguleringsplan
N39	Ø, Roa 1	1
N40	Ø, Roa 2	0
N41	Ø, Roa 3	Reguleringsplan
N42	Ø, Roa 4	Reguleringsplan

N43	Ø, Roa 5	Reguleringsplan
N44	Ø, Stangeland	0
N45	Ø, Kåtabø	6
N46	Ø, Ytre Hamre	0
N47	SK, Kronå	3
N48	SK, Skjoldavik	Reguleringsplan som inkluderer turvegen mellom Skjoldavik og Vikaneset som ein føresetnad for å byggja naust
N49	SK, Kyrkjevik	Reguleringsplan
N50	VA, Steinaneset	4
N51	VA, Indraland	4
N52	VA, Eikanes 1	5
N53	VA, Eikanes 2	2
N54	VA, Åm	Reguleringsplan
N55	VA, Åmsosen aust 1	Reguleringsplan
N56	VA, Åmsosen aust 2	Reguleringsplan
N57	VA, Skjervheim 1	Reguleringsplan
N58	VA, Skjervheim 2	Reguleringsplan
N59	VA, Skjervheim 3	Reguleringsplan
N60	VA, Vaskevik	Reguleringsplan
N61 og 62	SA, Torsnes 1	3 inntil eksist.naust
N63	SA, Viland 1	0
N64	SA, Viland 2	3
N65	SA, Årak	Reguleringsplan
N66	SA, Vestbø 1	1
N67	SA, Vestbø 2	2

- h. Naustområde Utbjoa, nord for kai: Fortetting kan skje utan sprenging av berg mot sjøen.
- i. Naustområde Grønevik, Bjoa: Naust skal plasserast i grupper. Ikkje sprenging av berg mot sjøen.
- j. Trovåg sør: tilkomst til naustområdet må ordnast gjennom etablert veg til naustområde i nord.
- k. Jordlova § 12 skal framleis gjelda i naustområda.

§ 1.11 Byggjeområde – fritids- og turistformål

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

- a. I område sett til camping skal alle bygningsmessige endringar, fortetting eller utviding skje gjennom godkjent reguleringsplan.
- b. § 12 i jordlova (om deling) skal vera gjeldande i byggjeområde for eksisterande camping-område som er del av landbrukseigedommar.

§ 1.12 Byggjeområde - råstoffutvinning

I tillegg til pkt. 1 gjeld:

- a. I nye område og ved utviding av eksisterande område for råstoffutvinning er det krav om godkjent reguleringsplan med konsekvensutgreiing før oppstart av uttak , jf. PBL § 4-2 andre ledd.

- b. For område Tindeland, Hiksdal og Torvsetehaugen skal det i reguleringsplan setjast krav om etappevis uttak og at området etter uttak skal tilbakeførast til LNF-område.
- c. For område Østbø skal det i reguleringsplan setjast krav om etappevis uttak og at område etter uttak skal tilbakeførast til jordbruksareal og LNF-område.
- d. Rekkjefølgjekrav for område for råstoffutvinning Hiksdal og Torvsetehaugen: Krysset E134/Hiksdalsvegen skal vera planlagd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-1 og opparbeidd i samsvar med gjeldande vegnormalar før massar frå desse områda kan køyrast ut via dette krysset.

Retningslinjer for område for råstoffutvinning:

Ved all råstoffutvinning skal det frå starten av setjast av midlar til tilbakeføring og tilsåing av utnytta område, som seinast skal skje eit år etter at drifta er avslutta.

Masseuttak skal planleggjast slik at det blir minst mogleg innsyn i brotet.

2. SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§ 11-7 NR. 2)

Retningslinje for avkøyrslar frå riks- og fylkesvegane

Statens vegvesen sin rammeplan for avkøyrslar skal leggjast til grunn ved vurdering av søknader om løyve til opparbeiding av nye avkøyrslar eller auka bruk av avkøyrslar frå riksvegen (E134) og fylkesvegane.

GRØNSTRUKTUR (§ 11-7 NR. 3)

§ 3. Grønstruktur generelt

- a. Det er ikkje tillate å føra opp bygg eller anlegg som er til hinder for områda sin bruk som rekreasjons- og friområde.
- b. Det kan opparbeidast gangveggar og turstiar i områda.
- c. Søknadar om tiltak skal sendast kulturminnemyndigheitene for uttale.

Retningslinjer for område for grønstruktur:

- a. Karaktertrekka i landskapet skal i størst mogleg grad takast vare på med omsyn til rekreasjonsverdi, fleirbruk og grønstruktur.
- b. Parkrom og torg skal takast vare på og vidareutviklast som samanhengande, attraktive og trygge rekreasjonsområde med god tilgjenge for alle. Universell utforming skal leggjast vekt på ved opparbeiding av areal.

LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (§ 11-7 nr. 5)

LNF- området er inndelt i to ulike soner. Føresegner knytt til planen gjer greie for kva regelverk som gjeld i dei ulike områda.

§ 4. 1 LNF-område generelt

- a. I 100-meterbeltet langs sjøen er det tillate å føra opp nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag med sikte på landbruk, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs dersom det ikkje er eigna og gode alternativ utanfor 100 m sona. (PBL § 11-11, nr 4). Gjødelskummar må liggja min. 50 meter frå sjø og vassdrag, jf. PBL § 1-8, fjerde ledd.
- b. Tilbygg/påbygg og garasje (tiltak etter PBL §§ 20-3 og 20-4) på inntil 70 m² til eksisterande bustadar utanfor 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag kan handsamast som enkeltsøknad utan dispensasjon på følgjande vilkår, jf. PBL §11-11 pkt. 2:
 - At tiltaket er tilpassa omkringliggjande bygg og omgjevnadar.
 - Maks BYA og møne-/gesims kan vera som i LNF-2 (§ 4.3, pkt. e).
- c. Søknadar om tiltak som medfører inngrep i terrenget skal sendast kulturminne-myndigheitene for uttale.
- d. Tiltak som medfører nye avkøyringar eller utvida bruk av avkøyringar krev løyve frå vegstyresmaktene (Statens vegvesen eller kommunen) etter veglova.

§ 4.2 LNF-sone 1 (§ 11-7, nr. 5 a)

- a. Berre tiltak som er naudsynte for landbruk og gardstilknytta næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag er i tråd med LNF-føremålet i denne sona. Det kan ikkje førast opp eller delast frå til bustad-, fritids- eller næringsbygg som ikkje er del av stadbunden næring.
- b. Ved tiltak som ligg innafor sikrings-, fare- eller støysonene skal desse omsyna vurderast spesielt, før det vert gjeve byggjeløyve.

§ 4.3 LNF-sone 2 - område der spreidd bustadbygging er tillate (§ 11-7 nr. 5 b)

I kvar av desse sonene, med unntak av Kvaløy, er det i planperioden tillate å føra opp inntil 5 bustadhus som ikkje har tilknytning til stadbunden næring. I Kvaløy kan det førast opp inntil 4 bustadhus i planperioden.

Dette kan skje utan reguleringsplan under følgjande føresetnader:

- a. Det er dokumentert at utbygging:
 - ikkje er i konflikt med landbruksdrift eller særlege naturtilhøve.
 - ikkje skadar, øydelegg, endrar eller verkar skjemmaende på automatisk freda kulturminne eller gjer dessa mindre tilgjengelege, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8.

- Søkningar om tiltak skal sendast på høyring til kulturminnemyndigheitene.
- b. Det skal ikkje byggjast på dyrka og dyrkbar jord og bustadane skal liggja i tilknytning til eksisterande vegstruktur og bygningar.
- c. Det er dokumentert at det er tilfredstillande ordning for vatn og kloakk, samt godkjent avkøyring til hovudveg.
- d. Bustaden
 - ikkje ligg innafor sikrings-, fare- eller støysonene, eventuelt at det er dokumentert at dei krava som er stilte i føresegnene for den aktuelle omsynssona er oppfylte.
 - ligg lengre enn 100 meter frå driftssenter.
 - ikkje ligg innafor 100-meterbeltet langs sjøen.
- e. Det kan førast opp bustadhus på inntil 250 m² BYA, med maks gesimshøgde 8 m og maks mønehøgde 9 meter og garasje på inntil 70 m² BYA i ein etasje med maks gesimshøgde 3 m og maks mønehøgde 5,5 meter. Elles gjeld teknisk forskrift.
- f. Ved oppføring av bustad i LNF-sone 2 skal føresegner for byggjeområde (§ 1), med unntak av plankrav, leggjast til grunn.

Retningslinjer for LNF-område

Ved vurdering av søknadar om dispensasjon for oppføring av naust i LNF-områda skal det leggjast vekt på følgjande moment:

- a. Det er naust i området frå før og nytt naust vil koma i tilknytning til dette / desse.
- b. At det er eit naust for ein landbrukseigedom, som ein ressurs for denne.
- c. Nytt naust vil ikkje føra til deling av eigedom.
- d. Nytt naust vil ikkje koma i konflikt med landskapsomsyn, friluftslivs-, natur- eller kulturminne- / kulturmiljøinteresser.
- e. Nytt naust vil bli bygd i samsvar med føresegnene for naustområde.

BRUK OG VERN AV VASSDRAG OG SJØOMRÅDE MED TILHØYRANDE STRANDSONE (§ 11-7 NR. 6)

§ 5.1 Område for bruk og vern av sjø og vassdrag - generelt

- a. I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser (PBL § 1-8).
- b. Byggje- og deleforbodet langs sjøen (§ 1-8, andre ledd) gjeld ikkje i område som i kommuneplanen er sett av som byggjeområde eller der det er vedteken reguleringsplan. Arealføremålsgrensa mot sjø for byggjeområda gjeld her som byggjegrænse jf. PBL § 1-8, tredje ledd.
- c. I 100-meterbeltet langs sjøen er det tillate å føra opp nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag med sikte på landbruk, fiske, fangst, akvakultur og ferdsel til sjøs dersom det ikkje er eigna og gode alternativ utanfor 100 m sona. (PBL § 11-11, nr 4). Gjødsekummar må liggja min. 50 meter frå sjø og vassdrag. jf. PBL § 1-8, fjerde ledd.
- d. Søkningar om tiltak som medfører inngrep i terrenget skal sendast kulturminnemyndigheitene for uttale.

- e. Alle tiltak i sjø og vassdrag skal avklarast med kulturminnemyndigheitene (Stavanger maritime museum) i samsvar med kulturminnelova §§ 9 og 14.
- f. Nye tiltak i sjø skal, i tillegg til plan- og bygningslova, godkjennast etter hamne- og farvasslova.

§ 5.2 Kombinert område ferdsel/fiske (FF) Svallandsneset / ytre Ålfjorden

I dette området er det ikkje tillate med fortøyingar for akvakulturanlegg.

§ 5.3 Bryggjer

- a. Bryggjer skal ikkje byggjast slik at dei stengjer for ålmenn ferdsel mellom naustet og sjøen. Det skal leggjast til rette for ålmenn ferdsel i strandsona.
- b. Bryggjer skal ha ein maksimal storleik på 10 x 2 meter. Flytebryggjer som kjem på utsida av dette skal ikkje vera lenger enn at dei totalt kjem maksimalt 12 meter ut frå strandlinja ved flo sjø.
- c. Bryggjer som blir lagt ut som fellesanlegg for fleire båteigarar kan gå lenger ut i sjøen.
- d. Nye bryggjer skal av landskapsomsyn ikkje plasserast der det er langgrunt.
- e. Stengsel som kan hindra persontilgang til naustområde og bryggjer er ikkje tillate. Dette gjeld gjerde, grinder, skilt, mm.

§ 5.4 Småbåthamn

- a. Innanfor arealføremål småbåthamn kan det leggjast til rette for småbåtanlegg/-hamn. Det kan leggjast ut flytebryggjer i området. Fellesområda (landområdet) skal vera offentleg tilgjengelege. I anlegget/hamna bør det vera utkøyringsplass (rampe) for båtar. Denne skal vera tilgjengeleg for alle ev. mot betaling.
- b. For småbåthamna ved Utbjoa næringsområde skal det utarbeidast ein felles reguleringsplan som omfattar båthamna, naudsyn del av næringsområdet og eit nytt friområde for å ta vare på natur- og friluftslivsinteressene i strandsona, t.d. svaberget mellom båthamna og tømmerkaien.

§ 5.5 Riggområde

§ 5.5.1 Riggområde generelt

I dei tre riggområda kan fartøy, riggar eller andre installasjonar ankra opp i samband med inn- og uttransport til / frå dei tilliggjande næringsområda. For eventuell industriell aktivitet i riggområda er det krav om reguleringsplan (med planprogram og KU). Planen skal beskriva kva type installasjon det gjeld og kva aktivitet som skal utførast. Det må gå fram av plandokumenta korleis all forureining kan bli kontrollert og utsleppa regulert.

§ 5.5.2 Vats- og Yrkefjorden

Her gjeld Detaljregulering for sjøområde i Vats- og Yrkefjorden, vedtak av 24.06.15 i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

OMSYNSSONER (PBL § 11-8)

§ 6.1 Omsynssoner med heimel i PBL § 11-8 a)

§ 6.1.1 Fare- og støysoner

- a. Ved bygging innafor desse sonene skal det visast særleg aktsemd for faremomenta som sonene indikerer.
- b. Flaum: For plassering, dimensjonering eller sikring av bygningar gjeld TEK10 §7-2.
- c. Ved planlegging av området i Eiodalen og for "Ølen historiske sentrum" skal det utførast ein eigen ROS-analyse knytt til flaumfare i Eioelva.
- d. Skred: For plassering, dimensjonering eller sikring av bygningar og tilhøyrande uteareal gjeld TEK 10 § 7-3.
- e. Ved regulering av område som ligg innafor faresoner, skal det gjerast fagleg utgreiing og vurdering av risikoen. Om risikoen for skred blir vurdert å vera til stades, skal det gjerast ei eiga konsekvensutgreiing som og har med framlegg til tiltak.
- f. Ved utarbeiding av reguleringsplanar og i byggjesaker skal Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) leggjast til grunn.

Retningslinjer for omsynssone – fare

- For framgangsmåte for utgreiing vert det synt til NVE sine retningslinjer nr. 1/2008 "Planlegging og utbygging i fareområder langs vassdrag med vedlegget - Vurdering av områdestabilitet ved utbygging på kvikkleire og andre sensitive/kvikke jordarter med sprøbruddsegenskaper".
- Ved arealplanlegging eller byggjesak innanfor omsynssona for leirras, skal grunn-tilhøve og områdestabilitet dokumenterast i samsvar med NVE sine retningslinjer 2/2011, «Flaum- og skredfare i arealplaner».

§ 6.1.2 Sikringssone – drikkevatn med nedslagsfelt

- a. Det er ikkje tillate med tiltak og aktivitet som kan ureina vassforsyningssystemet, jf. drikkevassforskrifta.
- b. For drikkevasskjeldene med nedslagsfelt skal det utarbeidast reguleringsplanar.

§ 6.1.2 Storulykkeforskrifta

For bedrifter som er omfatta av Storulykkeforskrifta gjeld denne.

§ 6.2 Omsynssoner med heimel i PBL § 11-8 c)

§ 6.2.1 Retningslinjer for omsynssone for landbruk (kjerneområde landbruk), fisk/fiske og akvakultur:

- a. Ved tiltak innafor denne sona skal omsynet til landbruk, fisk/fiske og akvakultur stå i fokus. Dette gjeld ved praktisering av alt lovverk som kommunen forvaltar.
- b. Tiltak som forringar landbruksinteressene skal i utgangspunktet ikkje tillatast. Særleg skal ein søkja å unngå tiltak som splittar opp landbruksjord eller forringar driftsgrunnlaget på det enkelte bruket.
- c. Dersom det skal bli gitt løyve til tiltak, må det dokumenterast at fordelane er klart større enn ulempe.

§ 6.2.2 Retningslinjer for omsynssone for friluftsliv:

- a. Ved tiltak innafor denne sona skal omsynet til friluftsliv stå særskilt i fokus. Dette gjeld ved praktisering av alt lovverk som kommunen forvaltar.

- b. Tiltak som forringar friluftslivsinteressene skal i utgangspunktet ikkje tillatast.
- c. Dersom det skal bli gitt løyve til tiltak, må det dokumenterast at fordelane er klart større enn ulempene.
- d. Friluftsrådet skal, på same måte som naboar, alltid ha søknad om tiltak til uttale. Andre frilufsorganisasjonar med interesser i området (merka turstiar, hytter eller anna tilrettelegging), skal på same måte få saka til uttale før avgjerd blir teken.

§ 6.2.3 Retningslinjer for omsynssone for bevaring av kulturmiljø:

Her gjeld retningslinjer i Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.

§ 6.2.3.1 Ølen sentrum

- a. Eksisterande bygningar med bevaringsstatus skal ikkje rivast.
- b. Ved oppgradering til nye tekniske krav skal det takast vare på opphavleg karakter ved å vidareføra materialbruk og detaljering. Der det tidlegare er gjort tiltak som bryt med opphavleg karakter, skal dette tilbakeførast til opphavleg utsjånad. Det skal søkjast om byggjeløyve for alle tiltak i eksteriør. For innvendige tiltak står eigar friare til å gjera tiltak, innafor ramma av PBL.
- c. Ved tilbygg skal ein tilpassa seg karakteren i området ved form, dimensjonering og materialbruk. Om ein ynskjer tilbygg i kontrast med eksisterande, må søknaden sendast til kulturminnemyndigheitene for uttale.
- d. Om det oppstår skade på bygning av så stort omfang at bygg må rivast (f. eks. brann), kan ein velja å føra opp ein kopi (eksteriør) eller å gje nybygg ei friare form.

§ 6.2.3.2 "Ølen historiske sentrum"

- a. Det bør leggjast opp til ein fleksibel bruk av bygningar i "Ølen historiske sentrum", med høve for ei blanding av bustad, kontor, forretning, overnatting m.m. innafor same område og bygning. Verksemd som generere stor trafikkbelastning, skal lokalisert utanfor "Ølen historiske sentrum".
- b. Det må takast omsyn til området sin karakter når det gjeld formspråk, dimensjonering, material- og fargebruk. Ved all fortetting/nybygging skal søknad også handsamast av kulturminnemyndigheitene.
- c. Fortetting kan skje langs gate for å forsterka gatelaup, inne i "kvartala" og langs sjøfronten. Utbygging langs gatelaup skal byggjast som ei naturleg vidareføring av fasadeline i eksisterande gate. Ved utbygging langs sjøfront må ein ta vare på offentleg tilgjenge langs denne, og unngå privatisering. Det skal ikkje vera samanhengande utbygging, men opningar for kontakt mellom sjø og hovudgate. Sjøfront kan ha varierande bruk, med til dømes bustader, kontor, forretning, overnatting eller anna. Forretningsbygg skal venda seg også mot sjøsida.
- d. Ved bygging av større samanhengande volum, skal ein leggja vekt på oppbryting av volum med tanke på målestokk i "Ølen historiske sentrum". Ved søknad om riving skal det fortrinnsvis søkjast om byggjeløyve samstundes, dersom ikkje skal det leggjast ved ei utgreiing for mellombels bruk.
- e. Dei små hagane (forhagane) framfor husa må takast vare på, og skal nyttast vidare i planlegging ved fortetting og ny utbygging.

§ 6.2.4 Retningslinjer for omsynssone for bevaring av naturmiljø:

- a. Ved tiltak innafor denne sona skal omsynet til bevaring av naturmiljøet stå særskilt i fokus. Dette gjeld ved praktisering av alt lovverk som kommunen forvaltar.
- b. Tiltak som øydelegg naturmiljøet eller som forringar dette, skal i utgangspunktet ikkje tillatast.
- c. Dersom det skal bli gitt løyve til tiltak, må det dokumenterast at fordelane er klart større enn ulempene. Saksbehandling også etter naturmangfaldslova §§ 8-12.
- d. Ansvarleg for å ivareta natur og biologisk mangfald i kommunen skal, på same måte som naboar, alltid ha til uttale saker/søknadar om tiltak der naturmiljøet kan verte rørt. Dersom det er trong for å innhenta uttale frå andre myndigheiter, kan kommunen forlenga uttalefristen med inntil 4 veker.

Vikedalselva:

- a. Vikedalselva skal forvaltast i samsvar med Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag.
- b. VVV-rapport 2000-8, "Verdiar i Vikedalsvassdraget", skal leggjast til grunn ved vurdering av tiltak langs Vikedalsvassdraget.

§ 6.2.5 Retningslinjer for omsynssone rundt oppdrettsanlegg:

Innafor omsynssone rundt oppdrettsanlegg er det lov å ferdast og fiska når dette skjer i samsvar med gjeldande regelverk fastsett av fiskerimyndigheitene (avstand for fiske og ferdsel m.m.). Det skal takast omsyn til at det i dette området kan vera festeanordningar for oppdrettsanlegget.

§ 6.3 Omsynssoner med heimel i PBL § 11-8 d)

Omsynssone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningslova eller anna lovverk, eller område som er bandlagde

§ 6.3.1 Bandlagde område

Følgjande område er bandlagde etter anna lovverk:

Kulturminnelova

Automatisk freda kulturminne er viste i kartet som R (Rune-R). Desse har ei sikringssone på 5 m om ikkje anna sikringssone er fastsett. Dette gjeld og ei grindløe i Stokkadalen, gnr. 143, gnr. 1,2, som er erklært som automatisk freda fordi viktige konstruktive delar kan daterast til før 1649.

Alle område som er vist med R (Rune-R) skal reknast som omsynssone d), kode H730 – område som er bandlagde med heimel i kulturminnelova.

Mellomalderkyrkjegardar

Det er mellomalderkyrkjegardar i Vestbø (Sandeid), Smedsvik (Skjold), Sønnaå (Vikedal), Imsland, Vats, Vikebygd og Ølen. Desse er automatisk freda og er viste i kartet som omsynssone d), kode H730 og er bandlagde med heimel i kulturminnelova.

For desse gjeld følgjande føresegn:

- Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på det automatisk freda kulturminnet innafor omsynssona er ikkje tillate utan dispensasjon frå kulturminnelova. Unntak gjeld bruk av eksisterande graver som kontinuerleg har vore i bruk sidan mellomalderen.
- Gravstader som ikkje er i bruk pr. i dag og gravstadar der det ikkje har vore føretatt

gravlegging etter 1945 skal ikkje takast opp att til bruk.

- Gravminne som er eldre enn 60 år skal ikkje flyttast eller fjernast utan at kulturminne myndigheitene er gitt høve til å uttala seg.
- Ev. søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne eller tiltak som kan ha innverknad på kulturminnet skal sendast rette kulturminnemyndigheit i god tid før arbeidet er planlagt sett i gang. Kostnadar knytt til nødvendige arkeologiske undersøkingar skal kostast av tiltakshavar, jf. kulturminnelova § 10.

Naturmangfaldlova

- Landavatnet naturreservat
- Romsa naturreservat
- Ilholmane naturreservat
- Opsalholmen naturreservat

For desse områda gjeld eigne verneføresegner vedtekne ved kongeleg resolusjon.

Plan- og bygningslova

For kulturmiljø og bygningar som er vedtekne bevart gjennom reguleringsplanar gjeld føresegnene i dei respektive reguleringsplanane.

§ 6.4 Omsynssoner med heimel i PBL § 11-8 e)

Omsynssone med krav om felles planlegging for fleire eigedomar

- hytteområde - Giskavika
- hytteområde – Skipavåg, Fatosten
- hytteområde - Haraldsøyna
- Ølen historiske sentrum

§ 6.5 Omsynssoner med heimel i PBL § 11-8 f)

Omsynssone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelda

- a. I denne sona skal reguleringsplan med kart og føresegner vedteken i kommunestyret framleis gjelda.
- b. Omsynssone sikrings-, fare- og støysoner PBL § 11-8 a), naturmiljø for Vikedalselva, PBL § 11-8 c) og bandlagde område kulturminne gjeld i desse områda.

§ 7. Kommunedelplan for E134 Fikse - Solheim

For kommunedelplanen for E134 Fikse – Solheim gjeld føresegner daterte 30.06.2015 (siste revisjon).

Vedtatt i kommunestyret 20.06. 2017